

# Biologisk mangfald i Stranda kommune



Mnemosynesommerfugl

Foto: Dag Holtan

## Kartleggingsrapport 2000

Dag Holtan  
Karl Johan Grimstad

# Innhald

<b>Innhald.....</b>	<b>1</b>
<b>Ordliste .....</b>	<b>5</b>
<b>Føreord frå kommunen .....</b>	<b>6</b>
<b>Forfattarane sitt føreord.....</b>	<b>7</b>
<b>1 Samandrag .....</b>	<b>8</b>
1.1 Bakgrunn og føremål .....	8
1.2 Metodar .....	8
1.2.1 Verdsetting .....	9
1.2.2 Skjøtsel, forvalting og tilrådingar .....	9
1.2.3 Raudlisteartar, signalartar og norske ansvarsartar .....	10
1.2.4 Resultat .....	10
Tabell 01: Naturtypar som vart kartlagt i Stranda i 2000 .....	11
Tabell 02: Alfabetisk oversyn over kartlagde område .....	11
<b>2 Innleiing.....</b>	<b>14</b>
2.1 Naturgrunnlaget i Stranda.....	14
2.2 Tidlegare kartlegging i Stranda, litteraturtilfang .....	15
2.3 Omfanget av kartlegginga.....	16
<b>3 Resultat .....</b>	<b>17</b>
3.1 Generelt om dei kartlagde naturtypane.....	17
3.1.1 Intakt låglandsmyr og rikmyr .....	17
3.1.2 Rasmark, berg og kantkratt .....	17
3.1.3 Kalkrike fjellområde .....	17
3.1.4 Kulturlandskap.....	17
3.1.5 Ferskvatn/våtmark .....	18
3.1.6 Lauvskog .....	18
3.1.7 Rik edellauvskog .....	19
3.1.8 Bjørkeskog med høgstaumar .....	19
3.1.9 Gråor-heggeskog .....	19
3.1.10 Gammal lauvskog .....	20
3.1.11 Gammal (fure)skog og (kyst)fureskog .....	20
3.1.12 Øydinga av skogen.....	21
3.1.13 Tillegg: Olivin- og serpentinberg .....	21
<b>4 Signalartar, ansvarsartar og raudlisteartar i Stranda.....</b>	<b>22</b>
4.1 Signalartar .....	22
Tabell 03: Framlegg til signalartar i ulike naturtypar i Stranda .....	23
4.2 Kommentarar til nokre av signalartane .....	25
4.2.1 Vedbuande sopp .....	25
4.2.2 Lav .....	26
4.2.3 Karplantar .....	26
4.2.4 Fugl .....	26
4.3 Raudlisteartar og norske ansvarsartar i Stranda .....	27
Tabell 04: Kjende funn av raudlisteartar i Stranda.....	27
Tabell 05: Nokre av raudlisteartane i ein internasjonal samanheng.....	31
4.4 Kommentarar til nokre av artane .....	33
4.4.1 Sopp .....	33
4.4.2 Lav .....	34
4.4.3 Mosar .....	34
4.4.4 Karplantar .....	34
4.4.5 Insekt .....	35
4.4.6 Hekkefuglar .....	35

<b>5 Skildring av avgrensa område.....</b>	<b>37</b>
<b>5.1 Skog .....</b>	<b>37</b>
Tabell 06: Oversyn over kartlagde skogsområde .....	37
01 Ansok.....	38
02 Bringa (aust for elva) .....	39
03 Bringa (vest for elva) .....	40
04 Frøysa.....	41
05 Grande.....	41
06 Gravavika-Urdaneset .....	42
07 Hellesylt-Karbøen .....	43
08 Horvadraget-Knivsflælvane (Dei sju systrene).....	44
09 Hysket.....	45
10 Langflåa .....	46
11 Lauvikane-Ovrå .....	46
12 Liene (Uksagliene) .....	48
13 Ljøvikka-Hammaren .....	49
14 Nakkane-Øygardsnakken .....	50
15 Nedre Ljøen .....	51
16 Stavseng (aust) .....	52
17 Stavseng (vest).....	53
18 Tindbjørgane-Åkerneset.....	54
<b>5.2 Sørberg, kantkratt og rasmrk .....</b>	<b>55</b>
Tabell 07: Oversyn over kartlagde rasmarker .....	55
19 Djupdalen .....	55
20 Fivelstad .....	55
21 Holedalen .....	56
22 Holedalsvatnet.....	56
23 Horvadraget - Megardspllassen .....	57
24 Løsta og Vesteråsfonna .....	57
25 Sunnylvsomskreddalen .....	57
26 Vinsåsskredene .....	58
<b>5.3 Kulturlandskap .....</b>	<b>59</b>
Tabell 08: Grasmarkssoppar funne i beitemark i Stranda .....	60
Tabell 09: Natureng- og seterplantar funne i beitemark i Stranda.....	61
Tabell 10: Lokalitetar i kulturlandskapet med plante- og soppdata .....	62
Tabell 11: Oversyn over kartlagde område i kulturlandskapet .....	63
27 Ansok.....	64
28 Bergesætra .....	65
29 Bjørdalssætra (og Holedalssætra) .....	65
30 Bygdastølen.....	66
31 Dregesætra.....	66
32 Espehjelle (Skotungane) .....	66
33 Framfjørstadsætra .....	67
34 Fursetsætra .....	67
35 Geiranger: Gjørva (aust) og Gjørva (vest) .....	67
36 Geiranger: Humlungasætra .....	68
37 Geiranger: Sentrum .....	68
38 Geiranger: Skageflåa .....	68
39 Habostadsætra .....	69
40 Haugset .....	69
41 Herdalen .....	69
42 Humlemyra .....	70
43 Instesætra .....	70
44 Kjellstad .....	70
45 Kleberget .....	70

46 Kvanndalssætra .....	71
47 Langlofonna .....	71
48 Langloreiten .....	73
49 Liasætra .....	73
50 Litlegjerdet (Hellesylt5 Bygdetun) .....	73
51 Litlesætra .....	74
52 Ljøsætra .....	74
53 Mesætra .....	74
54 Myklebustsætra .....	74
55 Norangsdalen: rasmork .....	75
56 Rindalsstølen .....	75
57 Ringstadsætra: Lånastølen og Øygardsstølen .....	75
58 Storsætra .....	76
59 Sunnylvsmolskreddalen .....	76
60 Svefonna .....	76
61 Uksagsætra .....	77
62 Uksviksætra .....	77
63 Vassetsætra .....	77
64 Vinsåssætra .....	79
<b>5.4 Fjellområde .....</b>	<b>80</b>
Tabell 12: Oversyn over kartlagde fjellområde .....	80
65 Djupdalen - Dalsnibba .....	80
66 Djupvatnet .....	81
67 Geitfjellet .....	81
68 Grinddalen .....	81
69 Gråsteindalen .....	82
70 Helldalsegg .....	82
71 Kolbeinsdalen .....	82
72 Liahornet-Nyken .....	82
73 Middagsnibba .....	83
74 Ringsetkloven .....	83
75 Rundegga .....	83
76 Stavbrekka .....	84
77 Vesteråsdalen .....	84
<b>5.5 Våtmark og myr .....</b>	<b>85</b>
Tabell 13: Oversyn over kartlagde våtmarks- og myrområde .....	85
78 Fausalia .....	85
79 Fivelstadmyrane .....	86
80 Gråsteinmyra .....	86
81 Korsbrekkosen .....	86
82 Nibbedalen .....	87
83 Røyrhusdalen .....	87
84 Strandadalen .....	87
85 Tronstadmyrane .....	88
<b>6 Skjøtsel eller omsyn? .....</b>	<b>89</b>
6.1 Omsyn .....	89
6.2 Framlegg til fleirbruksomsyn i ulike miljø Stranda .....	90
<b>7 Litteratur og skriftlege kjelder .....</b>	<b>91</b>
7.1 Munnlege kjelder .....	102
<b>8 Vedlegg .....</b>	<b>103</b>
1: Artsoversyn i dei avgrensa områda .....	103
2: Artsoversyn over områda i kulturlandskapet; sopp .....	124

# Ordliste

- **Baserik:** Her er meint grunn som er rik på mineralnæring med ein pH frå knapt 6 og oppover (jord som vantar fosfor kan òg ha ein del karplantar som til vanleg veks på baserik grunn).
- **Boreal:** Som er nordleg. Dette er eit av omgrepene som vert nytta ved inndelinga av landet i ulike hovudtypar vegetasjonssoner. Sona kallast ofte for barskogsona. I Stranda kan ei rekne t.d. fjellbjørkeskogene til denne. I fjellet er det dei alpine sonene som dominerer, på varme stader i låglandet den boreonemorale (sjå under).
- **Boreonemoral:** Denne sona dannar overgangen mellom dei nordlege og dei sørlege (nemorale) vegetasjonssonene. Ho vert òg kalla for edellauvskogsona. I Stranda finst ho i hovudsak langsetter dei soleksponerte fjordliene.
- **Gradient:** Miljøskilnader på ei bestemt strekning, til dømes etter aust/vest -*gradienten* i eit landskap (eller ytre/indre) eller høgre- og lægreiggjande osb.
- **Gadd:** Ståande daude tre som er høgre enn 6m.
- **Høgstubbe:** Avbrogne tre som er høgre enn 6m.
- **Læger:** (ein låg, fleire læger): Liggjande daude tre.
- **Naturskog:** Fleiraldra skog som har kome opp på eiga hand ved naturleg forynging av dei treslagene som finst på staden. I omgrepet er det teke høgd for menneskelege inngrep som ikkje har forstyrra skogøkologien i nemnande grad.
- **Nøkkelement:** Nøkkelement er slikt som gamle, grove tre (daude og levande), holtre, det kan vere bergveggar, grove steinblokker, kjelder og bekkefar osb. Til felles har dei at dei i mange tilfelle kan vere levestaden for artar som er sjeldsynte, eller er avhengige av særskilde miljø på veksestaden o.a.
- **Overgangsseksjon:** Omgrepet peiker på ein vegetasjonsseksjon der plantelivet har innslag av artar med ei austleg utbreiing, likevel med eit svakt innslag av dei vestlege artane. I Stranda finst slike område frå Geiranger og litt sør austover. Mot nordvest dominerer den oseaniske (kystrære) seksjonen. Også fjellområda i Stranda reknast som svakt oseaniske.
- **pH:** Mål for surleiken i jorda. pH 7 reknast som nøytralt, ved høgre verdi har ein basisk grunn og ved lægre sur. Sjå elles ovafor om baserik grunn. "Nøytralt" vatn i naturen har til vanleg ein pH på 5.5-5.7.
- **Raudliste:** Artane som står på raudlista er på ein eller annan måte truga (sjå kapittel 4).
- **Relikt:** Plante- eller dyreart som tidlegare truleg har hatt ei vidare utbreiing enn i dag. Dei er til vanleg gått ut på grunn av klima- eller miljøendringar, men kan finnast på avgrensa område med gode levevilkår. I Stranda er det fleire døme på slike artar.
- **Restaureringsbiotop:** Dette er eit omgrep som vert nytta i tydinga å fange opp dei naturtypane som naturleg burde finnast i landskapet, men som på ulike vis kan vere anten gått ut, oppstykkja eller påverka av negative inngrep. Omgrepet er nytta i skildringa av einbølte område.
- **Rikbork:** Edellauvtre som alm og ask og boreale lauvtre som osp m.fl. har høgre pH i borken enn andre tre som t.d. bjørk og fure. Generelt vil dei då ha levevilkår for fleire artar enn dei trea som har medelsrik eller fattigare bork.
- **Sjikt:** Dette delast opp i botnsjikt (mosar og lav), feltsjikt (karplantane), busksjikt (småbuskar o.a.), tresjikt og kronesjikt (trekronene).
- **Signalartar:** Artar som nyttast til å kjenne att natur med høg verdi (sjå kapittel 4).

## Føreord frå kommunen

Oppdraget for kartlegging av biologisk mangfald vart vedteke i formannskapet i 2000 med eit kommunalt bidrag på kr. 70.000,-.

Ved kartlegging av biologisk mangfald såg kommunen det som ein parallel oppgåve å forankre prosessen hjå skular, lag og foreiningar, grunneigarar og andre interesser. Lista vart lagt noko høgt i høve til den tida som var til råde, og det vart dessverre lita eller inga tid til meir orientering og vidare oppfølging til dei som fekk brevet om oppstart.

Lokale media som Radio Storfjord og Sunnmøringen dekka prosessen på ein særskild god måte med det resultat at fleire av kommunen sine innbyggjarar konktakta kommunen med viktig og ny informasjon. Denne informasjonen blei umiddelbart formidla vidare til kartleggarane. Det lokale engasjementet medverka til at kartleggingsarbeidet vart meir utfordrande og interresant.

Rapporten om biologisk mangfald i kommunen er no ein realitet og er i tråd med Stortingsmelding nr. 58 (1996-97). Verdfull informasjon har blitt dokumentert og ny kunnskap har kome kommunen og innbyggjarane til gode. Fagkunnige folk har også tidlegare dokumentert noko av det mangfaldet kommunen har med mange interessante observasjonar og funn. Mykje av denne dokumentasjonen er integrert i rapporten. Det finst likevel andre rapportar som er eit supplement og syner andre kartleggingsobjekt, t.d. flaggermus. fossekall, m.m.

Informasjonen og kunnskapen kring det biologiske mangfaldet er ein grunnleggjande føresetnad for å ta i vare det arealet vi skal forvalte. Kart og registreringar over kommunen sine mest verdifulle områder for biologisk mangfald vil vere eit viktig bidrag for å gjennomføre ein meir presis og framtidsretta arealplanlegging i kommunen. Kartleggingsmaterialet vil såleis vere eit verktøy for framtidig planlegging der rapporten kan nyttast som underlag for planlegging og forvaltning av areal og naturbaserte ressursar og bidra til ein større forutsigbarhet for bl.a. utbyggingsinteresser. Kartleggingsmateriale vil og vere av interesse for undervisning i skular og barnehagar, for grunneigarar ved t.d. driftsplana og t.d. for marknadsføring av kommunen.

Kartlegging av biologisk mangfald er ein kontinuerleg prosess og er ikkje ferdigstilt med denne rapporten. Det biologisk mangfald endrar seg over tid avhengig av bl.a. arealbruk, skjøtsel og vedlikehald, forureining, m.m. Det er difor viktig at kommunen som forvaltningsorgan ser nytten av rapporten og grip fatt i dei utfordringar og problemstillingar som er knytt til forvaltning av areal. Spørsmålet om kva vi vil ta vare på og korleis vi skal gjere det bør kome fram i framtidige planleggingsprosessar. Ansvaret for å ta i vare dei kvalitetane som er i kommunen ligg hjå alle.

Stranda, november 2001

Kjell Hansen  
Miljøvernleiar

## **Forfattarane sitt føreord**

Etter oppdrag frå Stranda kommune har forfattarane sett på ulike sider ved livsmangfaldet i kommunen, og i denne rapporten er det freista å summere opp resultata.

Oppgåva har vore krevjande, men òg gjevande, og det er grunn til å trekke fram at vi undervegs møtte berre positive fjes og hjelpsame hender i alle grendene. Ingen av alle dei vi kom i kontakt med har vore negative i høve til å hjelpe til med opplysingar.

Mange personar som er busette i kommunen har vore til hjelp i samband med opplysingar om lokale tilhøve. Ei særleg takk må såleis rettast til Perry Jarle Ansok, Solveig Espe, Jon Furset, Magnar Furset, Reidar Furset, Rolf Furset, Per I. Karbø, Geir Kjølen, Arne Korsbrekke, Petter Korsedal, Heide og Svein Kvaløy, Arne Ringdal og Lars Solli. I tillegg kjem alle dei som hjelpte oss, men som vi ikkje fekk namnet på.

Dokumentasjon i form av innsamla materiale (kollekt) vart sendt til Botanisk Hage og Museum i Oslo (herbaria på Tøyen) og Botanisk Institutt ved Universitetet i Bergen for sikker artsbestemming eller kontroll. Jan Wesenberg (Norsk Botanisk Forening) har vore ”sorteringssentral” og kontrollert mange av karplantane før dei vart vidareformidla. Materialet vil såleis vere tilgjengeleg i dei offentlege herbaria på staden (karplantar, sopp og lav) etter kvart som kontrollarbeidet vert gjort.

Dei mange insekta som vart samla, er sendt til Zoologisk Institutt ved Universitetet i Bergen. Her vil Lita Greve Jensen etterkvart sjå på den biten, medan mnemosyne-sommarfuglane vart sendt til Vitskapsmuseet sine samlingar i Trondheim.

Geir Gaarder, Tingvoll, og Even Høgholen, Løten, har elles hjelpt til med artsbestemming av sopp frå Lauvvikane. John Bjarne Jordal, Øksendal, har bestemt mest alle beitemarkssoppane. Det er også på sin plass å nemne Finn Oldervik (Aure) sin store innsats i høve til kartlegging i kulturlandskapet. Han nytta røynleg store delar av hausten 1999 til å samle beitemarkssopp, og er ansvarleg for mestedelen av funna av sjeldsynte soppar i denne naturtypen.

Elles har både Magnar Furset, Geir Gaarder, John Bjarne Jordal, Kjell Hansen og Finn Oldervik lese gjennom manuskriptet og kome med verdifulle kommentarar.

Alle skal ha hjarteleg takk for hjelpa.

Ålesund/Brandal januar 2001

Dag Holtan

Karl Johan Grimstad

# 1 Samandrag

## 1.1 Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for kartlegginga er kommunen sjølv sitt ønske om å få eit brukande oversyn over naturverdiane. Bakgrunnen frå sentralt hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97). Denne vart vedteke i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Heile arbeidet skal vere ferdig innan 2004.

Direktoratet for Naturforvalting (DN) kom i 1999 med ei handbok (DN; 1999-13) som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført. Staten gjennom Fylkesmannen har elles gitt tilskot til kartlegginga med kr. 50.000,-. Dei har samstundes tilrettelagt arbeidet ved finansiering av ein litteraturbase og regionale faktaark.

Hovudføremålet med arbeidet i Stranda er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av dei påviste biologiske verdiane i dei ulike naturtypane. Eit anna mål er å gje eit så godt oversyn som råd er over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøkte områda. Eit generelt føremål med naturfagleg kartlegging er elles å verne om naturen, og ein får vone at dette arbeidet vert eit viktig dokument i den langsigtige arealplanlegginga i kommunen.

## 1.2 Metodar

Grunnlaget for systematisk kartlegging var kartverk i målestokk 1:20.000 motteke frå kommunen.

I tillegg finst ein mengde litteratur som tek for seg dei ulike sidene ved naturen eller bruken av naturen i Stranda kommune. Denne har vore flittig nytta og dei viktigaste arbeida er handsama i eige kapittel (2.2). Fastbuande informantar, somme med framifrå kunnskapar om tilhøva lokalt, var også svært nyttige og røynde ein av berebjelkane i delar av prosjektet.

Mange av dei omtalte områda nemnast som *nøkkeliotopar*, dvs. *område som er viktige for livsmangfaldet då dei inneholder naturtypar, nøkkellement eller artar som er sjeldsynte i landskapet* (sjå t.d. Gaarder m.fl. 1997 eller Haugset m.fl. 1996). Det er desse som har fått høgst verdi i høve til verdsettinga. *Signalartar* (sjå kapittel 4) er dei artane som ber bod om natur med høg verdi. Dei er gjerne knytte til særskilde miljø, t.d. naturbeitemark, edellauvskog, fureskog, gamle tre, læger, bergveggar, kalkområde eller rike myrar osb.

Feltarbeidet i 2000 starta allereie 5. mai, og strekte seg i fleire bolkar heilt fram til slutten av september, i alt meir enn 60 feltdøger. I tillegg har forfattarane vore på fleire private turar i kommunen i åra 1996-1999. Resultata frå desse turane er fletta inn i resultata. Elles er det lagt vekt på standardiserte skildringar av einskildområda. Teksten er med vitande gjort svært enkel og kortfatta. Vi har freista å unngå framord og latinske namn så langt som råd i sjølve teksten, medan alle artsoversyn i tabellar naturleg nok inneheld ein del latin.

I tillegg til DN si handbok må det nemnast det finst ei eiga ”handbok” for kartlegging av naturtypane i Møre og Romsdal (Gaarder m.fl. 2001). Vi heldt oss stort sett til desse. Stikkord i denne samanhengen er kartlegging og verdsetting av naturtypar. For å få eit godt grunnlag for verdsettinga vart det difor lagt vinn på å skaffe oversyn over artsinventaret i dei einskilde områda. Karplantar, sopp, lav, insekt, fuglar og pattedyr osb. vart lista opp så langt som råd. Artslistene vil likevel i dei fleste tilfella ikkje vere fullstendige. Også storleik, grad av inngrep og ei vurdering av utbreiinga til naturtypane lokalt og regionalt er viktig å vurdere i høve til avgrensing og eventuell verdsetting av einskildområde.

Med hjelp av kart, kikkert og ”apostlanes hestar” vart alle skogsområda systematisk oppsøkte (med båt i fjorden). Mange av rasmarkene med vegetasjon (med vekt på dei som er soleksponerte i tillegg til rike nordheng), dei viktigaste fjell-, fjord- og myrområda, og kulturlandskapet, vart også vitja. Nokre ”nye” rovfuglområde vart undersøkte, og det gav gode resultat. Med ei flate på drygt 840 rutekilometer å halde

styr på, seier det seg sjølv at ein må prioritere det som kan vere mogleg interessant eller verdifullt. Her nytta vi DN-handboka kynisk til å sortere ut område som ikkje skal prioriterast i høve til prosjekta i kommunane i denne omgangen. I einskildområda noterte vi altså karplantar, sopp, lav, insekt (vi nytta m.a. insektfeller), krypdyr, amfibium, fuglar og pattedyr. Vi noterte også slikt som skogstruktur, førekomst av gadd, læger eller andre ting som kan vere viktige for førekomst av einskildartar. Dei områda som vart vurdert som viktige eller svært viktige, vart avgrensa på karta. Grunna grovleiken på karta er avgrensingane noko grove. Namna på dei avgrensa områda følgjer i hovudsak dei namna som er på M-711-karta (det som ålmenta forstår med turkart), sjølv om vi kjenner til at desse ikkje alltid er dei same som vert nytta lokalt.

I tillegg til førekomensten av signalartar og raudlisteartar (kapittel 4 her) vart føringane i DN-handboka (kapittel 6) ei viktig rettesnor ved avgrensning av viktige område.

Det meste av materialet vart artsbestemt der og då. Ein del artar er anten såpass interessante eller vanskelege å bestemme at dei vart sendt til dei offentlege herbaria for kontroll (kven som har sett på materialet går fram i føreordet). Kart med avgrensingar vart elles levert Stranda kommune.

Namnsettinga følgjer det som reknast som god latin i Noreg; dvs. Lid & Lid (1994) for karplantar; Krog m.fl. (1994) for lav og Soppnamnkomiteen av 1992 (Gulden 1996) for sopp. Inndeling av vegetasjonstypar er etter Fremstad (1997), medan inndelinga av nøkkelbiotopane i hovudsak følgjer Gaarder m.fl. (1997), Haugset m.fl. (1996) eller DN-handboka sitt system. Vegetasjonssoner og -seksjonar er etter Moen (1998). Når det gjeld krav om at ein naturtype skal vere sjeldsynt i høve til avgrensing som nøkkelbiotop, er det sett litt bort frå dette når det gjeld olivin-/serpentinområde (berre eitt småområde i låglandet i Stranda), i nokon grad også for edellauvskog. Dette er det høve til etter retringslinene i DN-handboka (her heiter det m.a. at all edellauvskog nord for Sogn er svært viktig).

Mange område vart elles uteletne i høve til avgrensing og prioritering. Dei viktigaste av desse har fått eigne omtalar lengre bak i rapporten då det ikkje er slik at dei er heilt utan verd. Også område som er kartlagde av andre er i hovudsak omtala, mest i tabellform eller berre som korte skildringar.

## 1.2.1 Verdsetting

Verdsettinga følgjer DN-handboka (s. 6-1 og utetter), og dei beste områda har fått nemninga **A<sub>1</sub>**, svært viktig, medan gode område fekk nemninga **B<sub>1</sub>**, viktig. For begge kodane gjeld det at ein må take omsyn i høve til arealbruken i dei aktuelle områda, og ein får berre oppmøde kommunen om å setje seg inn i handboka og gjere ho til ein reiskap i det daglege planarbeidet. For dei fleste områda har vi sett verdien til lokal (C). Det tyder ikkje at dei er utan biologiske verdiar, men at dei ikkje når heilt opp på det nivået som krevjast for å take spesielle omsyn i høve til skjøtsel eller forvalting. Verdsettinga i kulturlandskapet følgjer stort sett det systemet som Jordal og Gaarder har utarbeidd (og nytta seg av i ei årrekke i samband med kartlegginga over heile fylket), ikkje DN-handboka. Den verdsettinga vi kom fram til i høve til einskildområda er likevel berre ei fagleg tilråding.

Generelt er det slik at dei avgrensa områda enten bør vere store eller velutvikla, ha liten grad av tekniske inngrep, førekomst av raudlisteartar, bere preg av kontinuitet eller vere utformingar som er sjeldsynte i ein regional eller nasjonal samanheng.

## 1.2.2 Skjøtsel, forvalting og tilrådingar

Skjøtsel og omsyn i forvaltinga av nøkkelbiotopane er i røynda to omgrep med motsett tyding. Medan skjøtsel vil seie inngrep for bevaring av dei biologiske verdiene, meiner ein med omsyn å sjå på kva typar inngrep desse verdiene er sårbare for eller truga av (sjå kapittel 6).

I områdeskildringane (kapittel 5) er det stort sett gjeve tilrådingar om framtidig skjøtsel eller liknande for dei einskilde kartlagde lokalitetane. Hovudmål vil ofte vere slikt som å unngå treslagsskifte til næltre, unngå nedbygging (tekniske inngrep) og take vare på mangfaldet. Ut frå kva naturtype det er tale om må det leggjast opp til ulike strategiar.

### **1.2.3 Raudlisteartar, signalartar og norske ansvarsartar**

Mange norske artar er på ein eller annan måte truga av menneskeleg verksemd. Dersom trugsmåla vurderast som sterke nok, står dei oppførde i den såkalla raudlista (DN 1999-3). Dei ulike kategoriane er; **Ex** (utrydda); **E** (direkte truga); **V** (sårbar); **DC** (omsynskrevjande) og **DM** (overvakingsart). Andre artar har hovudutbreiinga si i Noreg, eller ein stor del av verdsførekomensten. Somme av desse reknast som norske ansvarsartar.

Signalartar er artar som nyttast som ei hjelp til å kjenne att skog med høge naturverdiar, men også andre naturtypar (beitemark, myr eller vatn osb.) har gode signalartar som kan vere til hjelp ved avgrensing av nøkkelbiotopar eller viktige naturtypar.

I *tabell 3* er det framlegg til signalartar for ulike naturtypar, medan *tabell 4* listar opp raudlisteartar og ansvarsartar som er funne i Stranda. Desse tabellane finst i kapittel 4.

### **1.2.4 Resultat**

Stranda kommune har ein svært variert natur, med grove, dramatiske landskapsformer i eit dal-, fjord- og fjellandskap med ein svakt oseanisk påverknad. I dei solvende fjordliene veks for det meste edellauvskog eller fureskog, medan områda på avsolsidene ofte har ulike typar oreskog eller bjørk. Det finst ikkje pålitande oppgåver over det produktive skogarealet i kommunen, men grovt reknast flata økonomisk drivverdig skog til om lag 55.000daa, eller drygt 6.5% av flatevidda i kommunen (produktiv flate er 100.000daa). Mestedelen er lauvskog (helst ulike typar bjørk- eller oreskog), medan t.d. berre 13.750daa er økonomisk drivverdig fureskog (22% av tilvoksteren i kubikk er fure, medan arealet for fure er 25% av den økonomisk drivverdige skogen. Gran, med 8.250daa, står aleine for 53% av tilvoksteren etter kva skogbruksjefen kan opplyse om skogtaksten i 1994).

Om lag 100 område i dei ulike naturtypane vart kartlagde i 2000 (med artsinventar), av dei er 85 skildra og verdsette i denne rapporten. Også dei områda som andre har kartlagt tidlegare er stort sett omtala, undersøkte på nytt og verdiklassifisert i den grad det har vore mogleg. Legg merke til at det i områdeskildringane også er teke med dei datoane vi har funne for tidlegare undersøkingar. Opplysningane frå desse er altså fletta i hop med våre undersøkingar, også artslistene er slått saman. Resultatdelen er bygd opp av kapitla 3, 4 og 5 i tillegg til artsvedlegga heilt bak i arbeidet (kapittel 8).

Nokre av områda viste seg å ha svært høge naturverdiar. Desse må prioriterast høgt i det vidare arbeidet i den kommunale arealplanlegginga. Ein bør også legge vinn på å utnytte nokre av lokalitetane i undervisningssamanheng, til forsking eller i marknadsføringa av Stranda som turistmål osb.

Det er elles viktig å vere merksam på at dei kartlagde naturtypane etter DN-handboka reknast som sårbare eller truga.

**Tabell 1** nedafor gjev eit oversyn over dei kartlagde naturtypane, medan **tabell 2** gjev oversyn over alle kartlagde område frå 2000-undersøkingane. Desse er skildra nærmare i kapittel 5.

**Tabell 01: Naturtypar som vart kartlagt i Stranda i 2000**

Hovudnaturtype	Naturtype	Kommentar
Berg/rasmark	Sørvestende berg og rasmarker	Større, lyseksponeerte utformingar
Ferskvatn/våtmark	Bekkekløfter	Identifiserast på topografi
Ferskvatn/våtmark	Fossesprøytsoner	Berre store, stabile fossar er aktuelle
Fjell	Kalkrike fjellområde	Fjellområde med høg pH og spesielle artar
Kulturlandskap	Hagemarkskog	Godt beita skog, ofte med stivde tre
Kulturlandskap	Naturbeitemark	Artsrike beitemarker med lang hevd, helst ugjødsela
Kulturlandskap	Slåtteeng	Artsrike slåtteeng med lang hevd, helst ugjødsela
Myr	Rikmyr	Baserik myr (høg pH) med nokre spesielle artar
Myr	Intakt låglandsmyr	Myr som er lite påverka av fysiske inngrep
Skog	Bjørkeskog med høgstaubar	I Stranda utformingar med solblom
Skog	Gammal lauvskog	Gamle ospesuksesjonar
Skog	Kalkskog	Identifiserast på planteflora og soppflora
Skog	Rik edellauvskog	Edellauvskog med alm, hassel eller svartor m.fl.
Skog	Kystfuruskog	Furuskog med høgt innslag av oseaniske artar

I tabell 1 har vi heldt oss strengt til dei *hovudnaturtypane* DN-handboka opererer med. Når det gjeld utformingar av dei einskilde typane viser vi til omtalen av einskildområda i resultatdelen i *kapittel 5*. Meir generelt om variasjonen i dei kartlagde naturtypane er med i resultatdelen *kapittel 3*.

**Tabell 02: Alfabetisk oversyn over kartlagde område<sup>1</sup>**

Områdenamn	Verdi <sup>2</sup>	Stikkord
Ansok (kalkskog)	B <sub>1</sub>	Tørr lågurtfureskog med nokre kalkrevjande artar
Ansok (slåtteeng)	A <sub>1</sub>	Svært artsrik slåtteeng, men må hevdast for å halde kvaliteten
Bergesætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Bjørdalssætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Bringa (aust for elva)	A <sub>1</sub>	Rik edellauvskog, rasmark mv. med sjeldsynte og R-artar <sup>3</sup>
Bringa (vest for elva)	A <sub>1</sub>	Rik edellauvskog, rasmark mv. med sjeldsynte og R-artar
Bygdastølen	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Djupdalen (rasmark)	C	Sørvestnd, artsrik rasmark i fjellet
Djupdalen-Dalsnibba	B <sub>1</sub>	Kalkrikt fjellområde med nokre sjeldsynte artar
Djupvatnet	C	Kalkrikt fjellområde med einskilde sjeldsynte artar
Dregesætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Espehjelle (Skotungane)	A <sub>1</sub>	Godt hevda slåtteeng med mange R-artar
Fausalia	A <sub>1</sub>	Rikmyr, bjørkeskog med høgstaubar, ein del sjeldsynte artar
Fivelstad (rasmark)	C	Artsrik rasmark med nokre sjeldsynte eller sparsame artar
Fivelstadmyrane	C	Fattig, men mest intakt myrområde, hekkeplass for vadefuglar
Framfjørstadsætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark

<sup>1</sup> Område som er kartlagde av andre er også tekne med i denne tabellen. For eit fullstendig oversyn over desse, sjå dei ulike tabellane og omtalane lengre bak i rapporten (*kapittel 5*).

<sup>2</sup> Verdien er (nasjonal) A<sub>1</sub>, svært viktig eller (regional) B<sub>1</sub>, viktig. For nokre område er det sett spørsmålsteikn. Det tyder at det kan drøftast kva verdi som er rett å velje. Nokre har berre liten biologisk verdi, men er likevel med i oversynet. Ein får merke seg at dette berre er naturfaglege framlegg til verdsetjing.

<sup>3</sup> Raudlisteartar, sjå *kapittel 4.2* om desse.

Frøysa	B <sub>1</sub>	Rik edellauvskog nær høgdegrensa for god utforming
Fursetsætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Geiranger ”sentrum”	C	Lokalt interessant naturbeitemark med krattskog
Geiranger: Gjørva	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Geiranger: Grande	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Geiranger: Humlung	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Geiranger: Humlungsætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Geitfjellet	C	Kalkrikt fjellområde med nokre sjeldsynte artar
Grande	A <sub>1</sub>	Rik edellauvskog, kantkratt og rasmrk, artsrikt område
Grinddalen	B	Kalkrikt fjellområde med nokre sjeldsynte artar
Gravavika-Urdaneset	A <sub>1</sub>	Rik edellauvskog og kalkskog, mange R-artar
Gråsteindalen	C	Kalkrikt fjellområde med nokre sjeldsynte artar
Gråsteinmyra	C	Intakt låglandsmyr, truleg viktig for vadefugl
Habostadsætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Haugset	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Helldalsegga	C	Kalkrikt fjellområde, tidlegare undersøkt av Skogen (1971)
Litlegjerdet (Hellesylt bygdetun)	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Hellesylt-Karbøen	B <sub>1</sub>	Kystfureskog med R-artar, noko oppsplitta
Herdalen	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Holedalen	A <sub>1</sub>	Sør vendt rasmrk med nokre sjeldsynte og R-artar
Holedalsvatnet	A <sub>1</sub>	Sør vendt rasmrk med nokre sjeldsynte artar
Horvadraget-Megardsplassen	A <sub>1</sub>	Sør vendt rasmrk med m.a. R-artar
Horvadraget-Knivsflælvane	A <sub>1</sub>	Rik edellauvskog og rasmrk, artsrikt område
Humlemyra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Hysket	A <sub>1</sub>	Rik edellauvskog i svært god utforming
Instesætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Kjellstad	B <sub>1</sub>	Naturbeitemark i attgroing, men med kvitkurle (raudlisteart)
Kleberget	B <sub>1</sub>	Artsrik slåtteeng som ikkje har vore gjødsla, må skjøttast vidare
Kolbeinsdalen	C	Rikt fjellområde, tidlegare undersøkt av Skogen (1971)
Kvanndalssætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Langflåa	B <sub>1</sub>	Homogen skog av hengjebjørk, vestgrense for åkermåne
Langlofonna	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Langloreiten	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Lauvvikane-Ovrå	A <sub>1</sub>	Kalkskog, gammal lauvskog, mange R-artar
Liahornet-Nyken	B <sub>1</sub>	Rikmyr i fjellet med R-artar, nær vestgrensa for nokre fjellartar
Liasætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Liene (Uksagliene)	A <sub>1</sub>	Kystfureskog, innslag av olivin, R-artar og sjeldsynte artar
Litlesætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Ljøsætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Ljøvika-Hammaren	A <sub>1</sub>	Hagemarks kog, gammal lauvskog lauvskog med sjeldsynte artar
Løsta-Vesteråsfjellet	A <sub>1</sub>	Sør vendt rasmrk med m.a. R-artar
Mesætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Middagsnibba	B <sub>1</sub>	Rikmyr i fjellet med R-artar
Myklebustsætra	B <sub>1</sub>	Lokalt interessant naturbeitemark
Nakkane-Øygardsnakken	A <sub>1</sub>	Kystfureskog, artsrik og med R-artar
Nedre Ljøen	A <sub>1</sub>	Rik edellauvskog med nokre sjeldsynte artar
Nibbedalen	C	Intakt låglandsmyr, meandererande elveparti

Norangsdalen, rasmek	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Rindalssæten	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Ringsetkloven	C	Kalkrikt fjellområde med artar nær vestgrensa si
Ringstadsætra <sup>4</sup>	A <sub>1</sub>	Artsrik naturbeitemark med mange R-artar
Rundegga	C	Kalkrikt fjellområde med vestleg utpost av m.a. hengjefrytle
Røyrhusdalen	C	Intakt låglandsmyr, nokre hekkande vadefuglar
Stavbrekkane	A <sub>1</sub>	Kalkrikt fjellområde med vestgrense for sjeldsynte karplantar
Stavseng (nord)	A <sub>1</sub>	Bjørkeskog med høgstaumar, rikmyr, truga av inngrep
Stavseng (vest)	A <sub>1</sub>	Bjørkeskog med høgstaumar, rikmyr, truga av inngrep
Storsætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Strandadalen	C	Intakt låglandsmyr, meandrerande elveparti
Strandamolskreddalen	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Sunnylvsmolskreddalen	C	Berg og rasmek
Svefonna	B <sub>1</sub>	Godt hevda beitemark med einskilde R-artar
Tronstadmyrane	C	Intakt låglandsmyr, viktig for vadefugl
Tynnbjøgane-Åkernes	A <sub>1</sub>	Rik edellauvskog og artsrike tørrbakkar med m.a. R-artar
Uksagsætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Uksviksætra	B <sub>1</sub>	Naturbeitemak med R-artar
Vasssetsætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Vinsåssætra	C	Lokalt interessant naturbeitemark
Vinsåsskredene	A <sub>1</sub>	Berg og rasmek med sjeldsynte artar og R-artar
Sum: 24 A <sub>1</sub> -område og 13 B <sub>1</sub> -område.		

Alle dei opprampa områda i tabellen har elles fått eigne kommentarar i kapitla lengre bak (kapittel 5).

---

<sup>4</sup> Her medrekna både Lånastolen og Øygardsstolen, då dei går over i kvarandre og har same verdi.

## 2 Innleiing

Bakgrunnen for kartlegginga som omtalt i kap. 1.1 er nokre av premissane som ligg til grunn for arbeidet i Stranda kommune, og som det heiter i Stortingsmeldinga (s. 52): "*Det tas sikte på at alle kommuner skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfoldet på kommunens areal i løpet av 2003. Resultatene av arbeidet skal fortløpende legges til grunn for kommunens arealplaner og øvrige styringsverktøy.*"

Arbeidet i Stranda har vore lagt opp i samsvar med intensionane i Stortingsmeldinga og DN-handboka, og har såleis vore retta mot dei naturtypane som finst i kommunen og mot artar som er utsette for trugsmål (raudlisteartar) i ein nasjonal eller internasjonal samanheng.

Prioritering av dei såkalla nøkkelbiotopane har vore veklagt, då det er her ein kan gjere seg von om å finne dei mest artsrike eller interessante områda. I Møre og Romsdal er det etter kvart gjennomført slike undersøkingar i fleire kommunar.

Hovudføremålet med arbeidet i Stranda er å gje kommunen, og dermed dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av dei påviste biologiske verdiene på eigedomane. Eit anna mål er å gje eit samla oversyn over dei naturverdiene som finst i kommunen. Eit generelt føremål med naturfagleg kartlegging er elles å verne om naturen. Ein får vone at denne rapporten også vert eit viktig dokument i den langsigke arealplanlegginga i kommunen. Arbeidet skulle også vere av interesse for skulane i Stranda, for ulike lag eller foreiningar som skal planleggje aktivitetane sine og for marknadsføring i høve til turistnæringa og reiselivet osb.

Landbruksdepartementet (1999) peiker elles i skogmeldinga på korleis skogsektoren kan hjelpe til med å løyse dei viktige miljøoppgåvene innafor skogbruket. Her heiter m.a. (s. 76 og utetter):

*"...det er... viktig å gjennomføre det vedtatte barskogvernet, ...det må forventes innspill med forslag om ytterligere vern etter at dette er gjennomført...det er nødvendig å ha en fleksibel beredskap for å møte slike innspill samtidig som ytterligere vern må avpasses de årlege budsjettbehandlingene".*

I tillegg vert statusen til nøkkelbiotopane diskutert både her og hjå Miljøverndepartementet (1997: 53), og det er òg tale om å endre skoglova for å møte dei nye miljøkrava frå ulikt hånd. Skogmeldinga vil truleg verte et av dei viktige dokumenta i skogbruket dei komande åra.

### 2.1 Naturgrunnlaget i Stranda

#### *Generelle trekk ved klima, topografi, berggrunn og vegetasjon*

Etter kva meteorologisk institutt (DNMI, normalar 1960-90) kan opplyse, er Stranda mellom dei kjølige stadene i fylket med ein årsmedel på 5.9° C. Geirangerfjorden kjem nok mykje betre ut, men her er det ikkje gjort målingar. Med etter måten milde vintrar (Stranda; januar: -0.8° C og juli: 13.4° C), varme somrar og gode grortilhøve, forstår ein kvifor det er råd å dyrke aprikos i nokre av bygdene (t.d. i Matvika) dersom ein går inn for det, men fruktdyrking i stort omfang slik som i nabogrendene i t.d. Norddal kommune er det heller lite av bortsett frå i Liabygdene.

Klimaet er fuktig, og årsnedbøren ligg mellom 1295mm (Stranda) og 1351mm (Geiranger), om lag det same som medelen for heile fylket.

Topografien er dramatisk, med tronge og djupe fjordar, mange små dalføre, mektige fossar og gjel, bratte fjordlier og ei rad fjell som stikk høgre enn 1700m o.h (Blåhornet, Kvitegga, Storbarden, Såthornet og Vollsetskåla m.fl.), gjerne med blåbrear og stupbratte fjellsider.

Rasfaren er høg mange stader, og kommunen er ikkje særleg eigna for fjellkliving, sjølv om mange engelskmenn prøvde seg på dette i tidlegare tider (då budde dei gjerne i lange bolkar på Fivelstadhaugen). I einskilde av rasmarkene under fjella finst elles nokre av dei mest særmerkte og artsrike samfunna vi kom over, nokre av dei jamvel med nasjonal eller internasjonal verd.

Mestedelen av berggrunnen er laga av gråsteinsberg (sur og næringsfattig granittiskgneis). Dette har mykje å seie for plantelivet. Reint kalkberg med artsrik flora er såleis sjeldsynt. I nokre av fjellområda er det likevel innslag i alle fall av baserik grunn. Olivin og serpentin skaper på si side vilkår for reine spesialistar, t.d. for brunburken, som utelukkande er bunden til desse bergartane, men også fjelltjæreblom

og andre likar seg på slik berggrunn. I Stranda er det berre eitt slikt område (ved Okshaugli) i låglandet. Elles finst, spreidd, slikt som blautgrjot, ertsar, glimmerskifer, hornblende, gabbro og anna.

Det låge innslaget av plantar som til vanleg veks på baserik grunn kan slik sett forklara med dei sure og harde bergartane som er vanlege i kommunen, med berre små og tilfeldige innslag av lettøyselege kalkbergartar. Soleksponerte fjordlier høyrer til den boreonemorale (varmekjære) vegetasjonssona, og utgjer dei siste samanhengande utpostane av denne (ho kjem igjen i nokre område m.a. på Nordmøre, men vantar t.d. over store delar av Romsdal, sjå Moen 1998:94). Typisk for desse områda er edellauvskog eller tørr fureskog. Den resterande skogen, og det vanlege for kommunen, er likevel store parti med bjørk og ulike typar oreskog i dalane eller liene, og desse kan i regelen reknast til den boreale (kjølige) sona.

Storparten av kommunen høyrer heime i den svakt oseaniske seksjonen, med eit minskande innslag av kystbundne (eller vestlege) plantar, t.d. bergfaks, bjønnkam, heiblåfjør, heistorr, jordnøtt, kusymre, kystgrisøyre, revebjølle, ramslauk, rome, storfrytle og smørtelg mfl. (men ein innført art som kristtorn klarar seg òg godt, t.d. i Liabygda) austover. Mange av dei kystbundne lavartane vantar eller er berre svakt representerte i både utval og mengd. Det har helst samanheng med at dei er meir råmekrevjande enn mange av karplantane. Dei lægreiggjande områda i området inst i Geiranger reknast som overgangs-seksjon mot dei kontinentale sonene austpå, og her finn ein innslag av artar som er vanlegare sør- og austover, t.d. breiflangre, furuvintergrøn, kung (bergmynte), lakrismjelt, skoggrønaks, skogkløver, skogfaks, svartor, åkermåne eller ein innført art som bergflette mfl. (sjå t.d. Moen 1998:44-47).

Slik ser ein at Stranda ligg i skjeringspunktet mellom aust og vest, mellom kyst og innland, med artar og element som er heimehøyrande begge stader. Variasjonen er altså svært stor.

Mange av fjell- og fjordområda i kommunen ligg også inne i landskapvernplanen (Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet) i samband med planane om "Reinheimen nasjonalpark". Vesteråsvassdraget og Bygdælva (øvste delen) er varig verna (verneplan IV). Det er gjort vedtak om naturreservat i Korsbrekke i 2002 (Havstrand og elveos), medan det er framlegg om naturreservat ved Hysket (edellauvskog).

Ny informasjon og kunnskap har kome fram som ei følge av kartleggingsprosjektet i 2000, og ein skal ikkje sjå bort frå at eit langsiktig resultat av arbeidet kan verte fleire verneområde. Kunnskapen har verdi berre dersom han vert nytta til å take vare på livsmangfaldet i kommunen.

## 2.2 Tidlegare kartlegging i Stranda, litteraturtilfang

Hans Strøm (1726-97) vert av mange rekna som den første naturvitenskapsmannen på Sunnmøre. Sikkert er det i alle fall at han var tidleg ute og har "båre mykje ved til kartleggingsbålet" på våre kantar. I dag kan ein berre undre seg over at han hadde tid og kunnskap til å fare over alt ved sida av prestegjerninga. Bøkene hans er ei gullgruve for den som tykkjer om å granske tilhøva på 1700-talet. Han har også med noko stoff frå Stranda. Vi nytta mest "Annotationsboka" hans (1756), som kom ut først i 1997, då her er med ein del ting som ikkje kom med i dei seinare bøkene.

Også andre har kome med sitt, og i Stranda gjeld dette m.a. J.H.L. Vogt, som i 1883 publiserte ein artikkel om "Olivinstenen i indre og Søndre Sunnmøre" (Nyt. Mag. For Naturvidenskaberne, B. 27).

Det var denne den tidleg døde Bjørn Bjørlykke følgde opp i avhandlinga si "Vegetasjonen på olivinsten på Sunnmøre" ("undersøkelser foretatt somrene 1934-1936"). Dette arbeidet vart levert til Universitetet i Oslo i samband med hovudfagsarbeidet hans, men han døydde altså før han kom opp til endeleg eksamen. Bjørlykke undersøkte røynleg dei fleste av olivinførekostane på Sunnmøre.

Arnfinn Skogen har også gjeve eit viktig bidrag til kartlegging av plantelivet i dei indre fjordstroka på Sunnmøre. I rapporten hans "Bidrag til karplantefloraen i Grotli-Tafjord-fjellene" (Skogen 1971) er tre fjellområde i Stranda presentert. Han har også undersøkt vegetasjonen i Vesteråsvassdraget (Skogen og Huseby 1981, dverre upublisert og ikkje tilgjengeleg), ved Stavbrekka og Rundegga (1979, 1981) og nokre lauvskogslier i Geiranger (1973).

Professorane Gjærevoll, Nordhagen og Løkken har også vore innom kommunen (1950 og 60-talet), også dei i hovudsak i fjellområda, men mykje av materialet deira er dverre framleis upublisert eller vanskeleg tilgjengeleg. I hovudsak trakka dei i fotefara til andre. Mest nytt har dei helst frå Stordal, Vestnes og Ørskog.

Elles finst ein eigen skjøtselsplan for Grande (Asdøl m.fl. 1991, dette er ei hovudoppgåve av tre dåverande studentar ved Høgskulen i Bø, Telemark) medan vegetasjonen i Oaldsbygda vart undersøkt i 1978 (Lystad 1978, dette er ei hovudoppgåve ved Landbrukskolen) m.v.

Av andre ting frå Stranda må nemnast arbeidet til Geir Kjølen ("Fuglar og dyr i Stranda-Hellsylt-Sykkylven", frå 1976). Om villdyr og veiding er noko tatt med i bygdebøkene (Sunnylven og Geiranger, band I). Her er også med litt om geologi, skog, terren og anna.

I seinare tid kom dei statlege temaverneplanane. Mange område på Sunnmøre er undersøkte i samband med desse, til dømes i naturtypar som edellauvskog, barskog, kulturlandskap, vassdrag, elveos og myr osb. Fleire rapportar med materiale frå Stranda er tilgjengelege. Her er eit stort stofftilfang. Den mest matnyttige av desse er nok undersøkingane frå båt i 1987 (Folkestad & Bugge 1988), der ein gjekk over heile Storfjord- og Hjørundfjordområdet. Alle område med edellauvskog vart avgrensa på kart.

Av dei viktige rapportane frå nyare tid må nemnast oversynet til Jordal & Gaarder (1998a) over kjende funn av raudlisteartar innanfor gruppene karplantar, sopp og lav i Møre og Romsdal. Arbeidet dei har gjort i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal (1992-1998) er no samla (Jordal & Gaarder 1999) i *ein* rapport.

I 2000 vart det frå Miljøfaglig Utredning ANS (Tingvoll) si side gjort ein del undersøkingar i det føreslegne Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Vi hadde eit samarbeid med Geir Gaarder og John Bjarne Jordal (som stod for feltarbeidet) i høve til desse områda (Gaarder & Holtan 2001).

Det meste av relevant litteratur granska vi i samband med prosjektet. Vi sette likevel ei grense ved kva fylkesbiblioteket greidde å skaffe til veges. Mykje arbeid ligg i skuffar og skåp over heile landet og støvar ned (og ein må berre seie seg lei for at slikt som t.d. arbeidet til Skogen og Huseby frå Vesterålvassdraget berre er eit utilgjengeleg, handskrive manus, Arnfinn Skogen pers. medd.). Med desse etterhalda trur vi likevel at vi har oversyn over og fått granska dei viktigaste arbeida.

## 2.3 Omfanget av kartlegginga

Vi vann ikkje over alt vi ønskte, Stranda er ein stor og tung kommune å kartlegge. Seinare bør ein såleis freiste å få med seg edellauvskogane på avsolsidene i fjorden. Dei prioriterte vi regelrett ned, m.a. av di dei røysnsemessig er noko fattigare enn dei soleksponerte, litt også på grunn av vanskeleg tilgjenge (t.d. områda frå Preikestolen og vestover). Elles vann vi ikkje over Fursetnakkene og området mellom Liabygda og Bøstøa. I andre naturtypar (utan skog) trur vi at dei viktigaste områda no er nokolunde godt kartlagde, sett bort frå fosserøyksamfunna og dei "håplause" bekkekloftene. Det er sjølv sagt også råd å fare over alle fjellområde ein berre orkar. I høve til dei naturtypane DN spør etter, trur vi, med dessa etterhald, at det vi vann over no skulle vere brukande dokumentert på naturtypenivå og arts-nivå.

Dei lokale "småområda" som var aktuelle å sjå på for skulane i kommunen må vente.

## 3 Resultat

Kapitla 3 (naturtypar), 4 (artsomtalar), 5 (områdeskildringar) og 8 (artstabellar) høyrer til resultatdelen.

### 3.1 Generelt om dei kartlagde naturtypane

#### 3.1.1 Intakt låglandsmyr og rikmyr

Intakte myrar i låglandet (lægre enn om lag 500m o.h.) finst berre sparsamt i Stranda. Områda ved Fivelstad (Nibbedalen), Kjellstadli og Røyrvhus er tidlegare registrert i samband med verneplanen for myr og ved ymse ornitologiske registreringar. Desse vart nærmere undersøkte i 2000 med omsyn til augnestikkarar og karplantar og er ikkje særleg rike, men dei er intakte og det tel ved vurdering av verdien.

Rikaste myrområda (bakemyr) finn ein i samband med fjellbjørkeskogen i området ved Stavseng og i Fausalia. Her er det m.a. raudlisteartar som *kvitkurle* (DC) og *solblom* (DC), sparsamt også rikmyrsartar som *breiull*, *engmarihand*, *gulstorr*, *sennegras* eller *småsivaks* og andre.

#### 3.1.2 Rasmark, berg og kantkratt

Desse naturtypane er mellom dei eldste og samstundes "reinaste" (ofte liten menneskeskapt påverknad) i Noreg. Snøskred er ein viktig faktor når det gjeld å halde nede buskar og tre. Ofte får ein eit høgt innslag av ljoskrevjande og tørketolande artar i slike miljø (tørrbakkesamfunn). Best er det om områda er vekselfuktige, med sigevatn, grøver og tørberg i blanding (DN-handboka s. 5-19).

Områda i Stranda har i fleire tilfelle ein utruleg artsrikdom. Særleg er dette tilfelle om det er kalkinnslag i bergartane. Typisk for ein del av dei lægreliggjande områda er også eit høgt innslag av dei sør- eller sør austlege karplantane, slike som t.d. *grov nattfiol*, *lakrismjelt*, *skogsfaks* og *skoggrønaks* m.fl. I dei høgreleggjande områda kan ein finne tusentals *brudespore*, den sjeldsynte *fjellmarinøkkelen*, den raudlista *kvitcurla* (DC), eller vestlege utpostar av *setermjelt* (Holedalen), alt ettersom berggrunn og ekspionering m.v. varierer. Mest uventa var likevel funn av den sjeldsynte, raudlista *mnemosyne-sommerfuglen* (V) i slike miljø.

#### 3.1.3 Kalkrike fjellområde

Frå før er Geirangerfjella best undersøkte (sjå t.d. Skogen 1971, 1979, 1981). Fleire karplantar har norsk vestgrense i fjella her, medan mange andre er nær vestgrensa si (t.d. *bekkesildre*, *bergveronika*, *grannsildre*, *henggefrytle*, *rabbestorr*, *skoresildre*, *snøsøte*, *stivsildre* og *tuvesildre* m.fl.). Dei er oftast bundne til rike bergartar her i "Vestfjella" (Skogen 1979).

Det synest lite sannsynleg at det vil finnast fleire ekstremrike fjellområde enn dei som allereie er kjent frå før, men i områda ved Blåtinden, ved Ringsetkloven og ved Røyrvusdalen kartla vi fleire småområde som viste seg å ha nokre sjeldsynte artar eller raudlisteartar (her med vestlege utpostar av fjellartar som *gullmyrklegg*, *sotstorr* og *svartstorr* og den raudlista *kvitcurla*). Også Gaarder og Jordal undersøkte nokre område i nærleiken av Geiranger i 2000. Her vart det m.a. gjort fleire nye funn av den sjeldsynte *stivsildra* og andre interessante fjellplantar i rike "nordheng" og i rasmark.

#### 3.1.4 Kulturlandskap

Jordal og Gaarder (1999) har allereie undersøkt og verdiklassifisert fem slike område i kommunen. I tillegg undersøkte Finn Oldervik 20 nye område i 1999, medan forfattarane såg på to, slik at det frå før er opplysningar frå 27 lokalitetar. Verdiene i dette landskapet er gjerne knytte til førekomst av beitemarksoppa og karplantar. Område som vert hevda på tradisjonelt vis med lite kunstgjødsling eller pløying osb. har ofte mange sjeldsynte artar. Attgroing er truleg det største trugsmålet mot denne naturtypen i dag (DN-handboka s. 5-32 ).

I samband med 2000-undersøkingane følgde vi opp Finn Oldervik sitt store, friviljuge arbeid frå 1999. Nokre nye område vart også undersøkte. Det er no opplysningar frå nesten 40 område som høyrrer til desse naturtypane i Stranda. Espehjelle peikar seg ut som den beste lokaliteten med mange sjeldsynte, raudlista artar og med den største kjende førekosten av kvitkurle (DC) i Møre og Romsdal (truleg den beste også i Noreg med rundt 90 plantar). Også ved Ansok, Kleberget og Ringsetsætra er det artsrike naturenger, medan svært mange av dei andre områda er i attgroing og berre har liten verdi.

### 3.1.5 Ferskvatn/våtmark

Bekkekløftene og fossesprøysamfunna i Stranda er mellom dei vanskelegaste naturtypane å kartleggje på grunn av tungt, for ikkje å seie ofte umogleg tilgjenge. Det var difor ikkje lagt særleg vekt på desse to naturtypane ved 2000-undersøkingane. Likevel må det peikast på at det truleg er mange viktige utformingar som bør kartleggjast ved eit seinare høve. I Geirangerfjorden kan det kanskje vere råd å kome til ved Bringelva, ved Flydalsjuvet, Friaren, Ljosurdossen eller Syltevikgelet i ein sesong med noko mindre smeltevatn enn i 2000. I Sunnylvsområdet skulle stader som Brautajuvet (ovafor Hellesylt-fossen) Bergejuvet (mellom Frøysa og Hole) og Jufossen og andre vere aktuelle.

Viktige utformingar etter DN-handboka (s. 5-79) vil vere moserike berg og stein (nærast fossen) eller urterike samfunn på finare materiale, t.d. med sildre-, syre- og mjølkeartar eller høgstaudar.

Av meanderande (der elva dannar store bogar på ei flat elveslette) elveparti vart det sett litt litt på tilhøva ved Embla (mellan Herdalen og Røyr) og ved elva nedst i Nibbedalen. Dei er ikkje særleg artsrike. I nokon grad er dei også påverka av oppdyrkning. Likevel må dei kunne karakteriserast som lokalt interessante, då dette er ein svært sjeldsynt naturtype i kommunen og på Sunnmøre. Dei bør av den grunn sparast for fleire inngrep.

### 3.1.6 Lauvskog

Lauvtrea har ein lang brukshistorie bak seg. Det ein legg best merke til i dag er nok alle dei gamle styvingstrea som står spreidd mest over heile kommunen. Almen var truleg den viktigaste, men også bjørk, lind og rogn vart styvt. Utanom til dyrefør vart dei nytta til impregnering (t.d. borking av segl), never til hustak, til trekol og sjølvsagt til ved, heimesløyd, reiskapar og verkty. Almen vart dessutan nytta til mjølblanding når svolten truga, og til medisin mot magesjuke for både folk og fe. Gråora vart mykje nytta til farging av garn og tøy, selje til garnkavlar og heimesløyd, medan ospa var nyttig til uthus-bygg. I dag er det vel ikkje noka overdriving å hevde at desse gamle kunnskapane mykje godt er utegløymde, og ved er vel for tida generelt det vanlegaste bruksområdet for lauvtre i vårt distrikt.

Gamle styvingsalmar er viktige nøkkelement som ofte dreg til seg sjeldsynte artar lav og sopp, då mangel på gamle edellauvtre som ikkje er styvd er påfallande over heile Vestlandet. Mange artar som er avhengige av eldre edellauvtre overlever såleis på desse kjempene, og trea spelar ei viktig økologisk rolle. I Stranda fann vi *bleikdoggnål* og *blådoggnål* (høvesvis på kjempealmen ved Furset og ein stad ved Ovrå). Vi trur likevel at her skulle vere potensiale for mange fleire på lang sikt dersom skogen får skjøtte seg sjølv einskilde stader. Av soppene vil oftafta *skrukkeøyre* (og *rustkjuke*) finnast på alm. Også på gamle lauvtre skulle det vere potensiale for fleire artar på lang sikt, t.d. *skjellkjuke* (som vart funne i Norddal i 1999) o.a. Fråvere av kontinuitet kjenneteiknar også mykje av lauvskogen i kommunen.

På ein morken ospelåg ved Lauvvikane vart det funne *begerfingersopp*. Frå før er denne vakre, raudlista (DC) soppen berre kjent frå Austlandet (men Gaarder og Jordal fann han ved Flatmark i Rauma i juli 2000). På osp er tidlegare funne *korallpiggsopp* (DC) ved Ringsetelva.

Eit anna viktig moment er at alm og osp er mellom dei såkalla rikborkstrea, altså med ein høg pH i borken. Heilt generelt vil dei næringsrike rikborkstrea (alm, ask og lind m.fl.) ha levevilkår for fleire artar enn surborksartar som t.d. bjørk og fure. Dette gjeld helst gamle tre med sprekkebork.

### **3.1.7 Rik edellauvskog**

Vanlegast av edellauvskogstypane i kommunen er gråor-almeskog, der almen i alle fall hist og her spelar ei dominerande rolle. Denne naturtypen finst det døme på særleg i fjordliene frå Åkerneset og heilt inn til Geiranger. Hasselkratt er viktig som innslag eller som dominant i dei fleste edellauvskogane.

Typisk for gråor-almeskogane er skog av gråor og alm, gjerne med innslag av bjørk og selje, ofte også med ein del hegg i busksjiktet. Til vanleg dominerer store bregnar og urter plantelivet, ofte slike som *tyrihjelm* og *strutsveng*, med innslag av andre vanlege eller uvanlege signalartar som *myske*, *myskegras*, *springfrø*, *trollbær*, *trollurt* og *vårerteknapp* m.v. Den sjeldsynte *rund porelav* vart funne i eitt område i denne naturtypen (under Prekestolen), medan dei vedbuande soppane svikta litt med funn av berre *rustkjuke* og *skrukkeøyre*. Jordbuande soppar utmerkte seg med funn av m.a. *gullkremle* (DC) og den svært sjeldsynte *svartnande kantarell* (V), begge ved Lauvvikane.

Det er elles framlegg om naturreservat ved Hysket, men vi tok planteliste her likevel for å kunne samanlikne med andre område. Her er m.a. mykje grov alm, i hovudsak ikkje styvt.

Rik edellauvskog har ein rikare og meir variert flora. I områda ved Bringa, i nokon grad også ved Ljøen og strekninga Tindbjørgane-Åkerneset er det typisk blandeskog, med mykje alm, hengjebjørk og hassel. Dei store grasartane kjem inn (*bergfaks*, *skoggrønaks* og *skogsfaks*), saman med mykje *myske* og *sanikel* samt alle dei kravfulle erteplantane som finst i distriktet (*lakrismjelt*, *skogskolv*, *svartertekapp* og *vårerteknapp*). Særleg interessant er dei store førekostane av (*beger*)*hagtorn*, helst ved Bringa, men også ved Nedre Ljøen. Mellom Ljøen og Åkerneset kjem det også inn kravfulle kystartar som *jordnøtt*, *kusymre*, *ramslauk* og *vivendel*, jordnøtt og ramslauk også ved Hysket (Skogen 1973).

I alle edellauvskogane er det overgang mot andre naturtypar som sørberg og kantkratt, gammal lauvskog (ofte osp), fureskog eller rasmark osb., slik at det ofte er tale om ein mosaikk som til saman gjev eit svært artsrikt miljø. DN-handboka skildrar desse typane nærmare på s. 5-97-103.

### **3.1.8 Bjørkeskog med høgstaudar**

Bjørkeskogen som vart kartlagt er for det meste innslag i andre naturtypar, eller kan hende er det andre typar som er innslag i bjørkeskogen, alt ettersom.

Prioriteringa i DN-handboka (s. 5-105) legg helst vekt på fjellnære område med sjeldsynte eller raudlista artar, eller nordvende, fuktige bjørkelier. I dei utformingane vi såg på i Stranda (ved Stavseng og Fausalia) er det høgt innslag av (sub)oseaniske artar som t.d. *bjønnkam*, *heiblåfjør*, *heistorr*, *kystmyrklegg* og *smørtelg*. Dei har truleg vore beita eller slått tidlegare. Alle områda er eit lappverk av skog og ulike typar bakkemyrar. Grunnlaget for avgrensing ligg i dei massive førekostane av *solblom* (DC), noko *kvitkurle* (DC), og innslag av rikmyrsarter som den sjeldsynte *engmarihanda* (tidlegare stod denne orkidéen på raudlista) eller *breiull* og andre.

### **3.1.9 Gråor-heggeskog**

Dette er ein av dei vanlegaste naturtypane i skog i Stranda. Det same gjeld for indre strok av fylket generelt. Ofte vil det vere overgang mot gråor-almeskog.

Til vanleg er det gråor i blanding med bjørk, hegg eller selje, sjeldan i rein bestand. I eldre utformingar vil det i busksjiktet ofte kome opp (vill)rips, og dette er det fleire døme på frå Stranda. Gråor-heggeskog kjem opp på frisk, næringsrik grunn, ofte langs elvar og på leirrike lausmassar (sjå elles DN-handboka s. 5-107). Ofte vil ein også sjå at denne typen er rask med å etablere seg i attgroande kulturmark. Dersom skogen ikkje ernemnande påverka av beite er høgstaude-strutsveng utformingane dei vanlegaste, med dominantar som *strutsveng* og *mjødurt* eller t.d. *brennesle* og *bringebær* der ein kan aue kulturpåverknad ei tid tilbake. Typen er elles kjent for å ha eit yrande fugleliv, og reknast som ein av dei viktigaste og mest produktive for sporvefuglar, ofte med store trostekoloniar og den sparsame *gulsongaren* i artsutvalet. Også *kvitryggspetten* kan vere jamn dersom tilgangen på daud ved er god.

### 3.1.10 Gammal lauvskog

Ospa hører til rikborkstrea. Ho reknast for å vere eitt av dei treslaga som har levevilkår for flest artar i Noreg, både når det gjeld mose, sopp, lav, insekt og holbuande fuglar (sjå t.d. DN-handboka, s. 5-111).

Eldre utformingar med grove tre og mykje daud ved er i dag sjeldsynt. Det er desse som har størst verdi i høve til det biologiske mangfaldet. Mange artar er altså bundne til gamle lauvtrelæger, særleg osp. Moderne driftsformer i skogbruket fører til at mange av artane er truga. Dersom ein ikkje vil at dei skal døy ut, er det viktig å take vare på gamle lauvtre i skogen. Det er likevel ikkje heilt snaukt i Stranda. Særleg har området mellom Lauvvikane og Ovrå interesse, med høgt innslag av læger og høgstubar i mest einsarta grov utforming av typen, med eit rikt arts mangfald innafor fleire artsgrupper. Her er raudlisteartar av både sopp, karplantar, insekt, fugl og pattedyr. Det er sjølv sagt at desse områda får svært høg verdi og høg prioritet i den framtidige arealforvaltinga i kommunen.

Ulik tilhøva nærmere kystområda i fylket vart det ikkje funne særleg interessante lavartar på ospa. Det har nok samanheng med at dei fleste av desse er kystbundne, men truleg òg delvis med mangel på kontinuitet for grove tre eller læger, som er så viktig for mange sjeldsynte artar.

Interessante og raudlista artar som finst i gammal ospeskog på læger i Stranda er soppene *begerfingersopp* og *korallpiggsopp* (begge omsynskrevjande, funne høvesvis i Lauvvikane og Liabygda, sjå over), og ein får tru at her er eit potensial for mange andre artar av både sopp, lav, mose og anna.

Innslag av grove ospeholt, ofte med dei raudlista fuglane *dvergspett* (DC), *gråspett* (DC) eller *kvitryggspett* (V), finst elles spreidd gjennom heile kommunen. Gode utformingar kjem inn som innslag m.a. ved Ljøvika-Hammaren, mellom Åsen og Helbostad og mellom Hellesylt og Karbøen m.v.

### 3.1.11 Gammal (fure)skog og (kyst)fureskog

Generelt har fure frå gammalt av vore nytta til tømmer og tjøre osb., og dette er tilfelle også i Stranda. Ho har vore nytta mest til eige bruk, slik at ein for det meste har unngått den totale snauingen som elles var tilfelle særleg i kyststroka (Øyen 1998), men alle fureskogsområda i kommunen har vore gjennomhogge, med fravære av kontinuitet for grove tre eller læger osb. som resultat (sjå neste kapittel).

I fjordliene veks i dag noko fure frå Urdaneset til Lauvvikane (områda her er ein del av dei om lag samanhengande fureskogsområda mellom Stordalsneset i Stordal inn til Ytste Furneset i Norddal, med tunge naturfaglege verdiar mest i alle undersøkte lokalitetar), frå Fausa til Øygardsnakken og frå Opshaug og eit stykke sør i fjorden. Også mellom Hellesylt og Karbøen og frå Åsen til Helbostad er det noko gammal fureskog, spreidd også ovafor Furnes/Matvika. Alt i alt er det ikkje meir enn knapt 14.000daa økonomisk drivverdig fureskog i kommunen (likevel 25.000daa produktiv fureskog) etter kva skogbrukskontoret kan opplyse om. Dette gjev vilkår for berre sporadiske og små førekomstar av fuglar som til vanleg held seg til fureskog, t.d. *hønsehauk* eller *storfugl*. Begge har likevel vore stabile dei seinare åra og hekkar framleis.

Fureskogen i fjordliene står oftest på skrint jorddekte berg, av og til på god moldjord, men òg i urer og rasmark, ofte i lag med alm, hengjebjørk, osp eller andre lauvtre. Einskildområde av denne typen kan reknast som tørr kalkfureskog (B2a, *xerofil*<sup>5</sup> fure-utforming, sjå Fremstad 1997: 27 eller DN-handboka: 5-103). Dei rikaste områda har mykje til felles med edellauvskogane, med innslag av sjeldsynte orkidéar som *kvit skogfrue* (denne er fredlyst) og *raudflangre* (kalkindikator). Også dei store, kravfulle grasartane som *skogfaks* og *skoggrønaks*, eller andre kravfulle artar som *bakkemynte*, *bergmynte*, *dvergmispel*, *kantkonvall* og *lakrismjelt*, eller *myske*, *sanikel* og *vaniljerot* kan finnast slike stader.

Gadd, læger og store tre er nøkkellement som dreg til seg ulike insekt. Noko uventa var funn av maurløve, som på Vestlandet tidlegare berre er kjent frå Fjørå i Norddal. Funna ved Gravavika og Ovrå er såleis svært interessante (og ny norsk nordgrense). Til vanleg finn ein òg mykje spor etter kvitryggspetten i samband med daud ved. Store tre kan òg vere viktige for vedbuande sopp og lav. Døme på dette kan være gulrandkjuke, som veks på svært gamle tre (oftast "hundreåringar", sjå Ryman & Holmåsen 1992), eller den svært sjeldsynte blåfotstorpigg (V, ny for Vestlandet, denne er jordbuande) som begge vart funne ved Lauvvikane. Ein annan overraskande "godbit" var funn av den varmekjære filtkjuka (DC, kan vere både ved- og jordbuande) same staden.

<sup>5</sup> Tørkeutsett, og med tørketolande planteliv.

Tidlegare hogst ser ein spor etter over heile fjøla. Dette viser seg med eit jamt innslag av rotestubbar som stikk opp her og kvar. Mangel på grove læger viser òg at skogen har vore jamt utnytta heilt fram til vår tid, men fritt for læger er det likevel ikkje. Tørrgaddar er ganske vanlege, og særleg imponerande er dei grove gaddane mellom Ovrå og Lauvvikane. Sjølv om skogen har vore driven heile tida, er det generelt eit brukande innslag av gamle og grove tre dei fleste stadene. Nokre av dei er innslag i andre naturtypar med overgang mot t.d. knausar, sørberg, gammal lauvskog eller edellauvskog.

Nord for Stranda, i området ved Espeljelle, og i området ved Karbøen (Hellesylt) er det meir skuggefulle utformingar. Særleg ved Espeljelle er det ein meir tydeleg oseanisk påverknad med mange kyststartar som bjønnkam, heiblåfjør, ramslauk og smørtelg, og eit etter måten godt utvikla lungenever-samfunn, m.a. med sjeldsynte artar som rund porelav og sølvnever.

### 3.1.12 Øydinga av skogen

Etter svartedauden i 1349-50 var folketalet naturleg nok lågt i fjordane på Sunnmøre. Frå kring 1500 auka folketalet snøgt. Nedlagde gardar vart tekne opp att, og nye vart rydda. Det vart såleis trong for meir tømmer til husbygging, båtbord og tjøre, og meir skog til tilleggsfôr og ymse brenntilfang. Med aukande folketal auka også talet på husdyr. Dette førde til meir utmarsksslått og beiting ein stor del av året, noko som bremsa på tilvoksteren av ungskog. I alt fekk dette leie følgjer, med aukande frekvens av snøfonner, jordras, steinskred, flaum og stormskadar frå kring 1600. Samstundes gjorde breane stor framgang i åra fram mot 1750, noko som medverka til at arealet som kunne nyttast vart mindre. Kring 1650 var om lag heile Geiranger og fleire gardar i Sunnylven lens for fureskog, slik som mange andre stader på Sunnmøre. Ein del ulovlege sagbruk var i drift på Sunnmøre så seint som under ei gransking i 1686, noko som førde til fengsel og böter for dei ansvarlege. I 1759 skriv amtmann Collin (hausttinget i Vanylven) at ”almuen har tankeløst solgt til skotter og hollendere, saa nu er landet blottet for skog”.

På gamle fotografi frå slutten av 1800-talet kan ein elles sjå store bergsider utan ein busk. Etter at hyllegardane vart fråflytte (frå 1850-60 talet og utetter) og beiting og hogst opphørde, er skogen komen att mange stader. I einskildområde er det i dag ganske grov fureskog. Dette skuldast at dei få gardane i Stranda (ytst i Norddalsfjorden og Sunnylvsfjorden) såg på skogen meir som ein kapital som ikkje skulle rørast enn som ein lut av gardsdrifta. I desse områda vart det difor ikkje så mykje skadehogst som var vanleg andre stader. Teighogst var ikkje tale om, berre plukkhogst. Dette ser ein spor etter i dag, med etter måten mykje skog i optimal- eller aldringsstadium og berre eit avgrensa innslag av gamle stubbar som fortel om tynningshogsten i gammal tid. Denne driftsmåten var elles i eit regionalt perspektiv et reint unnatak. Det vil seie at sjølv i dag, lenge etter at skogsdrifta og beitinga i fjordliene tok slutt, er det i hovudsak uvanleg at ein finn grove gadd eller læger i skogen. Gamle tre dreg til seg ein del artar av sopp og lav, men vil også vere viktige for insekt og fugl. Ein kan slik sett vente at dersom skogen i landskapsvernområdet får stå i fred nokre tiår, vil mangfaldet innafor desse gruppene auke.

### 3.1.13 Tillegg: Olivin- og serpentinberg

Olivin- eller serpentinberg er kjent for å ha ein heilt spesiell flora. Den eine kjende låglandsførekomsten av denne bergarten i Stranda (ved Liane mot Storfjorden) er tidlegare godt undersøkt av Bjørlykke (1938). Mange vil nok kjenne til den raudlista *brunburknen* (R), som reknast som den einaste karplanten som berre finst på desse bergartane. Også ein del andre karplantar, t.d. *blankburkne* (ein kyststart), *fjelltjæreblom*, *grønburkne*, *krypkvein*, *snauarve* og *tuvearve* m.fl. er vanlegast på dette underlaget, sjølv om ein i Stranda ikkje har alle desse på olivinen (fjellområda med *olivin* i Vesteråsdalen og ved Koparnibba vart ikkje undersøkte).

I DN-handboka er serpentinfureskogar nemnt heilt kort (s. 5-123).

## 4 Signalartar, ansvarsartar og raudlisteartar i Stranda

Kapitla 3 (naturtypar), 4 (artsomtalar), 5 (områdeskildringar) og 8 (artstabellar) høyrer til resultatdelen.

### 4.1 Signalartar

Signalartar er artar som nyttast som ei hjelp til å kjenne att t.d. skog med høge naturverdiar. Også andre naturtypar (beitemark, kalkrike fjellområde, myr eller vatn osb.) har gode signalartar som kan vere til hjelp ved avgrensing av nøkkelbiotopar eller viktige naturtypar.

Kartlegging av signalartane føreset i regelen stor kunnskap, då dei i mange tilfelle vil vere avgjerande for avgrensinga av nøkkelbiotopane. Det er t.d. mykje enklare å kartlegge nøkkelement (slikt som grov gadd eller læger, holtre, bekkar og bergveggar osb.), då desse ofte er greie å registrere. Eitt av problema med signalartar generelt, er at utbreiing, frekvens eller krav til leveområde ofte vil variere mykje mellom ulike land og regionar. Bruken av signalartar vil også ofte vere tufta på fagfolk sine generelle erfaringar (som ein slags parallel til den tradisjonelle inndelinga av naturen i ulike naturtypar, vegetasjonstypar og mange slags plantesamfunn osb.) like gjerne som vitskapleg haldbare metodar.

Nokre av føresetnadene for bruk av signalartar vil såleis vere at feltarbeidaren har dei naudsynte kunnskapane om artane sin økologi, krav til leveområde og lokal eller regional utbreiing. Inndelinga av naturen, og kan hende særleg når ein snakkar om signalartar, tyder altså at nokre artar vert sett framføre andre. Dette må ikkje verte mistydd slik at ein trur at desse artane er meir verd enn dei hine, rett forstått er det heller slik at ein må gjere ein større innsats for å take vare på dei. I denne rapporten er jamvel signalartane delt i to klassar. Heilt generelt vil det då vere slik at dei artane som reknast som *A-artar*, ofte er meir sjeldsynte eller sparsame enn *B-artane*. B-artane står heller ikkje på raudlistene. I nokon grad er det likevel overlapping her. Systemet er altså korkje endeleg eller firkanta.

Lista frå neste side over signalartane i Stranda er i nokon grad tufta på kjelder frå litteraturen (K), dvs. tabell hjå (1) Haugset m.fl. (1996:102-109) og tabell 2 hjå (2) Gaarder m.fl. (1997:37). For karplantane kjem i tillegg nokre av dei artane som ber signal om boreonemoral skog hjå (3) Moen (1998:102), og artar nemnde under *alm-lindeskog* hjå (4) Fremstad (1997:42).

Dessutan er tabell 38 hjå (5) Gaarder & Haugan (1998:52) i nokon grad lagt vekt på. I tillegg er sjølvsagt eigne røynsler etter fleire kartleggingsprosjekt verdifull og ei god rettesnor.

Verdikolonnen (V) vart altså delt inn i kategoriane A og B. *A* gjev opp dei artane som er viktige ved førekost og såleis avgrensing av nøkkelbiotopane. *B* gjev opp dei artane som styrker grunngjevinga for nøkkelbiotopen. Isolert sett vert dei lagt mindre vekt på.

Utanom artane med litteraturreferansar (som er knytt direkte til signalverdien), er det tatt med nokre eigne signalartar for Stranda, som har *det* til felles at dei signaliserer viktige naturtypar i tillegg til at dei anten er sjeldsynte eller sparsame lokalt eller regionalt.

Mange fjellplantar er representerte her, og dei det finst referansar på er merkte S (Skogen 1971, 1979, 1981). Dette gjeld særleg for nokre av dei sjeldsynte artane med norsk vestgrense om lag i Stranda. Med økologi forstår ein både generell økologi og det som vart funne lokalt, og her har Lid & Lid sin Norsk Flora (1994: 6. utgåve ved Reidar Elven) vore flittig nytta.

Det seier seg sjølv at vurderinga av frekvens ved førekosten i Stranda i mange tilfelle berre er skjønneleg, med grov grannsem, og her må ein ikkje lese tabellen heilt bokstavleg.

Signalartane er likevel eit brukande verkty i høve til å finne nøkkelbiotopar i ulike miljø, ikkje minst sett på bakgrunn av at dei ulike plantesamfunna ofte har eigne artar eller grupper av artar som i fleire mannsaldrar har vore nytta i høve til identifisering av naturtypen.

**Tabell 03: Framlegg til signalartar i ulike naturtypar i Stranda**

Norsk namn	Latinsk namn	K	V	Økologi og forekomst i Stranda
<b>Sopp</b>				
Begerfingersopp	<i>Clavicorona pyxidata</i>	1	A	På ospelæger. Svært sjeldsynt
Blåfotstorpigg	<i>Sarcodon glaucopus</i>	-	A	Tørr, sandrik fureskog. Svært sjeldsynt
Filtkjuke	<i>Inonotus tomentosus</i>	-	A	Tørr, sandrik fureskog. Svært sjeldsynt
Furufåresopp	<i>Albatrellus subrubescens</i>	-	A	Tørr, sandrik fureskog. Sjeldsynt
Furumatriske	<i>Lactarius deliciosus</i>	1	B	Baserik fureskog. Truleg utbreidd
Gullkremle	<i>Russula aurea</i>	-	A	Baserike hasselkratt. Sjeldsynt
Gulrandkjukje	<i>Phaeolus schweinitzii</i>	1	A	På gammal fure. Sjeldsynt
Korallpiggsopp	<i>Hericium coralloides</i>	1	A	På morkne læger av bjørk el. osp. Sjeldsynt
Ospekvitkjukje	<i>Antrodia pulvinascens</i>	-	A	På ospelæger. Svært sjeldsynt
Rustkjukje	<i>Phellinus ferruginosus</i>	2	A	På daud hassel eller alm. Sjeldsynt
Skrukkeøyre	<i>Auricularia mesenterica</i>	1-2	A	På daude delar av alm. Truleg sjeldsynt
Svartnande kantarell	<i>Cantharellus melanoxeros</i>	-	A	Baserike hasselkratt. Svært sjeldsynt
<b>Lav</b>				
Bleikdoggnål	<i>Sclerophora nivea</i>	1-2,5	A	På gamle almar. Sjeldsynt
Blyhinnelav	<i>Leptogium cyanescens</i>	2,5	A	Mosedekte berg eller lauvtre. Sjeldsynt
Blådoggnål	<i>Sclerophora farinacea</i>	1,2	A	På gamle almar. Svært sjeldsynt
Gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	1,2	B	Gammal, oseanisk (fure)skog. Uvanleg
Grynfiltlav	<i>Pannaria conoplea</i>	1-2,5	B	Lauvtre og berg. Spreidd
Kort trollskjegg	<i>Bryoria bicolor</i>	1,2	A	Råmerike bergveggjar. Sjeldsynt
Kystvrenge	<i>Nephroma laevigatum</i>	1-2,5	B	Lauvtre og berg. Spreidd og sparsam
Lungenever	<i>Lobaria pulmonaria</i>	1-2,5	B	Lauvtre og berg. Spreidd, ikkje uvanleg
Muslinglav	<i>Normandina pulchella</i>	2,5	B	På lauvtre. Sjeldsynt
Rund porelav	<i>Sticta fuliginosa</i>	1-2,5	A	Lauvtre og berg. Sjeldsynt
Skrubbenever	<i>Lobaria scrobiculata</i>	1-2,5	B	Lauvtre og berg. Spreidd, ikkje uvanleg
Skrukkelav	<i>Platismatia norvegica</i>	1-2,5	A	Lauvtre og berg. Sjeldsynt
Sølvnever	<i>Lobaria amplissima</i>	1-2,5	A	Berg og eldre lauvtre. Sjeldsynt
Vanleg blåfiltlav	<i>Degelia plumbea</i>	1-2,5	B	Lauvtre og berg. Spreidd, ikkje uvanleg
<b>Karplantar</b>				
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	3	B	Råmerik skog el. urer, sjeldsynt i skogmiljø
Bakkemynte	<i>Acinos arvensis</i>	-	A	Tørrbakkar el skog, baserik grunn. Sjeldsynt
Bergfaks	<i>Bromus ramosus</i>	-	A	Rik edellauvskog. Svært sjeldsynt
Bergfrue	<i>Saxifraga cotyledon</i>	1-2,5	B	Berg og urer, oftast baserik grunn. Utbreidd
Bergmynte	<i>Origanum vulgare</i>	1,5	B	Edellauvskog, urer og berg. Utbreidd
Bergveronika	<i>Veronica fruticans</i>	-	B	Berg, grus, rasmark, baserikt. Sparsam
Blankburkne	<i>Asplenium adiantum-nigrum</i>	-	A	Ein stad på olivin (Bjørlykke 1938)
Breiflangre	<i>Epipactis helleborine</i>	1-2,5	B	Rikare bar- og lauvskog. Spreidd og sparsam
Breiull	<i>Eriophorum latifolium</i>	1	A	Rikmyrar. Spreidd og sparsam
Brudespore	<i>Gymnadenia conopsea</i>	1-2, S	B	Myrar og enger, baserik grunn. Utbreidd
Brunburkne	<i>Asplenium adulterinum</i>	-	A	Ein stad på olivin. (sjå Bjørlykke 1938)
Dvergjamne	<i>Selaginella selaginoides</i>	1-2	B	Medelsrik myr, spreidd til utbreidd
Dvergmispel	<i>Cotoneaster scandinavicus</i>	-	B	Berg og tørrbakkar, baserik grunn. Spreidd
Engmarihand	<i>Dactylorhiza incarnata</i>	1	A	Rikmyrar. Svært sjeldsynt (Fausalia)
Fjellkvitkurle	<i>Leucorchis albida straminea</i>	-	A	Kalkrike fjellområde. Svært sjeldsynt
Fjellmarinøkkel	<i>Botrychium boreale</i>	S	A	Rasmark, baserikt. Svært sjeldsynt
Flekkmure	<i>Potentilla crantzii</i>	S	B	Fjellhei, tørrbakkar, baserikt. Spreidd

Norsk namn	Latinsk namn	K	V	Økologi og forekomst i Stranda
Fjellnøkleblom	<i>Primula scandinavica</i>	S	A	Rike enger i fjellet. Svært sjeldsynt
Fuglereir	<i>Neottia nidus-avis</i>	2-3	A	Rik bar- eller lauvskog. Svært sjeldsynt
Furuvintergrøn	<i>Pyrola chlorantha</i>	1-2	A	Tørr fureskog el. edellauvskog. Sparsam
Gullmyrklegg	<i>Pedicularis oederi</i>	S	A	Rikmyrar, fuktige heiør, baserikt. Sparsam
Gullrublom	<i>Draba alpina</i>	S	A	Snøleie på kalkgrunn. Svært sjeldsynt
Grønbuknne	<i>Asplenium viride</i>	5	A	Mest på oliven og serpentin. Sjeldsynt
Gulsildre	<i>Saxifraga aizoides</i>	1-2	B	Litt baserike fuktområde. Utbreidd
Gulstorr	<i>Carex flava</i>	1-2,5	A	Myr og myrlendt skog, baserikt. Sjeldsynt
Hårstorr	<i>Carex capillaris</i>	1,2	A	Rikmyr og rike sig. Sjeldsynt
Jordnøtt	<i>Conopodium majus</i>	-	B	Tørrbakkar og enger. Sjeldsynt kyststart
Junkerbregne	<i>Polystichum braunii</i>	1-2,4-5	A	Rik furuskog, edellauvskog. Sjeldsynt
Jåblom	<i>Parnassia palustris</i>	1-2	B	Rikmyr, fukteng. Spreidd. Mest i fjellet
Kantkonvall	<i>Polygonatum odoratum</i>	1	B	Tørrbakkar og open skog. Spreidd
Knerot	<i>Goodyera repens</i>	1-2	B	Moserik furuskog, blokkmark. Sparsam
Kransmynte	<i>Clinopodium vulgare</i>	1-2,5	B	Lauvskog, næringskrevjande. Utbreidd
Krattfiol	<i>Viola mirabilis</i>	1	A	Edellauvskog el. rasmark. Sjeldsynt.
Kristtorn	<i>Ilex aquifolium</i>	1	A	Spreier seg i ymse miljø. Svært sjeldsynt
Kusymre	<i>Primula vulgaris</i>	1-4	A	Berre ved Ljøen-Hammaren. Kystplante
Kvit skogfrue	<i>Cephalanthera longifolia</i>	2-3	A	Rik skog, baserikt. Sjeldsynt. <b>FREDLYST!!</b>
Kvitkurle	<i>Leucorchis alb. ssp. albida</i>	-	A	Beitemark, rasmark, heiør, baserikt. Sparsam
Lakrismjelt	<i>Astragalus glycyphyllos</i>	S	A	Skog og kratt, oftaast kalkrikt. Sparsam
Laukurt	<i>Alliaria petiolata</i>	3	B	Næringsrik skog og urer. Sjeldsynt
Lind	<i>Tilia cordata</i>	-	A	Berre ved Ljøen, varmekjær plante
Morell	<i>Prunus avium</i>	3	B	Edellauvskog. Spreidd, ikkje uvanleg
Murbuknne	<i>Asplenium ruta-muraria</i>	1-2	A	Kalkrike berg. Truleg sjeldsynt
Myrsaulauk	<i>Triglochin palustris</i>	1-2	B	I myrar, ofte baserik grunn. Sparsam
Myske	<i>Galium odoratum</i>	1-2,4-5	B	Næringskrevjande, mest i skog. Utbreidd
Nattfiol	<i>Platanthera bifolia</i>	1-2	B	Slåtteeng, sjeldsynt i rasmark. Uvanleg
Olavsstake	<i>Moneses uniflora</i>	1	B	Skuggefull, moserik (fure)skog. Sparsam
Rabbestorr	<i>Carex glacialis</i>	S	A	Vindslitne rabbar, baserikt. Sjeldsynt
Rabbetust	<i>Kobresia myosuroides</i>	S	A	Kalkrabbar i fjellet. Sjeldsynt
Ramslauk	<i>Allium ursinum</i>	2	A	Kystplante. Sjeldsynt (varmekjær).
Raudflangre	<i>Epipactis atrorubens</i>	1	A	Kalkfureskog. Spreidd og sparsam
Raudsildre	<i>Saxifraga oppositifolia</i>	2,S	B	Kalkrike berg. Spreidd
Sanikel	<i>Sanicula europaea</i>	1-5	A	Næringskrevjande. Spreidd, ikkje uvanleg
Skogfaks	<i>Bromus benekenii</i>	1-2,4	A	Varm skog og skogkantar, baserikt. Sparsam
Skoggrenaks	<i>Brachypodium sylvaticum</i>	1-5	A	Rik bar- og lauvskog. Ganske vanleg
Skogkløver	<i>Trifolium medium</i>	-	B	Skog og kratt, baserikt. Svært sjeldsynt
Skogskolv	<i>Lathyrus sylvatica</i>	-	A	Skogkantar, berg og urer. Sparsam
Skogsbjønnbær	<i>Rubus nessensis</i>	3	B	Kantkratt, vegkantar. Sjeldsynt
Skogsvingel	<i>Festuca altissima</i>	1,2	A	Edellauvskog på god moldjord. Sjeldsynt
Småsivaks	<i>Eleocharis quinqueflora</i>	1	A	Rikmyrar. Sjeldsynt
Sotstorr	<i>Carex atrofusca</i>	-	A	Rikmyr, enger, rasmark, baserikt. Sjeldsynt
Springfrø	<i>Impatiens noli-tangere</i>	1,2	A	Gråor-almeskog. Truleg spreidd og sparsam
Stivsildre	<i>Saxifraga hieracifolia</i>	S	A	Fuktige stader i fjellet, baserikt. Sjeldsynt
Storklokke	<i>Campanula latifolia</i>	1-2,4	B	Næringsrik høgstaudeskog. Ganske vanleg
Stortviblad	<i>Listera ovata</i>	1	A	Rikmyrar og fuktenger. Sjeldsynt
Svartertekapp	<i>Lathyrus niger</i>	1-2	A	Rik skog, næringskrevjande. Spreidd
Svartstorr	<i>Carex atrata</i>	S	B	Rasmark eller baserike fuktig. Spreidd
Taggbregne	<i>Polystichum lonchitis</i>	1-2	B	Litt basekrevjande, berglendt. Utbreidd

<b>Norsk namn</b>	<b>Latinsk namn</b>	<b>K</b>	<b>V</b>	<b>Økologi og forekomst i Stranda</b>
Tannrot	<i>Cardamine bulbifera</i>	1,3-4	A	Næringsrik lauvskog. Sjeldsynt
Trollbær	<i>Actaea spicata</i>	1,4	B	Mest i ore- og edellauvskog. Spreidd
Trollurt	<i>Circaeaa alpina</i>	1-2	B	Frodig, gjerne skuggefull skog. Utbreidd
Tuvesildre	<i>Saxifraga cespitosa</i>	S	B	Rasmark i fjellet og rike berg. Sjeldsynt
Vaniljerot	<i>Monotropa hypopitius</i>	1	A	Tørr fureskog. Svært sjeldsynt
Villapal	<i>Malus sylvestris</i>	2,3	A	Edellauvskog, oftest baserikt. Sjeldsynt
Vårerteknapp	<i>Lathyrus vernus</i>	1-2,4	B	Fuktig, næringsrik skog. Spreidd
Vårmarihand	<i>Orchis mascula</i>	2,4	B	Rikare skog, enger, rasmark osb. Spreidd
<b>Insekt</b>				
Maurløve	<i>Myrmelon formicarius</i>	-	A	Tørr, sandrik fureskog. Sjeldsynt
<b>Fugl</b>				
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	1	A	Sjeldsynt hekkefugl, helst gammal lauvskog
Gråspett	<i>Picus canus</i>	1	A	Spreidd hekkefugl, gammal skog
Hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	1	A	Sjeldsynt hekkefugl, gammal fureskog
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	1	A	Spreidd hekkefugl, gammal skog
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	1	B	Spreidd hekkefugl, glissen (fure)skog
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	1	A	Sjeldsynt hekkefugl, gammal fureskog
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	1	B	Spreidd hekkefugl, gammal fureskog

## 4.2 Kommentarar til nokre av signalartane

### 4.2.1 Vedbuande sopp

*Begerfingersopp* (omsynskrevjande) vart saman med funnet til Jordal og Gaarder (pers. medd.) i Rauma det første på Vestlandet. Arten er knytt til svært nedbrotne læger av osp, og er generelt truga av dei moderne driftsformene i skogbruket (Ryman & Holmåsen 1992:114).

*Filtjuke* (omsynskrevjande) veks i tørr, sandrik (fure)skog (eller på furetre). Funnet i fureskogen ved Lauvvikane vart det andre i Møre og Romsdal (sjå også Jordal 1993).

*Gulrandkjuke* er bunde til gamle furetre, og førekjem sparsamt over det meste av fylket. Arten er eittårig og er ein god signalart for gamle fureskogsmiljø (Ryman & Holmåsen 1992:180).

*Korallpiggsoppen* (omsynskrevjande) er mellom dei sjeldnaste av dei vedbuande soppane i fylket. Den finst på læger av bjørk eller osp. Arten er truga av moderne skogbruk (Jordal & Gaarder 1998a:37), og er ein svært god signalart som indikerer høge naturverdiar.

*Ospekvitkjuke* (sjeldsynt) er ein sjeldsynt art som er knytt til nedbrotne osp. I Møre og Romsdal er arten tidlegare berre funnen eit par stader (Molde og Tingvoll, geir Gaarder pers. medd.).

*Skrukkeøyre* finst på daud ved av alm, og er spreidd og ikkje heilt vanleg i fylket vårt (norsk nordgrense i Aure). Arten er varmekjær, og synest vere heilt knytt til alm her i fylket.

*Rustkjuke* (omsynskrevjande) veks oftest på alm eller hassel, og det eine funnet ved Ovrå vart gjort i skog med høge naturverdiar (svært artsrikt område). Ho gjer ikkje så mykje av seg, og er lett å oversjå. Til liks med skrukkeøyre finst denne arten til vanleg i edellauvskog.

Sjå kapittel 4.2.1 for kommentarar til dei jordbuande soppane.

## 4.2.2 Lav

*Bleikdoggnål* (skorpelav) vart berre funne på gammal alm, og det samsvarer med det som er kjent frå før i Møre og Romsdal (sjå Gaarder m.fl. 1997). Denne fann vi berre på "almekjempa" ved Furset (kringmålet vart i 2000 målt til meir enn 660cm. Treet må vere mellom dei største almane i Noreg). *Blådoggnål* er i Møre og Romsdal tidlegare berre funne i Nesset og Sunndal. Vi fann ho på ein gammal, styvd alm ved Ovrå. Arten er ein god signalart for kontinuitet for gamle tre (sjå Jordal & Gaarder 1998a:48).

*Lungenever*, *skubbenever* og *sølvnever* er tre ganske vanlege artar i lungenever-samfunnet som har ei vid utbreiing langs kysten. Sølvnevra vert rekna som den beste signalarten av desse, og veks ofte i miljø med høge naturverdiar. Klimaet i Stranda ser likevel ut til å vere berre delvis råmerikt nok til at artane kan seiast å vere talrike, og særleg ser sølvnevra ut til å vere sparsam.

*Rund porelav* vart beste artsfunnet i lungenever-samfunnet. Porelaven vart funnen under Preikestolen i Geirangerfjorden og i Hasselvika ved Espeljelle. Elles vart *skrukkelav* funnen ved Liene mot Sunnylvsfjorden og ved Jufossen (denne er typisk for dei såkalla Trønderlava, som i hovudsak er heimehøyrande i boreal regnskog).

Mange av dei artane som framleis er vanlege hjå oss, er utrydda eller sterkt truga i nabolanda og generelt over det meste av Europa. I tillegg til skogsdrift er luftforureining eit viktig trugsmål. Sjå elles Jordal & Gaarder (1998a:108), som listar opp artar som står oppførde på raudlistene i nabolanda våre.

## 4.2.3 Karplantar

Nokre av fjellplantane som er lista opp har vestgrensa si i Noreg nett i Stranda. Dei er oftast sparsame eller sjeldsynte i fjella her. Til sams har dei i regelen at dei vil ha kalkgrunn eller baserik grunn (Skogen 1979), og tenkjer ein over berggrunnen i kommunen, forstår ein at dei ikkje vil få noka større utbreiing i framtida. Dette gjeld artar som t.d. *snøsøte*, *stivsildre* og *rabbestorr* m.fl. Opplysningane om dei fleste av desse er i hovudsak frå tidlegare undersøkingar (sjå 3.1.9).

Av bregnane vart det gjort fleire interessante funn. *Brunburken* finst etter det ein veit berre på oliven eller serpentin, og vil difor aldri verte særleg vanleg (veks berre ein stad i Stranda, på ein olivinknaus ved Liene (Uksagliene), sjå Bjørlykke, 1938). *Blankburken* veks saman med brunburken på denne olivinknausen, og er eigentleg ein kystbunden art. *Fuglereir* er ein underleg orkidé som vantar klorofyll. Den er sjeldsynt på Nordvestlandet, og vart berre funnen ein stad i Stranda. *Kusymrene* som veks ved Ljøen er isolerte, og nærmeste førekomst ut fjorden er etter det ein veit no på Viset i Ørskog (men er nett funne ved Linge i Norddal). Ho skal også vekse ved Skrenakken (Norddal) ein stad. Kusymra er til vanleg ein kystbunden art, og ho vil helst ha det varmt og næringsrikt. Av andre kystbundne karplantar kan nemnast *jordnøtt* og *ramslauk*, som begge førekjem sparsamt i kommunen i rike edellauvskogar eller rik fureskog, jordnøtt også på tørrberg ved ytre Åkernes.

Dei store grasartane *bergfaks*, *skogfaks* og *skoggrønaks* førekjem til vanleg i rik edellauvskog og kalkrike fureskogar. Førstnemnde er svært sjeldsynt i Noreg. Dei to siste i denne gruppa, *kjempesvingel* og *skogsvingel* fann vi ikkje i 2000, men vi trur likevel at dei kan finnast i rike edellauvskogar i kommunen.

*Raudflangre* er ein sjeldsynt (på Sunnmøre) orkidé som er heimehøyrande i kalkfureskog og på kalkberg, og alle funna er også frå slike miljø. Ein stad fann vi også den meir eksklusive *kvit skogfrue* i kalkrik skog, og denne vakre orkideen er fredlyst. Skogfrua er no kjent frå om lag 25 ulike område i fylket (Jordal & Gaarder 1998a, eigne funn). Funnstadene skal haldast hemmelege av omsyn til uvettig innsamling. På myr vil artar som *breiull*, *brudespore*, *engmarihand*, *gulstorr*, *småsivaks* og *stortviblad* vere brukande og gode signalartar for rike miljø, i regelen saman med vanlegare kalkelskande karplantar som *bjønnbrodd*, *dvergjamne*, *myrsaulauk* og *svarttopp* m.fl.

## 4.2.4 Fugl

Hakkespettane er helst bundne til område med mykje daud ved, og særleg er *kvitryggspetten* avhengig av førekomst av vedbuande insekt. Han er den mest arealkrevjande av hakkespettane, med eit leveområde som tilsvarar 1000-4000 daa produktiv skog på heilårsbasis.

*Storfuglen* er ikkje vanleg i indre fjordstrok på Sunnmøre. Arten er typisk for gammal fureskog, og leikeplassane ligg helst i samband med flate eller småkuperte åsryggar eller sokk. Det vart funne reir så seint som i 1998, og det tyder at ei lita stamme framleis held seg oppe. Ein leikplass har vore kjent i lengre tid, og det er svært viktig at det vert teke omsyn til denne i skogbruket.

*Hønsehauken* er mellom dei fuglane som går sterkt attende, og dette gjeld for heile landet. I Stranda er det for tida tre hekkande par. Vi trur at alle tre er truga av driftsformene i skogbruket og andre aktivitetar i områda. Sjølv om alternative hekkeplassar er tilgjengelege i nærleiken av reira er det viktig at ein utarbeider ein langsiktig skjøtselsplan som sikrar levevilkåra for arten i framtida.

Dårlegare næringstilhøve som ei følgd av dei moderne driftsformene i skogbruket reknast i dag som det største trugsmålet mot hønsehauken (Myklebust 1996, Selås 1998a, 1998b, Soot 1996). For fleire kommentarar om artane sjå kapittel 4.2.1.

## 4.3 Raudlisteartar og norske ansvarsartar i Stranda

Mange artar i Stranda står oppførde i dei nasjonale raudlistene for truga artar. Jordal & Gaarder (1998a) har gjeve eit oversyn for Møre og Romsdal over funn av karplantar, sopp og lav. Det er likevel valt å ta dei med her, då det kan vere greitt å samle dei i ein kommunetabell saman med nye funn og andre raudlisteartar. Raudlistestatusen er etter DN (1999-3). Funn merkte med asterix (\*) er frå Jordal og Gaarder (1998a, gjeld sopp, lav og karplantar), fylkesmannen sin viltdatabase (fugl og pattedyr), for insekt Hansen & Aarvik (2000). Elles er alle funn nye i 1999 eller 2000. Som ein kan sjå er det svært mange nye funn.

### Raudlistekategoriar

Direkte truga (E):	Arten står i fare for å utryddast.
Sårbar (V):	Dersom den negative påverknaden held fram, vil arten venteleg gå over til kategorien direkte truga.
Sjeldsynt (R):	Arten har ei avgrensa geografisk utbreiing, og er difor utsett.
Omsynskrevjande (DC):	Arten vert negativt påverka av ulike miljøfaktorar, men er framleis for vanleg til å kome i kategoriene ovafor.
Overvakingsartar (DM):	Arten er i tilbakegang, men reknast førebels ikkje som truga.

**Tabell 04: Kjende funn av raudlisteartar i Stranda**

Latinsk namn	Norsk namn	Status	Stad/referanse/kommentar
<b>Sopp</b>			
* <i>Albatrellus subrubescens</i>	Furufåresopp <sup>6</sup>	DC	Hasselvika ved Espehjelle1998
* <i>Albatrellus subrubescens</i>	Furufåresopp	DC	Hasselvika ved Espehjelle1998
* <i>Albatrellus subrubescens</i>	Furufåresopp	DC	Liabygda 1991, därleg kartfesta
<i>Albatrellus subrubescens</i>	Furufåresopp	DC	Lauvvikane, Kart 1219 I MQ 034 087
<i>Antrodia pulvinascens</i>	Ospekvitjuke	R	Lauvvikane, Kart 1219 I MQ 038 086
* <i>Cantharellus melanoxeros</i>	Svartnande kantarell	V	Furset 1997, därleg kartfesta
<i>Cantharellus melanoxeros</i>	Svartnande kantarell	V	Lauvvikane, Kart 1219 I MQ 038 086
<i>Clavicorona pyxidata</i>	Begerfingersopp	DC	Lauvvikane, Kart 1219 I MQ 038 086
<i>Entoloma atrocoeruleum cf.</i>	-	DC	Øygardsstølen, Kart 1219 I, LQ 898 090
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	Glasblå raudskivesopp	DC	Fursetsætra, Kart 1219 I, LQ 881 082
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	Glasblå raudskivesopp	DC	Svefonna, Kart 1219 I, LQ 877 050
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	Glasblå raudskivesopp	DC	Habostadsætra, Kart 1219 II, LQ 859 034
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	Glasblå raudskivesopp	DC	Ljøsætra, Kart 1219 II, LP 912 903

<sup>6</sup> Det var to åtskilde funn ved Hasselvika.

<b>Latinsk namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Stad/referanse/kommentar</b>
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	Glasblå raudskivesopp	DC	Myklebustsætra, Kart 1219 II, LQ 885 021
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	Glasblå raudskivesopp	DC	Øygardsstølen, Kart 1219 I, LQ 898 090
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	Glasblå raudskivesopp	DC	Uksagsætra, Kart 1219 I, LQ 950 043
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	Glasblå raudskivesopp	DC	Uksviksætra, Kart 1219 I, LQ 944 055
<i>Entoloma caesiocinctum</i>	-	DC	Humlemyra, Kart 1219 II, LP 877 862
<i>Entoloma corvinum</i>	Ramneraudskivesopp	DC	Humlemyra, Kart 1219 II, LP 877 862
* <i>Entoloma exile</i>	-	DC	Gjørva, Kart 1219 II, MP 059 863
<i>Entoloma formosum</i>	Bronseraudskivesopp	R	Bergesætra, kart 1219 I, LQ 875 091
<i>Entoloma formosum</i>	Bronseraudskivesopp	R	Espehjelle, Kart 1219 I, LQ 918 128
<i>Entoloma formosum</i>	Bronseraudskivesopp	R	Humlemyra, Kart 1219 II, LP 877 862
<i>Entoloma formosum</i>	Bronseraudskivesopp	R	Kleberget, Kart 1219 I LQ 969 107
<i>Entoloma porphyrophaeum</i>	Lillabrun raudskivesopp	DC	Espehjelle, Kart 1219 I, LQ 918 128
<i>Entoloma porphyrophaeum</i>	Lillabrun raudskivesopp	DC	Framfjørst.sætra Kart 1219 II, LQ 903 001
<i>Entoloma porphyrophaeum</i>	Lillabrun raudskivesopp	DC	Øygardsstølen, Kart 1219 I, LQ 898 090
<i>Entoloma porphyrophaeum</i>	Lillabrun raudskivesopp	DC	Uksagsætra; LQ 1219 I, LQ 950 043
<i>Entoloma prunuloides</i>	Mjølraudskivesopp	DC	Ansok, Kart 1219 I, LQ 974 105
<i>Entoloma prunuloides</i>	Mjølraudskivesopp	DC	Kleberget, Kart 1219 I LQ 969 107
<i>Entoloma prunuloides</i>	Mjølraudskivesopp	DC	Øygardsstølen, Kart 1219 I, LQ 898 090
* <i>Hericium coralloides</i>	Korallpiggssopp	DC	Liabygda 1992, LQ 992 110 Kart 1219 I
<i>Hygrocybe flavipes</i>	Gulfotvokssopp	DC	Ansok, Kart 1219 I, LQ 974 105
<i>Hygrocybe flavipes</i>	Gulfotvokssopp	DC	Espehjelle, Kart 1219 I, LQ 918 128
<i>Hygrocybe flavipes</i>	Gulfotvokssopp	DC	Kleberget, kart 1219 I LQ 969 107
<i>Hygrocybe flavipes</i>	Gulfotvokssopp	DC	Ljøsætra, Kart 1219 II, LP 912 903
<i>Hygrocybe fornicata</i>	Musserongvokssopp	DC	Espehjelle, Kart 1219 I, LQ 918 128
<i>Hygrocybe fornicata</i>	Musserongvokssopp	DC	Lånastølen, Kart 1219 I, LQ 897 088
<i>Hygrocybe fornicata</i>	Musserongvokssopp	DC	Svefonna, Kart 1219 I, LQ 877 050
<i>Hygrocybe fornicata</i>	Musserongvokssopp	DC	Uksviksætra, Kart 1219 I, LQ 944 055
<i>Hygrocybe fornicata</i>	Musserongvokssopp	DC	Øygardsstølen, Kart 1219 I, LQ 898 090
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	Ansok, Kart 1219 I, LQ 974 105
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	Gjerdet/Litlegjerdet, Kart, LP 877 861
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	Espehjelle, Kart 1219 I, LQ 918 128
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	Kleberget, Kart 1219 I LQ 969 107
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	Uksviksætra, Kart 1219 I, LQ 944 055
<i>Hygrocybe lacmus</i>	Skifervokssopp	DC	Myklebustsætra, Kart 1219 II, LQ 885 021
* <i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Svartdogga vokssopp	DC	Gjørva, Kart 1219 II, MP 059 863
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Svartdogga vokssopp	DC	Uksviksætra, Kart 1219 I, LQ 944 055
<i>Hygrocybe quieta</i>	Raudskivevokssopp	DC	Øygardsstølen, Kart 1219 I, LQ 898 090
<i>Inonotus tomentosus</i>	Filtkjuke	DC	Lauvvikane, Kart 1219 I MQ 034 087
<i>Phellinus ferruginosus</i>	Rustkjuke	DC	Ovrå, Kart 1219 I, MQ 022 092
<i>Russula aurea</i>	Gullkremle	DC	Lauvvikane, Kart 1219 I MQ 038 086
<i>Sarcodon glaucopus</i>	Blåfotstorpigg	V	Lauvvikane, Kart 1219 I MQ 034 087
<b>Norske ansvarsartar som finst i Stranda</b> (etter Jordal 1997a: 83)			
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	Glasblå raudskivesopp	DC	Berre kjent frå NV-Europa
<i>Hygrocybe flavipes</i>	Gulfotvokssopp	DC	Tredjeparten av europ. funn i Noreg
<b>Makrolav</b>			
* <i>Neofuscelia verruculifera</i>	Stiftskjærgårdslav	R	Geiranger 1947, därleg kartfesta
* <i>Neofuscelia verruculifera</i>	Stiftskjærgårdslav	R	Geiranger 1936, därleg kartfesta
* <i>Stereocaulon delisei</i>	Kystsaltlav	R	Geiranger 1947, därleg kartfesta

<b>Latinsk namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Stad/referanse/kommentar</b>
<b>Norske ansvarsartar som finst i Stranda (DN 1999-3: 46-47)</b>			
<i>Pannaria conoplea</i>	Grynfiltlav	-	Lauvtre og berg. Spreidd
<i>Peltigera britannica</i>	Kystgrønnever	-	Sjeldsynt el. spreidd i fuktige miljø
<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	-	Sjeldsynt på berg eller lauvtre
<i>Lobaria amplissima</i>	Sølvnever	-	Berg og eldre lauvtre. Sjeldsynt
<i>Degelia plumbea</i>	Vanleg blåfiltlav	-	Lauvtre og berg. Ganske vanleg
<b>Mosar</b>			
<i>Brachydontium trichodes</i>	Skoddemose	DM	Horgeseter 1872 (Frisvoll & Blom 1997)
<i>Bryum riparium</i>	Kantknollvrangmose	V	Maråk 1904 (Frisvoll & Blom 1997)
<b>Karplantar</b>			
<i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Fausalia, LQ 885 167 Kart 1219 I
<i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Furset, få plantar (M. Furset p. medd.)
<i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Kjølen, utrydda (G. Kjølen pers. medd.)
* <i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Liabygda 1968, truleg utrydda
* <i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Opshaug 1941, truleg utrydda
* <i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Ous 1936, truleg utrydda
<i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Sløgstad 2000 (Kjell Hansen p. medd.)
<i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Stavseng, LQ 988 121 Kart 1219 I
<i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Stavseng, LQ 993 128 Kart 1219 I
* <i>Arnica montana</i>	Solblom	DC	Stranda 1918, truleg utrydda
* <i>Asplenium adulterinum</i>	Brunburkne	R	Uksagli 1941 (Bjørlykke 1938)
<i>Asplenium adulterinum</i>	Brunburkne	R	Uksagli, LQ 961 057 Kart 1219 I
<i>Bromus ramosus</i>	Bergfaks	DC	Indre Åkernes, LQ 943 937 Kart 1219 II
* <i>Bromus ramosus</i>	Bergfaks	DC	Ljøen 1918, dårleg kartfesta, utgått?
<i>Cephalanthera longifolia</i>	Kvit skogfrue	R	Funne ein stad. <b>FREDLYST!</b>
<i>Dryopteris expansa</i> var. <i>willeiana</i>	Bruntelg	DM	Fursetnakken, LQ 886 072 Kart 1219 I
* <i>Dryopteris expansa</i> v. <i>willeiana</i>	Bruntelg	DM	Hysket (Holten & Brevik 1998)
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Andberg, LQ 878 058 Kart 1219 I
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Espehjelle, LQ 919 128 Kart 1219 I
* <i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Fausa-Furnakken, LQ 90 15 Kart 1219 I
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Fausalia, LQ 886 167, Kart 1219 I
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Geiranger, MP 063 876 Kart 1219 II
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Hatlevika, LQ 920 124 Kart 1219 I
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Holedalen, LP 984 818 Kart 1219 II
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Kjellstad, LP 841 813 Kart 1219 II
* <i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Liabygda 1967, (sjå under Stavseng)
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Middagsnibba, LP 852 777 Kart 1219 II
* <i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Oshammaren 1918, dårleg kartfesta
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Røyrhustakken, LP 832 788 Kart 1218 II
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Stavseng, LQ 988 122 Kart 1219 I
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Stavseng, LQ 989 134 Kart 1219 I
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Stavseng, LQ 989 128 Kart 1219 I
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Stavseng, LQ 993 128 Kart 1219 I
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Liahornet, MQ 032 109 Kart 1219 I
<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	Liahornet, MQ 039 106 Kart 1219 I
* <i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	Kvitkurle	DC	”Sunnylven” 1965, dårleg kartfesta

<b>Latinsk namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Stad/referanse/kommentar</b>
* <i>Pedicularis sylvatica hibernica</i>	Irsk kystmyrklegg	V	Stranda 1966, därleg kartfesta (Liane)
* <i>Trisetum flavescens</i> <sup>7</sup>	Gullhavre	DC	Møll- og Grandegardane 1990
<b>Norske ansvarsartar eller artar der Noreg har hovedførekomensten i Europa (DN 1999-3: 60-61)</b>			
<i>Arabis petraea</i>	Aurskrinneblom	-	Spreidd, ikkje uvanleg i kommunen
<i>Sorbus rupicola</i>	Bergasal	-	Spreidd, ikkje uvanleg i kommunen
<i>Asplenium adulterinum</i>	Brunburkne	R	Svært sjeldsynt i Stranda
<i>Dryopteris expansa v. willeana</i>	Bruntelg	DM	Svært sjeldsynt i Stranda
<i>Primula scandinavica</i>	Fjellnøkleblom	-	Svært sjeldsynt i Stranda
<i>Sorbus hybrida</i>	Rognasal	-	Spreidd, ikkje uvanleg i kommunen
<b>Insekt</b>			
<i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geirangerfjorden, Bringa (aust for elva)
<i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geirangerfjorden, Bringa (vest for elva)
<i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geirangerfjorden, Grandefonna
<i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geirangerfjorden, Horvadraget
<i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geirangerfjorden, Løsta
<i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geirangerfjorden, N for Megardsstølen
<i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geirangerfjorden, NV for Megardsst.
<i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geiranger-Grotli, Vinsåsskredene
<i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geiranger-Grotli, Vesteråsfonna
* <i>Parnassius mnemosyne</i>	Mnemosynesommarfugl	V	Geiranger 1996, anonym
* <i>Zygaena lonicerae</i>	Stor bloddråpesvermer	DC	Geiranger 1980, ikkje kartfesta
* <i>Diasemia reticularis</i>	(pyralide-art)	E	Geiranger før 1900, ikkje kartfesta
* <i>Issoria lathonia</i>	Sølvkåpe	DC	Hellesylt 1880, ikkje kartfesta
<b>Hekkefuglar<sup>8</sup></b>			
<i>Accipiter gentilis</i>	Hønsehauk	V	Indre fjordstrok
* <i>Accipiter gentilis</i>	Hønsehauk	V	Ytre fjordstrok, to par
* <i>Aquila chrysaetos</i>	Kongeørn	R	6-7 leveområde kjent
* <i>Bubo bubo</i>	Hubro	V	Sjeldsynt, mogleg utgått? 2-3 område
<i>Crex crex</i>	Åkerrikse	E	Kjølås juni 2000, første her sidan 1943
<i>Dendrocopos leucotos</i>	Kvitryggspett	V	Hysket
<i>Dendrocopos leucotos</i>	Kvitryggspett	V	Karbøen-Hellesylt
* <i>Dendrocopos leucotos</i>	Kvitryggspett	V	Kjølen
<i>Dendrocopos leucotos</i>	Kvitryggspett	V	Lauvvikane
<i>Dendrocopos leucotos</i>	Kvitryggspett	V	Ovrå
<i>Dendrocopos leucotos</i>	Kvitryggspett	V	Ljøvika
<i>Dendrocopos minor</i>	Dvergspett	DC	Karbøen-Hellesylt
<i>Dendrocopos minor</i>	Dvergspett	DC	Kjølen
<i>Dendrocopos minor</i>	Dvergspett	DC	Møllsæter
* <i>Haliaeetus albicilla</i>	Havørn	DC	2-3 hekkande par i kommunen
<i>Jynx torquilla</i>	Vendehals	V	Mogleg utrydda frå Stranda
<i>Picus canus</i>	Gråspett	DC	Fausa-Espehjelle (Skotungane)
<i>Picus canus</i>	Gråspett	DC	Gravavika
<i>Picus canus</i>	Gråspett	DC	Helbostad-Åsen
<i>Picus canus</i>	Gråspett	DC	Ljøvika

<sup>7</sup> Gullhavre er ein innført art som kom til landet før middelalderen. DN føreslår at nokre av desse artane skal stå oppførde i raudlistene (DN 1999-3: 151), mellom dei altså gullhavre.

<sup>8</sup> Oversynet her viser i regelen leveområda til fuglane, ikkje berre konkrete hekkefunn.

<b>Latinsk namn</b>	<b>Norsk namn</b>	<b>Status</b>	<b>Stad/referanse/kommentar</b>
<i>Picus canus</i>	Gråspett	DC	Ovrå
<i>Picus canus</i>	Gråspett	DC	Vesterås
<b>Norske ansvarsartar som finst i Stranda (DN 1999-3: 136)</b>			*Også nordisk ansvarsart
<i>Carduelis flavirostris</i>	Bergirisk	-	Vanleg hekkefugl nokre år
<i>Lagopus mutus</i>	Fjellrype	-	Vanleg hekkefugl nokre år
<i>Haliaeetus albicilla</i>	Havørn*	DC	Sjeldsynt hekkefugl
<i>Tringa totanus</i>	Raudstilk	-	Sjeldsynt hekkefugl på myrar
<i>Mergus serrator</i>	Siland	-	Helst i fjorden vinterstid
<i>Phalacrocorax carbo</i>	Storskarv	-	Vintersitjepllassar fint i fjorden
<i>Larus marinus</i>	Svartbak	-	Mest i fjorden haust- og vinterstid
<b>Pattedyr</b>			
* <i>Alopex lagopus</i>	Fjellrev	E	Streifar i kommunen
<i>Lynx lynx</i>	Gaupe	DM	Streifar truleg i kommunen
<i>Gulo gulo</i>	Jerv	R	Sist skoten 22. januar 1998
<i>Phocoena phocoena</i>	Nise	DM	Vanleg i fjorden om sommaren
* <i>Lutra lutra</i>	Oter	DM	Sparsam i kommunen
<i>Erinaceus europaeus</i>	Piggsvin	DM	Spreidd i Stranda
<b>Norske ansvarsartar som finst i Stranda (DN 1999-3: 142)</b>			*Også nordisk ansvarsart
<i>Gulo gulo</i>	Jerv*	R	Sparsam, mest i fjellet
<i>Lemmus lemmus</i>	Lemen	-	Vanleg nokre år, mest i fjellet
<i>Phocoena phocoena</i>	Nise	DM	Vanleg i fjorden om sommaren
<i>Lutra lutra</i>	Oter*	DM	Sparsamt i fjorden
<i>Rangifera tarandus</i>	Villrein	-	Hist og her i fjellområda

**Tabell 05: Nokre av raudlisteartane i ein internasjonal samanheng<sup>9</sup>**

<b>Norsk namn</b>	<b>Latinsk namn</b>	<b>Noreg</b>	<b>Norden</b>	<b>Bern</b>	<b>Bonn</b>	<b>Cites</b>	<b>IUCN</b>
<b>Lav<sup>10</sup></b>							
Blyhinnelav	<i>Leptogium cyanescens</i>		DC				
Grynfiltlav	<i>Pannaria conoplea</i>		DC				
Muslinglav	<i>Normandina pulchella</i>		DC				
Ospeblæreglye	<i>Collema subnigrescens</i>		DC				
Skrukkelav	<i>Platismatia norvegica</i>		DC				
<b>Mosar<sup>11</sup></b>							
Skoddemose	<i>Brachydontium trichodes</i>	DM					
Kantknollvrangmose	<i>Bryum riparium</i>	V					
<b>Karplantar</b>							
Brunburkne	<i>Asplenium adulterinum</i>	R	DC				R
Kvitkurle	<i>Leucorchis albida albida</i>	DC	V			II	
<b>Fuglar</b>							
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	DC	DC	II			
Gråspett	<i>Picus canus</i>	DC	R	II			
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	DC	V	II	I	I	LRnt
Hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	V		II	II	II	

<sup>9</sup> Ikkje alle av desse artane står i den norske raudlista.

<sup>10</sup> Mange av dei lavartane som er vanlege hjå oss (særleg dei oseaniske artane i lungenever-samfunnet) er sterkt truga eller utrydda i nabolanda våre. Desse er lista opp m.a. hjå Jordal & Gaarder (1998a:108-109).

<sup>11</sup> Desse mosane er på den europeiske raudlista (sjå DN 1999-3: 148).

Norsk namn	Latinsk namn	Noreg	Norden	Bern	Bonn	Cites	IUCN
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	V	DC	II	II	II	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	R	DC	II	II	II	
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	V	V	II			
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	V		II			
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	E	DC	II	II		VU
<b>Pattedyr</b>							
Gaupe	<i>Lynx lynx</i>	DM	R	III		II	
Jerv	<i>Gulo gulo</i>	R	V	II			R
Nise	<i>Phocoena phocoena</i>	DM	DC	II	II	II	
Oter	<i>Lutra lutra</i>	DM	V	II		I	
Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	DM		III			
<b>Insekt</b>							
Mnemosynesommarfugl	<i>Parnassius mnemosyne</i>	V		II			

### Forklaring til tabell 05

Bernkonvensjonen trådde i kraft 19. april 1979, og legg særleg vekt på å verne artar og naturtypar som er truga eller er sårbare. Liste II omfattar 145 fuglar, 30 pattedyr, eitt krypdyr, tre augnestikkjarar, tre biller og tre sommarfuglar som finst i Noreg. Medlemslanda plikter å gje desse artane og leveområda deira eit strengt vern. Liste III femnar om dei fleste artane som ikkje står oppførde i liste II. Utnytinga av desse skal regulerast på ein slik måte at bestandane ikkje vert truga.

Bonnkonvensjonen trådde i kraft 23. juni 1979 og har som hovudmål å verne om alle ville dyr som vandrar (flest sjøpattedyr og fuglar som kryssar nasjonale grenser). Liste II femnar om artar som ikkje er truga av utrydding, men som treng eit internasjonalt vern for å sikre levedyktige bestandar.

Cites (Washington-konvensjonen) trådde i kraft 3. mars 1975 og regulerer handelen med ville dyr. I liste I står oppført dei artane som er sterkt truga, og som ein hovudregel er det forbod mot import eller eksport av desse. Liste II femnar om artar som er mindre truga, men handelen skal avgrensast for å sikre arten sin langsiktige moglegheit til overleving.

IUCN er ei global raudliste.

## 4.4 Kommentarar til nokre av artane

### 4.4.1 Sopp

I nettdatabasen til Botanisk hage og museum (Tøyen) ligg no eit ganske oppdatert oversyn over dei norske raudlista soppartane ([www.nhm.uio.no/](http://www.nhm.uio.no/)) Her kan ein t.d. lett sjå nærmare på artane som er lista opp under.

*Begerfingersopp* (DC) fann vi i Lauvvikane (ospeskogen) sist i juli, og dette vart det andre funnet på Vestlandet (han vart funnen ved Flatmark i Rauma berre åtte dagar før vårt funn, John B. Jordal pers. medd.). Arten er avhengig av kontinuitet for morkne ospelæger, noko som er et uvanleg element i skogen i dag, og er generelt truga av skogsdrift (Ryman & Holmåsen 1984:114).

*Blåfotstorpigg* (V) er ein svært sjeldsynt art som berre er funnen nokre få stader i Noreg tidlegare. Han trivst best på sandjord, og er noko nordaustleg i utbreiinga si (Bendiksen m.fl. 1997:185). Funnet i den tørre kalkfureskogen ved Lauvvikane er det første på Vestlandet. Storpiggartane er mykorrhizasoppar, dette vil t.d. seie at dei dør ut ved flatehogst (Bendiksen m.fl. 1997:186). Området her fekk med dette to nye soppartar for Møre og Romsdal (og Vestlandet) ved undersøkingane 27. juli og 7. september 2000.

*Bronseraudskivesopp* (R) er ein sjeldsynt beitemarksopp som er funnen om lag 12-13 ulike stader i fylket (litt meir enn 20 i Noreg, Jordal & Gaarder 1998a). Fire funn i Stranda.

*Filtjuke* (DC) er ein soraustleg art som frå før berre er funne ein gang i Møre og Romsdal (i Volda, sjå Jordal 1993). Også denne veks i den tørre kalkfureskogen ved Lauvvikane.

*Furufåresopp* (DC) er ein sjeldsynt art som er knytt til tørr, baserik fureskog. Fire av sju kjende funn frå Møre og Romsdal er i Stranda. Desse er frå Hasselvika, ved Lauvvikane og ved Liabygda.

*Glasblå raudskivesopp* (DC) vart altså funnen av Finn Oldervik heile åtte ulike stader i 1999. Ein skal ikkje sjå bort frå at raudlistestatusen for denne beitemarksarten vert justert ned ved seinare høve (John B. Jordal pers. medd.). Arten er også mellom dei norske ansvarsartane (Jordal 1997a:83).

*Gulfotvokssopp* (DC) er ein beitemarksopp som vart ny for kommunen ved Finn Oldervik sine undersøkingar i 1999. Med om lag tredjeparten av europeiske funn i Noreg, reknar Jordal (1997a:83) denne mellom dei norske ansvarsartane.

*Gullkremle* (DC) finst helst i rikare hasselkratt på baserik grunn, og er ein uvanleg art i Møre og Romsdal (tidlegare funn i Aure, Averøy, Sula og Ålesund, sjå Jordal & Gaarder 1998a). Denne dukka opp i den hasselrike ospeskogen ved Lauvvikane 7. september 2000.

*Korallpiggsopp* (DC) vart funnen ved ein bekk i Liabygda (ved Ringsetelva, Perry G. Larsen pers. medd.) i 1992 av Perry G. Larsen. Arten er svært vakker, og kan minne mykje om eit korallrev i miniatyr. Han veks oftaast på gamle, morkne læger av bjørk eller osp. Arten er uvanleg i Møre og Romsdal.

*Limvokssopp* (V) er ein beitemarksopp som er funne fem stader i Stranda. Denne dukka i ”uventa” opp i 1999 mange andre stader på Sunnmøre (t.d. mange stader i Ålesund, sjå Jordal & Holtan 1999). Raudlistestatusen vil venteleg justerast ned ved seinare høve (John B. Jordal pers. medd.). Arten har etter alt å døme vore noko oversett, og plar dukke opp tidleg i sesongen (han er sørleg av seg).

*Lillabrun raudskivesopp* (DC) er også ein sjeldsynt beitemarksopp, frå før berre med eit par titals funn i Noreg. Denne arten er no takk vere Oldervik funnen fleire stader i kommunen (Espehjelle, Framfjørstadsætra, Uksagsætra og Øygardsstølen).

*Mjølraudskivesopp* (DC), *musserongvokssopp* (DC), *raudskivevokssopp* (DC), *skifervokssopp* (DC) og *svartdogga vokssopp* (DC) er alle beitemarksoppar som vart funne i gamle naturbeitemarker i 1999 og 2000. I kapittel 5.3 er det meir om skjøtsel og funn i denne naturtypen.

*Rustkjuke* (DC) er bunde til daud ved på alm eller hassel. Funnet ved Ovrå var på hassel. Dette er ein av dei raudlisteartane som synest ha ein sparsam, men jamm frekvens i godt utvikla hasselkratt.

*Svartnande kantarell* (V) er med dei knapt 40 funna i Noreg ein svært sjeldsynt art. I Stranda vart han funnen i eit plantefelt i overgang mot lauvskog ved Furset i 1997 av Hilde Berge. Diverre makta vi ikkje å spore han opp, slik at funnstaðen her framleis er därleg kartfesta. I 2000 gjorde forfattarane eit nytt funn i Lauvvikane. Norsk nordgrense er i Molde (Jordal & Gaarder 1998a). Området ved Lauvvikane utmerkar seg elles med svært mange raudlisteartar i fleire artsgrupper.

## 4.4.2 Lav

*Kystsaltlav* finst på steinunderlag i råmerike miljø (bekkekløfter, fossesprøysamfunn osb.) frå Vest-Agder til vårt fylke. Arten er uvanleg (Krog m.fl. 1994: 279), og vart funnen einkvan staden i Geiranger i 1947.

*Stiftskjærgårdslav* finst også på Stein nokre få stader i Noreg (Østfold, Oslo, Oppland og Møre og Romsdal) og er anten sjeldsynt eller oversett (Krog m.fl. 1994: 215). To funn i Geiranger i 1936 og 1947. Begge funna vart gjort av den kjende, svenske lavspesialisten A.H. Magnusson. Funnstadene er ikkje kartfesta, men på lavdatabasen (Tøyen), er høgd over havet gjeve opp til 100m. Dette kan t.d. peike mot Flydalsjuvet. Ein skal ikkje sjå bort frå at artane framleis finst i området.

## 4.4.3 Mosar

*Kantknollvrangmose* er funnen berre fem stader i Noreg, og veks på fuktige eller overrisla berg (Frisvoll & Blom 1997: 46). Funnet ved Maråk er frå 1904, og er verdsnordgrense for arten. Maråk i dag ser noko annleis ut enn i 1904, og ein skal ikkje sjå bort frå at arten er komen bort frå funnstadene.

## 4.4.4 Karplantar

*Bergfaks* (DC) vart påvist i 1918 einkvan staden ved Ljøen (Jordal & Gaarder 1998a). Denne fann vi ikkje att. Noko sør for indre Åkerneset fann vi likevel nye plantar. Arten er svært sjeldsynt, hjå oss finst han i Stordal og Stranda, i Naustdal i Sogn og Fjordane i tillegg til nokre funn i Hordaland og Rogaland (Lid & Lid 1994). I 1999 vart det også gjort eit funn i Aukra (John B. Jordal pers. medd.), slik at han no i alle fall finst i tre kommunar i vårt fylke. Arten kan vere eit klimarelikt.

*Brunburkne* (R) vart funnen av Bjørn Bjørlykke (Bjørlykke 1938) ved Liene, og det var nok ved den same olivinknausen vi fann han i juli 2000. Arten reknast som den einaste som utelukkande er bunden til oliven. Trugsmål mot arten er i dag i hovudsak bergverksdrift.

*Bruntelg* (DM) er ein sjeldsynt, vestleg variant av den vanlege bregnene saugetelg. Frå før er han kjent frå nokre få kommunar her i nordvest (Lid & Lid 1994). Magnar Furset fann i 2000 nokre plantar ved Fursetnakken som vi kontrollerte og kunne bestemme til bruntelg (to delområde, det største med 20-30 eksemplar, Magnar Furset pers. medd.). Den er også gjeve opp frå Hysket (sjå Holten & Brevik 1998, vedlegg 4:4). Arten er tydeleg sjeldsynt på Sunnmøre.

*Gullhavre* (DC) veks ved Møll- og Grandegardane i Geiranger (Asdøl m.fl. 1991). Denne arten er mellom dei innførte artane som DN likevel har plassert på raudlista.

*Irsk kystmyrklegg* (V) vart funnen av den kjende Valldals-botanikeren Børre I. Grønningseter ved Liane i 1962. Også dette funnet er därleg kartfesta. Den er ein underart av den vanlege kystmyrkleggen.

*Kvit skogfrue* (R) er kjent sidan om lag 1960 frå ein stad i kommunen. Vi kontrollerte lokaliteten i juni 2000, men fann berre to plantar. Det er tale om ein spektakulær, sjeldsynt og fredlyst orkidé. Funnstaden skal ikkje offentleggjerast grunna samlarar. Planten veks elles i eit svært verdfullt område med raudlisteartar og sjeldsynte artar frå fleire artsgrupper.

*Kvitkurle* (DC) er ein av fleire artar som er forsvunne (Lid & Lid 1994) frå mange lægreiggjande område grunna moderniseringa av jordbruksystemet (attgroande gamle børar). Med heile 15 nye lokalitetar i 2000 vart dette ei av dei store overraskingane på karplantesida. Dei fleste nyfunna skriv seg frå ulike typar rik bakkemyr, fjellbjørkeskog eller rasmark, helst i fjellet, men det vart også nokre funn i gamle, attgroande slåtteenger. Funnet ved Espehjelle med meir enn 90 plantar i juni 2000 må trekkaast fram, då dette truleg er den viktigaste lokaliteten som er kjent i fylket (og i Noreg) nett no. Også ved Andeberg og Kjellstad er det ein god slump av desse vakre småorkideane.

*Solblom* (DC) har også gått sterkt attende i kulturlandskapet. I Stranda var det frå før kjent fire område (sjå ovafor). Alle desse vart kontrollerte i 2000 med nedslåande resultat. Også ved Kjølen (Geir Kjølen pers. medd.) fanst planten tidlegare. Årsaka til nedgangen er nok at det vart slutt på skogsbeitinga og utslåtten, i tillegg til at mange av at heimebøane gror att. Planten skal framleis finnast einkvan staden mellom Berge og Sløgstad (Kjell Hansen pers. medd.). Magnar Furset fann også nokre få solblomar i ei attgroande slåtteeng på eigedomen sin hausten 2000.

Vi fann tre nye lokalitetar, med Fausalia og vestre Stavseng som dei to viktigaste. Desse har truleg opp mot 10.000 plantar kvar, og er eit syn i bløminga (august). Svært interessant er det at dei alle veks i rik fjellbjørkeskog, heilt opp mot skoggrensa, i overgang mot rik eller medelsrik bakkemyr saman med m.a. den raudlista kvitcurla (DC). Alle områda ser ut til å vere truga av hyttebygging og/eller granplanting, slik at her har ein i kommunen ei sterk utfordring i høve til å take vare på dei.

Av dei norske ansvarsartane er det verd å nemne dei ulike rognene, i Stranda gjeld det *bergasal* og *rognasal*. Desse to er ganske vanlege i kommunen. Mange av dei ulike artane innanfor dette komplekset er endeme (finst berre ein eller eit fåtal stader), og dei fleste norske artane finst berre i Noreg.

#### 4.4.5 Insekta

*Mnemosynesommarfugl* (V) er ein svært sjeldsynt, fredlyst sommarfugl som hjå oss tidlegare var kjent frå Sunndal, Nesset og Norddal her i fylket og frå Luster i Sogn. Med heile åtte-ni nye lokalitetar i Stranda vart dette den store overraskinga når det gjeld insekt ved 2000-undersøkingane. Arten er helst knytt til ulike typar rasmark. Berre vertspanten til larvane, lerkespore, er til stades, ser det ut til å spele mindre rolle kva artsinventar rasmarka har elles. Vi trur det skal vere råd å finne fleire lokalitetar ved eit seinare høve, då vi ikkje fekk tid til å fare over alle potensielle område for sommarfuglen. Mange av desse ligg slik til at det kan vere direkte farleg å ferdast grunna steinsprang, bratt og vanskeleg lende osb.

Eitt funn frå 1996 (Hansen & Aarvik 2000) synest vere anonymt. Ein skal ikkje sjå bort frå at dette kan ha samanheng med at arten er fredlyst (Lars O. Hansen pers. medd.).

*Stor bloddråpesvermar* (DC) vart funnen i Geiranger i 1980 (Hansen & Aarvik 2000). Arten trivst best i naturenger, gjerne på gulskolm, raudkløver eller tiriltunge.

*Sølvkåpe* (DC) vart funne på Hellesylt før 1900 (Hansen & Aarvik 2000). Arten lever i sørvestnatur og tørrberg på fiolar, særlig stemorsblom.

*Diasemia reticularis* (E) vart funne i Geiranger kring 1880 (Hansen & Aarvik 2000). Denne lever i tørrbakkar og naturenger, helst på kjempe-arta eller sværer.

Dei tre siste her skulle vel vere råd å finne att einkvan staden i fjordbygdene. Det er i alle fall ikkje mangel på eigna leveområde ut frå dei krava dei har.

#### 4.4.6 Hekkefuglar

*Havørn* (DC) har etter at ho vart fredlyst i 1968 gått sterkt fram over heile landet. Dersom havørnstamma i framtida syner like positive teikn i høve til framgang som i dag, kan ein vente at ho også i Stranda vil auke noko slik som elles i Sør-Noreg. Ho er no hekkefugl i alle kommunane i fylket (Alv O. Folkestad pers. medd.). Viktigaste trugsmålet mot arten er uroing i hekketida (primo februar - medio juli), og ørna toler ikkje mykje ferdsel innanfor reviret (ein km frå reiret) i denne tidsbolken. Havørna er ein typisk norsk ansvarsart med om lag 45-50% av den europeiske stamma. I Stranda er to par etablerte, kan hende tre.

*Kongeørn* (R) er kjent frå om lag seks område i Stranda. Også kongeørna vart fredlyst i 1968, og er i dag inne i ein positiv trend. Viktige trugsmål mot hekkesuksessen er uroing i hekketida, men ein del fuglar dør også som ei følgd av kollisjon med kraftliner. Som for dei andre store rovfuglane får ein vone at det vert teke omsyn til reirområda i samband med planlegging av vegar, kraftliner, turløyper eller anna som kan svekke stamma. Møre og Romsdal skal ha den tettaste kongeørnstamma i landet (Alv O. Folkestad pers. medd.), likevel kan ho ikkje seiast å vere spesielt vanleg.

*Hønsehauk* (V) har truleg aldri vore særleg vanleg i dei indre stroka av fylket, og dette skuldast helst topografien. I Møre og Romsdal, som i resten av landet, har hønsehauken hatt ein dramatisk nedgang i mange av kommunane i fylket er stamma halvert sidan midten på 1970-talet (Soot 1996). Etter det ein veit skuldast nedgangen i hovudsak dårlegare næringstilhøve som ei følgd av dei moderne driftsformene i skogbruket (Myklebust 1996, Selås 1998a, 1998b). Tre par hekkar i Stranda, det eine har vore og er kraftig truga av skogbruket medan dei to andre fort kan verte utsett for hogst, treslagsskifte og vegbygging i skogen. Ingen av hønsehaukane i kommunen kan seiast å vere trygge slik stoda er i dag.

Stoda for *hubro* (V) er meir usikker. Grunna leveviset er denne kjempeugla ikkje god å kartleggje. Eit prosjekt leia av Norsk Ornitologisk Foreining i Møre og Romsdal i 1998-99 gav m.a. eit oversyn over stoda på Sunnmøre nord for Storfjorden. Av 40 kjende reirområde var truleg seks-sju i bruk. Det må

likevel peikast på at fuglen er lett å oversjå, då han kan halde seg heilt taus gjennom heile hekketida. I Stranda er det kjent to-tre revir frå gammalt av, men det er svært usikkert om dei er i bruk. Det er med andre ord ønskjeleg å undersøke stoda nærare.

*Dvergspett* (DC) har truleg tilhald minst tre ulike stader i Stranda (Grande, Kjølen og Karbøen). Arten gjer lite av seg, er lett å oversjå og er knytt til gammal lauvskog, gjerne i samband med dyrkamark.

*Gråspett* (DC) er avhengig av lysopne skogar som får skjøtte seg sjølv og har høgt innslag av daude eller døyande tre. Arten finst både i lauv- og barskog, berre det er godt om maur som er hovudføda. Det kan sjå ut som arten i alle fall på Sunnmøre er vanlegare i ytre strok. Av det ein veit om negative faktorar for arten, kan nemnast massiv hogst av osp og treslagskifte til gran (Myklebust 1996). Det skulle dermed vere aktuelt å syte for at ein i Stranda til ei kvar tid har sett av område med gamle lauvtre og ospebestandar. I alt seks leveområde vart avdekt i samband med prosjektet i 2000, dei fleste i samband med gammal, tørr fureskog blanda med gammal lauvskog.

Med meir enn 90% av hekkebestanden i Norden for *kvitryggspett* (V) lokalisert på Vestlandet frå Agerfylka til Møre og Romsdal (Myklebust 1996), seier det seg sjølv at førekostane i dei einskilde kommunane er av stor verdi for denne arten totalt sett. Arten er ein utprega spesialist, som er knytt til (på våre kantar) gammal fureblandingsskog med stort innslag av daude eller døyande tre, og det må også vere mykje gammal lauvskog i leveområda, truleg av di vedlevande larvar er viktigaste føda i hekketida. I Stranda finst han også i rein lauvskog, og truleg hekkar det i alt minst seks par. Arten er den mest arealkrevjande av hakkespettane, og treng frå 1.500 til 4.000daa skog (gjennom heile året) med høgt innslag av daude eller døyande tre av den kvaliteten som er peika på ovafor for å overleve. Framtida til arten kan berre sikrast ved at ein i skogbruket sparar parti med gammalskog, og syter for at daude og døyande tre ikkje vert råka av hogst (sjå t.d. Stenberg 1998).

*Vendehalsen* (V, eigentleg ein hakkespett) hekka i Stranda truleg fram til midten på 1990-talet. Som så mange andre stader i fylket, er han no meir og mindre forsvunnen. Arten er spesialist på jordmaur, og hekkar vanlegvis i lauv- og blandingsskog med lysopne parti. Aktuelle skjøtselstiltak generelt reknast for å vere redusert bruk av sprøytemiddel i jordbruket og bevaring av naturenger og beitemark. Kålås (1982) gjev opp at vendehalsen fanst regelmessig, men fåtalig ved Vesteråsvassdraget i 1980. Geir Kjølen (pers. med.) meiner at fuglen haldt seg ved Kjølen fram til åra etter 1990. det er grunn til å undersøke stoda for vendehalsen nærare.

*Åkerrikse* (E) er mellom dei norske fugleartane som er direkte truga (moderne driftsformer i landbruket). Heilt overraskande dukka ho opp i juni 2000 ved Kjølås (Lars Solli pers. medd). Fuglen heldt seg i området nokre veker og så forsvann. Det er elles registrert nokre få fuglar opp gjennom åra Geir Kjølen (pers. medd.).

## 5 Skildring av avgrensa område

Kapitla 3 (naturtypar), 4 (artsomtalar), 5 (områdeskildringar) og 8 (artstabellar) høyrer til resultatdelen.

### 5.1 Skog

**Tabell 06: Oversyn over kartlagde skogsområde**

Nr	Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd (m o.h.)	Kunnskap	Verdi
01	Ansok	Kart 1219 I Stranda, LQ 975 104	10-240	God	B <sub>1</sub>
02	Bringa (aust for elva)	1219 II Geiranger, MP 024 896	0-500	God	A <sub>1</sub>
03	Bringa (vest for elva)	1219 II Geiranger, MP 015 895	0-600	God	A <sub>1</sub>
04	Frøysa	1219 II Geiranger, LP 944 805	300-500	God	B <sub>1</sub>
05	Grande	1219 II Geiranger, LP 944 805	10-600	God	A <sub>1</sub>
06	Gravavika-Uraneset	1219 I Stranda, LQ 94-96, 10-12	0-600	Medels	A <sub>1</sub>
07	Hellesylt-Karbøen	1219 II Geiranger, LP 871 845	100-500	Medels	B <sub>1</sub>
08	Horvadraget-Knivsflåelvane	1219 II Geiranger, MP 000 870	0-350	God	A <sub>1</sub>
09	Hysket	1219 II Geiranger, MP 043 893	0-550	God	A <sub>1</sub>
10	Langflåa	1219 II Geiranger, LP 979 864	0-150	Medels	B <sub>1</sub>
11	Lauvvikane-Ovrå	1219 I Stranda, LQ 030 090	0-500	God	A <sub>1</sub>
12	Liene (Uksagliene)	1219 I Stranda, LQ 963 053	0-300	Medels	A <sub>1</sub>
13	Ljøvika-Hammaren	1219 II Geiranger, LP 922 905	0-500	God	A <sub>1</sub>
14	Nakkane-Øygardsnakken	1219 I Stranda, LQ 920 130	0-500	Medels	A <sub>1</sub>
15	Nedre Ljøen	1219 II Geiranger, LP 915 887	0-200	God	A <sub>1</sub>
16	Stavseng (aust)	1219 I Stranda, LQ 994 127	400-600	God	A <sub>1</sub>
17	Stavseng (vest)	1219 I Stranda, LQ 987 123	300-480	God	A <sub>1</sub>
18	Tindbjørgane-Åkerneset	1219 II Geiranger, LP 950 945	0-300	God	A <sub>1</sub>

Utanom dei kartlagde områda som er med i tabellen, er det nokre stader som bør kartleggjast. Storleiken på kommunen gjorde sitt til at vi ikkje vann over alt vi ønskte (sjå også kapittel 2.3).

Fursetnakken ovafor Furset har m.a. førekommstar av junkerbregne (arten er spreidd på Sunnmøre - men ofte med gode førekommstar der han veks- og ser ut til å vere ein god indikator på rike miljø) og den svært sjeldsynte bruntelgen (DM). Den vart funnen av Magnar Furset i 2000. Her skal også vekse mellomtrollurt (Magnar Furset pers. medd.), som er ei kryssing av trollurt og stortrollurt. Planten er kjent nord og aust til Ørskog (Lid & Lid 1994, sjå også Holten & Brevik, 1998, om funn ved Hysket), medan stortrollurt ikkje er kjent nord for Selje i Nordfjord.

Området mellom Liabygda og Ovråneset bør også undersøkjast nærmare. Folkestad og Bugge (1988:10) vurderte området frå båt i august 1987. Ved Bøstøa skal det vere ”uvanleg stor og frodig almeskog i tett bestand. Elles er det rik blandingslauvskog med alm, hengjebjørk, hassel, svartor....mispel og furu”. Dei vurderte Bøstøa til regional eller nasjonal verdi.

Ved Liastøa nemner dei ”Stor bestand av villmorell i nedste delen. Flekkvis små bestand med grov alm og gråor”. Her skal også vere forvilla kristtorn (Folkestad 1976:18). Dette gav inspirasjon til ein liten stikkprøve 23. oktober 2000 (Holtan). Det vart funne fire store kristtornar (han- og hopplantar) opp til 4.5m høgd i tillegg til nokre småplantar, og dei er truleg spreidd med fugl frå ein av fruktdyrkarane i nærleiken. Den svært sjeldsynte vaniljerota veks ved den nedste u-svingen før kaia.

## 01 Ansok

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Ansok	Kart 1219 I Stranda, LQ 975 104	10-240m o.h.	God	B <sub>1</sub>
Dato: 1987: 20. august (Folkestad og Bugge), 1990: 31. august (Korsmo & Svalastog), 2000: 5. juli (Holtan og Grimstad)				

### Naturtype

Kalkskog (tørr utforming).

### Skildring

Området ligg i ei bratt, sørvendt li vest for Liabygda nedafor Ansokgardane mot bilvegen til ferjelægjet. Lia er svært soleksponert og i hovudsak grunnlendt. Berg og skoltar stikk fram i dagen mange stader, slik at ein får ein variert topografi. Vi avgrensa etter bergveggen aust i området, frå tunnelen ved Brauta, og vestover langs vegen til Grova (jfr. avgrensinga hjå Korsmo & Svalastog 1997: 90).

Feltsjiktet er generelt svakt utvikla, slik det plar vere i tørre fureskogar, med store felt som dominerast av særleg strødekke (og noko mosebotn). Viktige artar her er slike som hårvæve, mjølbær, røsslyng, smyle, stormarimjelle og tyttebær. Meir krevjande artar er breiflangre, furuvintergrøn (som er typisk for vegetasjonstypen), nokre småbuskar av morell, ein god del av den varmekrevjande skoggrønaks, lengst aust også kalk- eller basekrevjande karplantar som bakkemynte, skogskolm (begge desse nær vestgrensa si) og orkidéen raudflangre (god kalkindikator). Hist og her er det også oppslag av hassel.

Langs eit bekdedrag er det frodig vegetasjon med vanlege gras og urter, t.d. mjødurt, kvitbladtistel, skogburkne, sløkje og andre. Her kjem også inn ein sørleg art som sanikel i nokon grad. Spreidd står litt svartor på fuktige stader, mest i vestenden av området og ned mot sjøen.

På bergskoltar er det fattige parti med røsslyng, smørbukk (også denne er nær vestgrensa for arten), småbergknapp og småsmelle m.v.

Skogen er fleiraldra med stor spreiing på dimensjonane. Einskildtre har tverrmål opp til om lag 70cm, i hovudsak ligg tverrmåla likevel mellom 30-60cm i dei best utvikla partia. Det har vore teke ut noko skog, truleg mest som spreidd plukkhogst av mindre dimensjonar. Ei lita hogstflate av nyare dato finst innafor det avgrensa området. Det meste av skogen kan karakteriserast som gammal, med avtakande vokster for mestedelen av trea, eller det som skogbrukarane kallar sein optimalfase.

Førekomst av gadd og læger er spreidd og sparsam.

Området er ein del av dei nesten samanhengjande, varme fureskogane som strekk seg frå Stordalsneset i Stordal til ytste Furneset i Norddal. Det har vist seg at det i fleire av dei undersøkte områda på denne strekninga er innslag av sjeldsynte og raudlista artar innafor fleire artsgrupper (sopp, karplantar, insekt, fuglar og pattedyr, sjå også Holtan & Grimstad 2000). Sjølv om det førebels ikkje er døme på raudlista artar i denne lokaliteten, syner altså undersøkingane i liknande, tilgrensande område at ein kan gjere seg von om å finne sjeldsynte artar, helst av sopp eller insekt.

### Andre ting

Området er tidlegare detaljert undersøkt (31. august 1990, sjå Fylkesmannen 1990: 18-20) og seinare skildra av Korsmo & Svalastog (1997: 31-33, desse to er eigentleg same arbeida), og dei vurderer området til å vere eit ”meget verneverdig spesialområde”. Området er elles så vidt omtalt og avgrensa av Folkestad & Bugge (1988: 10) i rapporten deira om dei varmekjære lauvskogane i fjordstroka på Sunnmøre.

Ut frå dette kan ein trygt setje verdien til B<sub>1</sub>, viktig. Området bør få skjøtte seg mest mogleg på eiga hand. Det viktigaste er å unngå flatehogst eller treslagsskifte.

## 02 Bringa (aust for elva)

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Bringa (aust for elva)	1219 II Geiranger, MP 024 896	0-500m o.h.	God	A <sub>1</sub>
Dato: 1987: 20. august (Folkestad og Bugge), 2000: 27. mai (Holtan og Grimstad), 12. juni (Grimstad) og 21. juni (Holtan og Grimstad)				

### Naturtype

Rik edellauvskog. Innslag av rasmork, berg og kantkratt, ved sjøen svakt utvikla strandeng.

### Skildring

Området ligg på austsida av Bringelva og strekk seg herifrå ein kilometer austover, til og med Geitonna. Det er svært bratt, i hovudsak vanskeleg tilgjengeleg og eksponert om lag beint mot sør. Frå Geitonna og vestover er det oppslag av skog (alm-lindeskog), særleg alm (tverrmål opp til 80cm), hassel og hengjebjørk (tverrmål opp til 70cm), grøvre skog di nærmere elva ein kjem. Fonna får vel ta si del av skulda for at skogen *den* vegen er yngre. Det er mykje urterike grasbakkar i området, om dette har samanheng med tidlegare beiting og utslått skal vere usagt, men garden som låg her (på hi sida av elva) har i alle fall vore øydegard sidan 1878, då han vart selt til Gomsdalsmennene (Karbø m.fl. 1972: 535-536). Svært interessant er alle hagtornbuskane, vi talte nesten 100 plantar i bløminga. Dette er såleis det viktigaste området for dette sjeldsynte treslaget i Møre og Romsdal, og truleg er det ikkje nokon annan stad på Vestlandet samla så mange tre på eit så lite område.

I feltsjiktet er det mykje av dei varmekrevjande "breibladgrasa" skogfaks og skoggrønaks, saman med t.d. orkidéane breiflangre, brudespore, grov nattfiol og vårmarihand. Typisk for vegetasjonstypen (ei blanding av låge urter og høgstaudar) er jamne innslag av næringskrevjande artar som myske, sanikel, storklokke og svarterteknapp. På opne stader kjem også inn bergasal (norsk ansvarsart), dvergmispel (vestgrense i Stranda), prikkperikum (sjeldsynt på Sunnmøre) og vill-lauk. Av særleg interesse skulle også åkermåne vere, då dette er ein plante som i vårt fylke berre er funnen i Stranda kommune (Lid & Lid 1994). Den har lenge vore kjent berre fra Geiranger-området, etter 2000-undersøkingane kan utbreiinga seiast å gå i alle fall vest til Langflåa. Eit par villapalar er også eit eksklusivt innslag.

Her er også planta noko gran og sitkagran. Dette er eit element som av ulike årsaker, både naturfaglege og estetiske, bør skjøttast ut. Den i fylket sjeldsynte gelésoppen skrukkeøyre vart funne på nokre daude greiner av alm (norsk nordgrense i Aure, eige funn).

I høgda, over ein tversgående bergvegg som strekk seg gjennom heile lokaliteten, er det store felt med tørrbakkar. Av plantar vart det m.a. funne dei i Møre og Romsdal sjeldsynte gåsefot og småstorkenebb, i lag med mange typiske natureng- og tørrbakkeplantar som blåklokke, brudespore, engfiol, geitsvingel, gulmaure, jonsokkoll, piggstorr, skogskolm og vill-lauk m.fl. Det var også her at det første funnet av den nasjonalt (svært) sjeldsynte mnemosynesommarfuglen (V) vart gjort 12. juni 2000. Det vart elles notert i alt 199 karplantar, som er eit svært høgt tal.

Dette var også eitt av områda kor vi nyttja insektfelle. Det vart fanga fleire tusen individ av ymse slag, diverre vil artsbestemminga ta noko tid (dette vert i hovudsak gjort ved Universitetet i Bergen), slik at vi generelt ikkje kan presentere mykje frå den delen av undersøkingane i kommunen med det første (i denne lokaliteten er det m.a. von om å finne biller som er spesialiserte på hagtornblomstrar).

### Andre ting

Folkestad & Bugge (1988:8) omtalar området kort..."Skreditsett li med hasselkratt, nokre fine almetre står spreidd". Dei meiner at denne delen av Geirangerfjorden har lokal eller liten verneinteresse. Ut frå dei funna som er peika på ovafor er det ingen tvil om at verdien må setjast til svært viktig, A<sub>1</sub> (nasjonal verdi). Mnemosynesommarfuglen aleine dreg verdien kraftig opp. Området er elles med i framlegget til Geiranger-Herdalen landskapsvernombraade. Det bør få stå heilt i fred.

## 03 Bringa (vest for elva)

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Bringa (vest for elva)	1219 II Geiranger, MP 015 895	0-600m o.h.	God	A <sub>1</sub>
Dato: 1987: 20. august (Folkestad og Bugge), 2000: 20. og 21. juni (Holtan og Grimstad)				

### Naturtype

Rik edellauvskog. Innslag av rasmark, berg, ur og kantkratt, ved sjøen svakt utvikla strandeng.

### Skildring

Dette er vest for Bringelva og sørvestover heilt til naustet nedafor Knivsflå. Området er eksponert mot søraust, og har fjellet Teinnosa i ryggen. Her er mykje bratt, vekslande mellom skog av hengjebjørk, alm og hassel. Teigen er elles ein mosaikk av skog, skoltar, hamrar og overheng. Øvst ligg nokre fine rasmarker med eit svært godt utvikla engsamfunn (350-550m o.h.). Mange furur gjennom skogen og nedslegne tre vitnar om store fonnaktivitetar.

Sjølve skogen er i hovudsak ung, største almen vart t.d. målt til 60cm tverrmål, men med aukande innslag av grøvre tre mot Bringelva. Dei grøvste står bortgøynde ved nokre overhengjande hamrar, og er ikkje utsette for ras. Skogsbotnen domineras av høgstaumar, gjerne brennesle, mjødurt og storklokke m.v., men òg med store felt klengjemaure i blanding med mykje myske og myskegras, og -slik som i det andre Bringemrådet- urterike grasbakkar (gulaks-enger) med t.d. mykje av orkidéane grov nattfiol og skogmarihand, meir spreidd også brudespore og vårmarihand. Murburknen vart funnen i ein av bergveggane og er ein grei indikator på innslag av kalkberg. Av varmekjære artar finst noko sanikel, skoggrønaks og svarterteknapp osb. På opne stader finst også her åkermåne.

Etter stranda kjem det så vidt inn melde, høymole og skjørbuksurt, medan humle som har vore dyrka i bygdene sidan kring 1800- spreier seg i urene (sjå t.d. Lillebø m.fl., 2. utgåva 1999: 149). Dei store grasbakkane som delvis gøymer seg inne i skogen kan også vere spor etter beite eller utslått ein gong på 1800-talet (det var i dette området garden Bringa låg).

Rasmarkene som ligg under dei stupbratte fjellsidene mot Teinnosa er svært interessante med eit høgt tal naturengplantar (sjå tabell 09 for definisjon av slike). Her står artar som aurikkelsvæve, bakkemynte, bergveronika, brudespore, dvergmispel, filtkongslys, grov nattfiol, gulmaure, jonsokkoll, kantkonvall, kvitmaure (eller fægre, rota vart tidlegare nytta til å lage raudfarge), den sparsame bregnene marinøkkelen, rundskolm, småengkall, tiriltunge, ein del vill-lauk og mange andre. I alt fann vi 27 natureng- eller seterplantar i enga, noko som er eit svært høgt tal.

Ikkje overraskande flaug mnemosynesommarfuglen (V) i engene øvst i lokaliteten (20. juni). Den andre raudlistearten vart ei einsleg kvitkurle (DC). I alt vart det notert drygt 190 karplantar.

### Andre ting

Folkestad og Bugge (1988:8) var på båttur i Geirangerfjorden i august 1987. Vurderinga deira var at Bringemrådet og området nordaust for Knivsflå kunne ha høvesvis liten og regional verneinteresse. No veit vi at verdien kan setjast til A<sub>1</sub>, svært viktig.

Om edellauvskogen ikkje er all verda godt utvikla, er det likevel godt gjort at ein står andsynes eit artsrikt og variert miljø med ein mosaikk av ulike naturtypar. Mnemosynesommarfugl trekk sjølvsgått opp. Ein liten granteig i aust, mot Bringelva, er allereie delvis uthoggen. Av landskapsestetiske omsyn bør ein på sikt take ut resten. Området er elles så viktig at det bør få skjøtte seg sjølv, og det er også med i framlegget om Geiranger-Herdalen landskapsvernombåde.

## 04 Frøysa

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Frøysa	1219 II Geiranger, LP 944 805	300-500m o.h.	God	B1
Dato: 2000: 25. juli (Holtan og Grimstad)				

### Naturtype

Rik edellauvskog. Innslag av gammal lauvskog. Noko rasmark og ur.

### Skildring

Under Navarskaftet (sør for) ligg ein liten sorekspertonert skogsteig med gammal, i hovudsak også grov lauvskog. Mest er det av bjørk og osp, med alm, gråor og hassel som innslag. Ein del grove tre vart målt. Døme på store tverrmål kan vere alm (80cm), bjørk (80cm), osp (80cm) og selje (100cm). Ingen av almane ser ut til å ha vore styvt. Området varierer mykje, med store felt grov blokkmark, noko finare rasmark i vestenden, mykje hamrar og bergskoltar avløyst av parti med fin brunjord.

Det er ei jamn blanding av lågurt- og høgstaudeskog. Av kravfulle artar kan nemnast bergmynte (kung), breiflangre, dvergmispel, hengjeaks, kransmynte, myske og trollbær (i skuggefulle parti, her saman med trollurt) m.fl., fleire av dei artar som syner ein næringsrik eller svakt baserik grunn. På berg og opne engsamfunn kjem det inn t.d. småbergknapp, småsmelle, svartburkne og taggbregne. Artar som bjønnkam og kystvrenge (lav) syner ein svak oseansk påverknad.

Vi såg kvitryggspett (V), om det er han som har hola ut nokre av ospene veit vi ikkje sikkert. Heile området frå Helset via Frøysa inn mot Helsetsætra har i alle fall ein god del lauvskog, hist og her også innslag av grove ospeteigar, slik at her ligg godt til rette for denne spesialisten på råtevedinsekt.

### Andre ting

Ingen har botanisert i denne lia tidlegare. Ut frå føringane i DN-handboka kan ein leggje merke til at all edellauvskog nord for Sogn og Fjordane eller edellauvskog med raudlisteartar er svært viktig (s. 5-98). Vi sette likevel verdien til B1, viktig. Av omsyn til kvitryggspetten (gråspett skal i tillegg hekke ved Helbostad/Åsen, Leif G. Åsen pers. medd.) og av landskapsetetiske omsyn bør ein leggje vekt på å sikre nokre grupper med gammal lauvskog gjennom alle Sunnylvsbygdene. I nedkant av det skildra området står eit lite granfelt. Etter at grana er hogstmogen, bør akkurat den småteigen få gro att på eiga hand.

## 05 Grande

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Grande - lauvskog	1219 II Geiranger, LP 944 805	10-600m o.h.	God	A1
Dato: 1990: Asdøl m.fl. (sjå litteraturlista), 2000: 29. juni (Holtan og Grimstad)				

### Naturtype

Rik edellauvskog. Innslag av rasmark, berg og kantkratt med tendens til bekkeravine (eit lite gjel) i Grandeelva. Området er sterkt beiteprega (geiter beiter framleis).

### Skildring

Området ligg aust for Grandeelva, men vi tok òg med ein del på vestsida oppover Møllsdalen, og er eksponert mot vest og sørvest. Topografien varierer mykje, med skog, berg, rasmark og hamrar som avløyser kvarandre i eit mosaikkprega landskap med fleire furar etter ras (Grandefonna er vel årsak til dei store, opne feltene, som ein stad strekk seg heilt ned til sjøen) og grøver. Sjølv skogen kan karakteriserast som gråor-almeskog. Skogstrukturen veksler, generelt er det godt om grove tre, både alm, gråor, hegg og hengjebjørk, men berre med måtelege innslag av t.d. læger og annan råteved. Grøvste almen vart målt til 95cm i tverrmål (hengjebjørk 80cm). Heller ikkje her ser det ut til å ha vore vanleg med styving, slik at dei finaste almane strekk seg meir enn 20m frå bakken. Hjorten gjer elles ein del skade ved å gnage borken av

gamle almar og ete på dei unge som kjem opp. Dette er eit *stort* problem over heile fylket. På lang sikt vil dette truge forynginga til treslaget.

Skogbotnen dominerast av store urter og staudar, t.d. brennesle, bringebær, då-artar, hundegras, klengjemaure, noko kranskonvall og skogstjerneblom, alle artar som understrekar høgstaudetypen. Vi fann ingen av ”breibladgrasa”, men Asdøl m.fl. (1991) fann skogsvingel, etter alt å døme i eit av prøvefelta utanfor kulturlandskapet. Naturtypen i Møllsdalen, i kantsonene mot kulturlandskapet, høver godt for denne (arten er elles sjeldsynt på Sunnmøre, men noko vanlegare enn kva t.d. Holten 1980, figur 5, gjev opp). Spreidd førekjem også næringskrevjande plantar som storklokke og trollbær.

I dei opne partia med sørberg, kantkratt og rasmark er det etter måten artsrike engsamfunn. I sjølve Grandefonna vart det funne t.d. artar som dunhavre, gulaks, gulmaure, kvitmaure, kvit- og raudkløver, skogstorkenebb, smalkjempe og småengkall (desse er dominerande). Her veks også skogkløveren (m.a. ei tue på om lag 10 rutemeter). Denne arten er hjå oss kjent berre frå Stranda, Sunndal og Rauma (John B. Jordal pers. medd.). I Stranda er han funnen frå Grande til Geiranger.

I andre artsgrupper kan nemnast beitemarksartane gul vokssopp og ein (ubestemt) raudskivesopp. Også her fann vi den sjeldsynte mnemosynesommarfuglen (V). Den skal vere sett i området allereie i 1995-96 (Lars O. Hansen pers medd.), men kom likevel ikkje med i oversynet over sjeldsynte insekt i Noreg (Hansen & Aarvik 2000) anna enn som ei anonym, ikkje stadfesta melding.

#### *Andre ting*

Det er ingen tvil om at området må reknast som svært viktig (**A<sub>1</sub>**). Området er i dag ein del beita av geiter. Det kan vere bra for mnemosynesommarfuglen at ein framleis held ope engsamfunna i området. Ut frå den store rasfaren er det vel ikkje aktuelt å vede, og det er heller ikkje ønskjeleg. Grandelia utgjer saman med lauvskogsliene ved Hysket og i Geiranger ein heilskap av delvis kulturpåverka skogsområde som har svært høg verdi, med fleire sjeldsynte og raudlista artar. I ein meir grov skala er det også viktig å skjøtte omsynet til dei store landskapsestetiske verdiane som er i her. Som ein del av dette bør ein også søkje å setje i verk skjøtselsplanen for Møll- og Grandegardane (Asdøl m.fl. 1991). Området er elles med i framlegg til Geiranger-Herdalen landskapsvernomban.

## 06 Gravavika-Urdaneset

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Gravavika-Urdaneset	1219 I Stranda, LQ 94-96, 10-12	0-600m o.h.	Medels	<b>A<sub>1</sub></b>

Dato: 2000: 20. mai og 26. juli (Holtan og Grimstad)

#### *Naturtype*

Kalkskog (tørr utforming). Her er også innslag av sørberg, rasmark, kantkratt og urer av varierande grovleik.

#### *Skildring*

Området er avgrensa frå om lag ferjelægget ved Gravaneset heilt nord til kommunegrensa mot Stordal, og får med det ei strandline på 4km. Eksponeringa vekslar frå sør (Gravavika) til vest (eller rettseiles). Saman med den grove topografin, med berg og skoltar, grov blokkmark og eit svært lite nedbørsfelt gjer dette sitt til at området er mykje tørt. Skafjellsulukka har etterlate seg ein bratt fjellvegg som i dag m.a. er hekkeplass for hegre. Sjølv om her er oppslag av lauvtre som alm, hengjebjørk, hassel og osp (særleg langs grøvene i området og under hamrar med sigevatn), må mestedelen seiast å høyre til den kalkrike fureskogstypen. Denne naturtypen er generelt uvanleg i Møre og Romsdal.

Skogen er til dels grovstamma, regelmessig med fure i dimensjonar opp mot ein meter i tverrmål (nokre av lauvtrea, t.d. hengjebjørk, vart målt opp til 85cm i tverrmål). Her er også eit brukande innslag av gadd, ofte grove, og ein del læger. Alt i alt må det kunne seiast å vere god tilgang på råteved, som er eit viktig

element for sopp, ulike insekt og hakkespettar. Store parti av skogsbotnen har strødekke, elles er det låge urter og bærlyng som er dominerande, likevel med staudesamfunn langs grøvene og under hamrar med sigevatn. Spor etter tidlegare hogst ser ein over heile fjøla. Denne ber preg av å ha vore tynningshogst, då det ser ut til at det er dei grøvste dimensjonane står att i dag. Slik som i naboområdet ved Ansok er skogen i sein optimalfase, eller mykje godt i aldringsfase (siste brukaren på Uranes - Ole Martinus, fødd Matvik i 1859- dreiv både med hogging av vedskog og tjørebrenning, mykje frå drivtømmer, men regulær skogsdrift ser det heller ikkje ut til å ha vore i hans tid, sjå Ansok 1973/1976: 190-191).

I tørre parti med mykje strø er det innslag av typiske artar for naturtypen, t.d. furuvintergrøn og raudflangre (kalkindikator). Hist og her er det frodigare parti, gjerne i kantsoner mot lauvrenningar, under hamrar og langs grøver, med næringskrevjande plantar som bakkemynte, bergasal, bergfrue, breiflangre, brudespore, dvergmispel (som her er nær eller på vestgrensa), ein hagtorn-art, kantkonvall, rognasal, skogfaks (sporadisk), skoggrownaks, smørbusk (nær vestgrensa), svarterteknapp, vill-lauk og vårmarihand m.fl. Fleire av desse er gode indikatorar for baserik grunn.

Av oseaniske artar kjem det så vidt inn bjønnkam og nokre lavartar (t.d. grynfiltlav, kystvrente, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav).

Heilt overraskande fann vi larvar av den svært sjeldsynte maurløva, som fram til no har vore mest ukjent på Vestlandet. Dette er ny norsk nord- og vestgrense (ho er tidlegare funne i Fjøra i Tafjord, sjå Greve & Hanssen 1994). DN (1999-3: 100) vil vurdere om maurløva skal få status som raudlisteart ved neste høve. Elles hekkar gråspetten (DC) i området.

#### *Andre ting*

Området er ein del av dei nesten samanhengande, varme fureskogane som strekk seg frå Stordalsneset i Stordal til ytste Furneset i Norddal. Det har vist seg at det i fleire av dei undersøkte områda på denne strekninga er innslag av sjeldsynte og raudlista artar innafor fleire artsgrupper (sopp, karplantar, insekt, fuglar og pattedyr, sjå også Holtan & Grimstad 2000). Det synest som om denne lokaliteten er mellom dei rikaste for naturtypen i fjorden. Det er likevel ønskjeleg med grundigare undersøkingar i nokre delområde i lokaliteten, m.a. i dei rikaste lauvrenningane. Vi tok heller ikkje planteliste på dei gamle gardstuna (dei fell eigentleg utanfor naturtypen, men kan sjølv sagt kartleggjast som eiga eining). Heilskapen og artsrikdomen i området, som må kunne seiast å vere nær intakt, gjorde at vi valte å setje verdien til A<sub>1</sub>, svært viktig. Av omsyn til landskapsestetikken (noko som turistnäringa er avhengig av), til heilskapen i området og ikkje minst av naturvitakaplege omsyn er det viktig at området vert skjøtta på ein måte som tek vare også på dei biologiske verdiane. Snauhogst og granplanting bør ein difor søkje å unngå.

## 07 Hellesylt-Karbøen

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Hellesylt-Karbøen	1219 II Geiranger, LP 871 845	100-500m o.h.	Middels	B <sub>1</sub>
Dato: 2000: 13. august (Holtan og Grimstad)				

#### *Naturtype*

Kystfureskog. Innslag av gammal lauvskog (med ein markant oseanisk påverknad).

#### *Skildring*

Området er avgrensa frå om lag Nybø (på hi sida av elva) opp mot Nakken og vidare mot Karbøen. Skogen kan karakteriserast både som gammal fureskog og gammal bjørkeskog, alt etter kor i området ein er. Det er vidare (uheldig nok) splitta opp av nokre traktorvegar og granplantasjar.

Innslaget av furugadd er godt, og er typisk for gamle fureskogar der det har vore ei avgrensa skogsdrift over tid, medan læger berre finst spreidd. Vanlegaste vegetasjonstypar er blåbærskog og småbregneskog, der m.a. mykje bjønnkam og smørtelg syner den oseaniske påverknaden.

Karplanteinventaret er i hovudsak trivielt, med dominantar som bjønnkam, blåbær, fugletelg, hengjeveng, kvitsymre, rome, røsslyng, storbregnar med meir i feltsjiktet, men her er òg innslag av sparsame eller sjeldsynte artar - typiske for naturtypen som knerot og olavsstake.

#### *Andre ting*

Området er, saman med fureskogen mellom Helbostad og Åsen i Sunnylvsbygda, eit døme på korleis denne naturtypen kan utvikle seg som kontinuitetsskog. Frå Karbøen vidare inn Langdalen, mot Hornindal, ser ein at det for tida er oppslag av fure på myrar og oppover i fjellfureskogen. Det vil vere synd om ein skulle misse de viktige området mellom Nybø og Karbøen som ei følgd av skogsdrift. Sjølv om plantelivet ikkje er det rikaste, må ein kunne hevde - med hekkefuglar som dvergspett (DC) og kvitryggspett (V) i tillegg til dei på Sunnmøre svært sjeldsynte perleugle og sporveugle m.fl (Per I. Karbø pers. medd.)- at lokaliteten er svært viktig som viltområde. Flatehogst og vidare granplanting i kombinasjon med fleire skogsbilvegar vil take knekken på nokre av viltartane, og generelt redusere dei biologiske verdiane.

## **08 Horvadraget-Knivsflåelvane (Dei sju systrene)**

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Horvadraget-Knivsflåelvane	1219 II Geiranger, MP 000 870	0-350m o.h.	God	A1
Dato: 1987: 20. august (Folkestad og Bugge), 2000: 21. juni (Holtan og Grimstad)				

#### *Naturtype*

Rik edellauvskog. Innslag av rasmark, sørberg og kantkratt.

#### *Skildring*

Området vart avgrensa frå strandlinna ved ”systrene” sørvestover til odden under Horvadraget. Eksponeringa er jamt mot søraust. Slik som i mest alle undersøkte skogsområde er her svært bratt, med bergskoltar, blokkmark og ei stor rasmark som har sopt med seg mykje vegetasjon på sjøen.

I austenden er skogen glissen, med store opne parti som har ulike typar engsamfunn. Vestover og oppover mot garden (som elles har vore øydebruk sidan 1900) vert det tettare, med ein fuktig og frodig gråoralmeskog, over alt med eit godt innslag av m.a. hengjbjørk og hassel. Skogen vert vel aldri skikkeleg gammal grunna steinsprang og fonner, som ser ut til å herje jamt. Det er difor knapt med grove tre, og berre unntaksvis finst det t.d. alm med grøvre tverrmål enn 50cm. Gadd og læger førekjem berre spreidd og sparsamt. På ein almelåg vart den elles sjeldsynte gelésoppen skrukkeøyre funnen.

I dei frodige partia er det typiske dominantar som strutsveng og tyrihjelm, ofte med innslag av andre høgstaudar som kranskronvall, kratthumleblom, kvitbladtistel, myskegras, spreidd noko storklokke, sump-haukeskjegg og trollbær. Dette er ei heilt klassisk utforming for denne naturtypen i indre strok i Møre og Romsdal. Funn av kystbjønnkjeks er interessant. Denne er uvanleg inst i fjordane, men går likevel heilt inn til Geiranger (og Tafjord). På tørrare, ljospalte stader finst sparsame eller sjeldsynte artar som breiflangre, lakrismjelt, laukurt (svært sparsam på Sunnmøre), ein god del skoggrownaks og spreidd også åkermåne (som her er nær vestgrensa si). Også begerhagtorn kjem sparsamt inn i kantane. I nærlieiken av garden står framleis att kulturplantar som humle og vindeslirekne.

I tørrenger, på berg og i skredlaupet er det ein artsrik mosaikk av ulike artar og samfunn. Gode indikatorar for bra moldjord eller baserik grunn kan vere slike som bakemynte, bergmynte, bergfrue, blankstorke-nebb, brudespore, grov nattfiol, gulsildre, prikkperikum og vill-lauk osb.

#### *Andre ting*

Folkestad og Bugge (1988: 8) omtalar området kort: ”Fint utvikla liten almebestand”. Sjølv om det er døme på fleire lokalitetar i fjorden som er både artsrike og større, må ein etter metoden i DN-handboka

setje verdien til **A<sub>1</sub>**, svært viktig. Grunngjevinga for at ”all edellauvskog nord for Sogn og Fjordane” skal vere svært viktig er enkel. Naturtypen er generelt sjeldsynt og førekjem i hovudsak i varme lier i kyst- og fjordstroka i Møre og Romsdal. I prosent utgjer han lite av det økonomisk drivverdige skogarealet, medan artsrikdomen og talet på sjeldsynte eller truga artar generelt er høgt, ofte svært høgt.

Området er med i framlegget til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, og bør også av den grunn få skjøtte seg sjølv.

## 09 Hysket

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Hysket	1219 II Geiranger, MP 043 893	0-550m o.h.	God	<b>A<sub>1</sub></b>
Dato: 1987: 20. august (Folkestad og Bugge), 1996: 26. juni (Holten og Brevik), 2000: 27. mai, 21. juni og 7. september (Holten og Grimstad), sjå også Skogen (1973)				

### Naturtype

Rik edellauvskog. Innslag av sør vendt berg, rasmark og kantkratt.

### Skildring

Hysket er eksponert mot sørsørvest, og er ei bratt lauvskogsli med varmekjær vegetasjon. Området grenser i vest mot Geitfonna, i aust mot Grande. I heile lokaliteten førekjem bratte hamrar, skoltar og berg, ofte blanda med grov blokkmark. Her er også innslag av tørrbakkar og berg med engsamfunn, medan strandlinja hist og her har svakt utvikla strandengsamfunn.

Skogen er i hovudsak grov, og her er døme på einskildtre (alm) med kringmål heilt opp til 310cm. Alm, gråor og hengjebjørk er dei viktigaste treslaga. Han er fleirsjikta med stor spreying, med eit bra innslag av m.a. hassel og krossved i busksjiktet. Sjølv om her finst tre som er styvt, ser det ut til at det ikkje har vore vanleg heller i dette området. Av råteved er her spesielt mykje læger av gråor, hegg og hengjebjørk. Grove, svært nedbrotne almelæger, røynleg med tverrmål over 70cm finst også. Desse er t.d. viktige for den sjeldsynte gelésoppen skrukkeøyre, som finst sparsamt i området.

I feltsjiktet er det mykje godt høgstaudesamfunn med artar som bringebær, klengjemaure, myskegras, skogstjerneblom og stornesle mellom dei viktigaste dominantane. Sjølv om både strutsveng og tyrihjelm ser ut til å vante, er dette likevel ei ”normal” utforming av gråor-almeskog i indre fjordstrok.

Spreidd finn ein også noko breiflangre, kranskonnall og krathumleblom, dei næringsskrevjande erteplantane lakrismjelt, skogskolv, svarterteknapp og vårvarteknapp, elles slike som storklokke og trollbær m.fl. På tørrbakkar og berg kjem inn ein del bergmynte (kung), blankstorkenebb (generelt sparsam på Sunnmøre), brudespore, eittårsknavel (sjeldsynt i fylket), kvitmaure og lodnebregne o.a.

Fylkesmannen (1991:33) nemner ei rad interessante og kravfulle artar frå Skogen (1973, 1986) og Bugge (1989) sine undersøkingar, m.a. geittelg, hårstorr, jordnøtt, junkerbregne, ramslauk, tannrot og svartstorr m.fl. Av desse vil jordnøtt og ramslauk vere isolerte førekommstar av kystbundne karplantar (sjå også Holten og Brevik 1998: 64-68, som drøftar Hysket grundig etter feltarbeidet i 1996).

Også i Hysket finn ein far etter folk. Det finst t.d. ein del humle, som i dag spreier seg jamt ved den gamle, nedlagde handelsstaden. Kvityggspetten (V) hekkar i området.

### Andre ting

Folkestad og Bugge (1988:8) meiner at ”denne lia truleg er ein av dei største og best utvikla edellauv-skogslokalitetane i fylket”. Det var dette som låg til grunn for at det i dag er med i tilrådinga i Fylkesmannen sitt utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal (Fylkesmannen 1996b: 45-49). Her heiter det at ”denne lokaliteten representerer det ypparste av varmekjær lauvskog i Sunnmørsfjordane”. Området er også med i framlegget om Geiranger-Herdalen landskapsvernombra. Sjølv om det er fleire døme på artsrike edellauvskogsområde i Geirangerfjorden, er det rett at Hysket når det gjeld skogstruktur er mellom dei best utvikla edel-lauvskogane i fylket. Området er også med i eit forskingsprosjekt om edellauvskogar i Midt-Noreg (Holten & Brevik 1998). Det er såleis ingen tvil om at verdien må setjast til **A<sub>1</sub>**, svært viktig.

## 10 Langflåa

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Langflåa	1219 II Geiranger, LP 979 864	0-150m o.h.	Medels	B <sub>1</sub>

Dato: 1987: 20. august (Folkestad og Bugge), 2000: 21. mai og 21. juni (Holtan og Grimstad)

### Naturtype

Gammal lauvskog. Innslag av rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark.

### Skildring

Området ligg midt i Geirangerfjorden på austsida av Djevlegjelet. Det er ein homogen (mest rein bestand) av hengjebjørk. I seg sjølv er dette ein sjeldsynt naturtype. Til vanleg går hengjebjørka inn berre som ein del i fure- eller edellauvskogane i distriktet. Skogen er beint sørvendt og ligg på ei grov raskjegle, slik at heile området vert svært tørt. Her er likevel litt sigevatn som gjer sitt til at einskilde delar får eit friskare preg med mykje høgstaumar.

Skogen er fleiraldra med stor spreying i busksjiktet. Dei mange steinspranga og rasa i lia gjer at her er svært god tilgang på råteved, og her er difor flust med læger. Dette skulle vere viktig t.d. for vedbuande insekt. Største bjorka vart målt til 75cm i tverrmål. Utanom hengjebjørk er det innslag av hassel, medan alm berre finst som eit par einskildtre. Her har i seinare tid vore veda litt, men ikkje på ein slik måte at det har gått ut over dei biologiske verdiane.

I feltsjiktet vekslar det mellom blokkmark med lite vegetasjon og ulike typar engsamfunn. Litt uventat fann vi eit par eksemplar av kystarten markfrytle (som er kjent sporadisk også frå Geiranger), elles går det i vanlege eng- og sørbergplantar som berggull, bergmynte, orkidéen breiflangre, på opne parti burot, elles engtjøreblom, kantkonvall, kransmynte og sanikel o.a. Her finst også meir nærings- eller basekrevjande artar, i kantområde t.d. begerhagtorn og dei norske ansvarsartane bergasal og rognosal, sparsamt dei kresne erteplantane lakrismjelt, skogskolv og svarterteknapp i tillegg til breibladgraset skoggrønak (som er den vanlegaste mellom artane i denne gruppa) m.fl. Dette er også etter det ein veit så langt vestgrensa for den sjeldsynte engplanten åkermåne (som i Møre og Romsdal berre er funnen i Stranda).

I friskare parti med sigevatn kjem inn høgstaumar som kratthumleblom, kvitbladtistel, mjødurt, skogmarihand og vårmarihand osb. Trass i at området i det store og heile er tørt, er variasjonen likevel stor.

### Andre ting

Folkestad og Bugge (1988:8) nemner området berre kort: "Homogen og rein hengjebjørkbestand på relativt tørr, grov raskjegle", og meiner at verneverdien er liten eller lokal. Vi fekk ikkje gjort så grundige undersøkingar som vi ynskte, m.a. grunna steinsprang (artslista er difor ikkje særleg lang). Ut frå at naturtypen må kunne seiast å vere sjeldsynt, ut frå skogstruktur, grad av inngrep og funn av ei rad sjeldsynte eller sparsame artar valte vi å setje verdien til B<sub>1</sub>, viktig (regional verdi). Området er med i framlegget om Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Omsynet til potensiell erosjon som ei følgd av veding i tillegg til den generelle rasfarena taler også for at området bør få skjøtte seg sjølv.

Steinsprang knuste også insektfella vår ("malaisefelle"). Vi fekk likevel berga ein del dyr før dei tørka ut eller forsvann på annan måte. Artsbestemminga tek tid (Universitetet i Bergen), og dei første resultata frå denne delen av undersøkingane kan ikkje ventast før tidlegast om nokre månader.

## 11 Lauvvikane-Ovrå

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Lauvvikane-Ovrå	1219 I Stranda, LQ 030 090	0-500m o.h.	God	A <sub>1</sub>

Dato: 1987: 21. august (Folkestad og Bugge), 2000: 5. mai, 20. mai, 16. august og 7. september (Holtan

og Grimstad)

#### Naturtype

Rik edellauvskog. Innslag av (ekstremrik) gammal lauvskog, kalkskog og blandingstypar mellom desse tre. Høgst oppe kjem inn gammal kystfureskog i blanding med fjellbjørkeskog. I tillegg må ein rekne litt som sørberg og kantkratt. Viktigast er rik edellauvskog og kalkskog.

#### Skildring

Avgrensinga er frå Lauvvikane (frå den gróva som er nokre titals meter inne i *Norddal*) eit par km vestover mot Ovråneset, herifrå på skrå nord- og vestover til og med den konkave lia under Litlenyken (grenser i denne delen mot granplantasjane). Heile området er bratt og berglendt, og brote opp av hamrar, skoltar og berg med mykje blokkmark. Litt flatare er det ved Ovråsetra og langs kanten av hamrane.

Skogen er gjennomgåande gammal. Her er t.d. fleire furuer med tverrmål opp mot 1.2m, og svært mange frå 60-90cm, medan osp og hengjebjørk vart målt opp til om lag 80cm. I Lauvvikane, på kommunegrensa, er det ospeskog med byrjande kontinuitet for læger, noko som i seg sjølv er uvanleg. Grov osp går igjen gjennom heile området, til dels med mykje læger, men følgjer ikkje fura vestover ned på dei skritt jorddekte berga mot sjøen. Det er også dugande med gadd og læger for fure, fleire av dei svært grove, i dei fleste nedbrytingsstadium. Også dette er uvanleg i skogen i dag.

Øvst er det rikeleg med sigevatn frå fjella. Her dominerer ein oseanisk blåbærvegetasjon med t.d. mykje bjønnkam og smørtelg, med innslag av kystbundne lavartar som gubbeskjegg, kystgrønnever, kystvrenge, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. I brattliene er det helst lågurtskog, men også høgstaudar (i hovudsak under Litlenyken).

Eit parti frå ospeskogen i Lauvvikane og vestover, på heile utsida av tunnelen, er totalt sett det mest interessante skogsområdet i kommunen dersom ein legg artsfunna aleine til grunn. Ospeskogen, forresten ein hasselrik variant, kan t.d. by på store mengder ramslauk (ein kyststart som her har innergrensa si på denne sida av fjorden) i tillegg til nærings- eller kalkkrevjande artar som breiflangre, dvergmispel, kantkonvall, breibladgrasa skogfaks (heilt opp til om lag 340m o.h.) og skoggrønak, svarteknapp, tannrot og vårvarteknapp m.fl. Den sjeldsynte vaniljerota veks elles i fureskogen i området.

Av andre artsgupper må nemnast alle soppfunna. Begerfingersopp (DC) var tidlegare berre kjent frå Sør- og Austlandet. Arten er spesialisert på sterkt nedbrotne læger av osp, og er slik sett generelt truga av dei moderne driftsformene i skogbruket (Ryman & Holmåsen 1984). Blåfotstorpigg (V) er ein nordaustleg art som heller ikkje er kjent frå Vestlandet tidlegare. Også denne er svært utsett for skogsdrift, særleg flatehogst (Bendiksen m.fl. 1997). Filtkjuke (DC) er ein soraustleg art, og er i Møre og Romsdal tidlegare funne i Volda (Jordal 1993). Ho veks på røter eller stubbar av fure. Furufåresopp (DC) finst helst i rike, litt tørre fureskogar. Gullkremle (DC) er ein art som oftast veks i base- eller kalkrike hasselkratt (65 norske funn fram til 1999, sjå nettdatabasen til soppherbariet på Tøyen). Ospekvitkjuka (R) er ein sjeldsynt art som er knytt til nedbrotne læger av osp. Dette vart det andre funnet i Møre og Romsdal. Rustkjuka (DC) førekjem sparsamt og spreidd på Sunnmøre, i dette området på daud hassel i lia under Litlenyken. Arten vil vere utsett i høve til moderne driftsmåtar i skogbruket. Svartnande kantarell (V) er ein sjeldsynt art som oftast veks i rike hasselskogar, slik som i hassel-ospeskogen ved Lauvvikane. Ein annan signalart mellom soppene er gulrandkjuk, som vart funne på eit par av dei eldste furetrear på kanten mot lia (straks nedafor Ovråsetra). Denne veks i regelen berre på gammal fure (Ryman & Holmåsen 1984), og er sjeldsynt i Møre og Romsdal. På ein gammal, styvt almekall fann vi også blådoggnål, som er tydeleg sjeldsynt i Møre og Romsdal og truga over heile Europa (dette er ein type knappenållav, sjå t.d. Jordal & Gaarder 1998a). Åtte raudlista soppar i ein lokalitet er ikkje kvardagskost i skogsmiljø i nokon del av Møre og Romsdal, og skulle streke under dei store verdiiane i området.

Av fuglar vart kvitryggspett (V) funnen hekkande, medan dvergspett (DC) og gråspett (DC) begge vart sett ved besøka i august og september. Området skulle høve godt som hekkeplass også for desse.

Når det gjeld insekt, fann vi også her den svært sjeldsynte maurløva (sjå Greve & Hanssen 1994), i fureskogen litt aust for råsa som går opp til m.a. Ovråsetra. I ospeskogen hadde vi ute ei insektfelle frå 5. mai til 7. september, og fanga inn nokre tusen dyr. Sjølv om vi trur her kan vere mange gode funn, ligg artsbestemminga noko fram i tid (alt materialet vert bestemt eller vidaresendt frå Universitetet i Bergen).

### *Andre ting*

Folkestad og Bugge (1988:10) meinte at ”Det meste av lokaliteten er øydelagt av vegfyllinga.....ein del pene ospetre”. Vegfyllinga er lite å gjere med. Det som kan og bør gjerast, er å setje opp autovern, slik at ein i framtida unngår ytterlegare ulovleg søppeltømming. Det seier sitt at ein lastebil stogga 7. september og tømde eit lass med rask. Her finst alt frå gamle datamaskiner til vaskeservantar og bildekk m.v. Ei annan uheldig faktor er lupinane som i si tid vart planta ut av vegvesenet. Dei kan fort spreie seg vidare frå fyllinga ved ospeskogen heilt aust i området, og det vil vere slutten for mange av karplantane her. Desse faktorane spelar likevel inga rolle for verdsetjinga. Området har utan tvil nasjonal verdi, A<sub>1</sub>. Det må kunne seiast å vere spesielt med innslag av både nordaustlege og søraustlege artar i eit miljø som samstundes kan by på mange kystbundne artar. Området bør elles få skjøtte seg sjølv.

## **12 Liene (Uksagliene)**

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Liene (Uksagliene)	1219 I Stranda, LQ 963 053	0-300m o.h.	Medels	A <sub>1</sub>
Dato: (sjå Bjørlykke 1938), 2000: 28. juli (Holtan, Grimstad og Finn Oldervik)				

### *Naturtype*

Kystfureskog. Innslag av gammal lauvskog.

### *Skildring*

Heile området er mykje bratt, og består av tørr fureskog i blanding med særleg bjørk, hassel og osp, sparsamt med innslag av alm. Vi gjekk ned skaret mellom Brensla og Liene. Her er det også ei stor, frodig natureng. Det er i dette området ein finn dei eine låglandsførekomsten med olivin i Stranda. Heilt sør i området står elles ein granplantasje på ei hylle.

Skogen er i store trekk blåbærskog, med innslag av røsslyng, frodigare stader også høgstaudeskog. Vanlege og dominante artar er t.d. slike som blåbær, blåtopp (i fuktparti), skogrøyrvine, skogstorkenebb og storfrytle m.fl., med furuvintergrøn, fuglereir og vaniljerot som eksklusive innslag (dei to sistnemnde lever som saprofytta, og er utan klorofyll. Dette er også einaste staden i Stranda vi fann orkidéen fuglereir). Elles er det også mykje myske og litt av den varmekjære sanikel spreidd over heile området.

I naturenga og bratthenga rundt denne er det ein del nærings- eller basekrevjande artar som bergasal (norsk ansvarsart), bergfrue, bergmynte, breiflangre, dvergjamne, gulsildre, jáblom, taggbregne og vårmarihand. Bjørlykke (1938) var her anten i 1936 eller -37 (det kjem ikkje så godt fram i arbeidet hans). Av interessante funn frå den gongen (artane er her framleis) kan nemnast blankburkne (eigentleg ein kyststart som i fjorden berre finst på olivin), brunburkne (R) og grønburkne (ein kalkkrevjande bregne som Bjørlykke ikkje fann). Valldalsbotanikaren Børre Grønningsæter fann den raudlista irsk kystmyrklegg her i 1962.

Av kystbundne lavartar finst her t.d. lungenever, skrubbenever, skrukkelav (denne er truleg svært sjeldsynt så langt frå kysten, og høyrer til det såkalla ”Trøndelagselementet” mellom lavartane våre. I Stranda fann vi denne også ved Jufossen i 1999, sjå nettdatabasen ved Tøyen) og vanleg blåfilthlav.

### *Andre ting*

Nytt på olivinskolten etter at Bjørlykke kartla området er funn av grønburkne. Olivin i låglandet eller som er lett tilgjengeleg er i dag generelt truga av og aktuell for bergverksdrift (jfr. t.d. den nye utviklinga på Onilsafeltet i Norddal). Konsekvensen er at dei artane som i regelen held seg på dette underlaget får gradvis færre og mindre førekommstar. Brunburknen (R), som er kjent som den einaste arten som berre veks på olivin, er også mellom dei artane der Noreg har det europeiske hovudansvaret.

Området ved Liane er elles så særprega, med mange uvanlege eller sjeldsynte artar, at vi valte å setje verdien til **A<sub>1</sub>**, svært viktig. Området bør få skjøtte seg sjølv. Dersom det er råd å take ut grana, bør den teigen få gro att på eiga hand.

## 13 Ljøvika-Hammaren

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Ljøvika-Hammaren	1219 II Geiranger, LP 922 905	0-500m o.h.	God	<b>A<sub>1</sub></b>
Dato: 1987: 20. august (Folkestad og Bugge), 1999: ultimo april (Gaarder), 2000: 2. og 26. juli (Holtan og Grimstad)				

### Naturtype

Rik edellauvskog og gammal lauvskog (om lag likt fordelt). Innslag av gammal fureskog, hagemarkskog, svakt utvikla strandeng, vidare strandberg, bergveggjar, rasmark og grov blokkmark. Store delar av området ber preg av beiting (her går mange geiter), slik at nokre av strandberga kan minne om naturbeitemark. Området er eit typisk døme på ein mosaikk som er vanskeleg å føre til ein naturtype.

### Skildring

Området er avgrensa frå og med fossen nedst i "Ljødalselva" til nordenden av Ljøvika, i alt med ei strandline på drygt 2km. Heile området aust for vegen, frå tunnelen også nord og vest for vegen (rasmarka), er med i avgrensinga. Til liks med dei fleste av dei kartlagde skogsområda i kommunen, er her ein mosaikk av hamrar, skoltar og rasmark, med furer frå grøver og ras.

Skogen er gjennomgåande gammal, og kan karakteriserast som gråor-almeskog, med eit bra innslag av m.a. grov hassel og hengjebjørk. Dei gamle styrde almane nede ved sjøen har t.d. tverrmål på meir enn 1.1m, men det er også døme på mykje grov osp og fure (nært garden, sør i området, og opp til om lag 450m o.h. er det grov fureskog). Her er mykje høgstubar (særleg osp) og læger, noko som er viktig for den hekkande kvitryggspetten. Elles gjer beitinga, saman med einskildtre som har vore styvt, at store parti kan minne om hagemarksskog.

I skogen er det ei jamn blanding av blåbær- og høgstaudevegetasjon. Vanlege og dominante urter, gras og staudar er brennesle, enghumleblom, firkantperikum, geitrams, hundegras, den sjeldsynte junkerbregne, klengjemaure, kratthumleblom, myske, myskegras, sanikel, skoggrønaks, skogstjerneblom, storklokke, strutsveng og skogsvinerot m.fl., fleire av dei gode indikatorar for baserik grunn.

På meir opne stader i berg, rasmark og engar er det kravfulle artar som bergmynte, blankstorkenebb, brudespore, filtkongslys, flekkmure (på eller nær vestgrensa si), gulsildre, lerkespore, piggstorr, sølvture, vill-lauk, vill-lin og vårmarihand og mange andre. Ved vegkanten, sør for den store rastepllassen, veks også ein del av den til vanleg sparsame marinøkkelen.

Variasjonen gjer nok sitt til at området er uvanleg artsrikt. Av særskilt interesse er ein etter måten stor forekomst av kusymre. Ho er nok vanleg på ytterkysten, men innafor Viset i Ørskog er ho funnen berre på Linge i Norddal (Holtan & Grimstad 2000) og einkvan staden ved Skrenakken. Dette syner at her må vere eit godt vinterklima og gode grortilhøve.

På nokre av strandberga sør i området er det mykje begerhagtorn (meir enn 30 buskar talt i heile lokaliteten). Ved sida av Bringa (aust) er dette eitt av dei beste områda i Møre og Romsdal for dette vakre, sjeldsynte treslaget.

Både gråspett (DC) og kvitryggspett (V) ser ut til å hekke i området.

### Andre ting

Folkestad og Bugge (1988:7) meinte at området hadde liten eller lokal verneverdi. Ut frå dei funna som vart gjort er det ingen tvil om at ein står andsynes et svært viktig (**A<sub>1</sub>**) område. Det er viktig at området ikkje vert utsett for hogst, treslagskifte eller nemnande tekniske inngrep. Beitinga med geiter, slik som i dag, gjer at store delar av området har fått eit ope preg, samstundes som ein har late trea få stå. Til saman

har dette skapt eit vakkert og særmerkt (kultur)landskap som har store landskapsestetiske verdiar i tillegg til dei biologiske.

## 14 Nakkane-Øygardsnakken

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Nakkane-Øygardsnakken	1219 I Stranda, LQ 920 130	0-500m o.h.	Middels	A <sub>1</sub>

Dato: 1987: 20. august (Folkestad og Bugge) 1999: 25. september (Grimstad, Gaarder, Oldervik og Holtan), 2000: 2. juli (Holtan og Grimstad)

### Naturtype

Kystfureskog. Innslag av rik edellauvskog, gråor-heggeskog og gammal lauvskog.

### Skildring

Området er avgrensa frå hamrane ved Øygardsnakken nordover til bergveggane ved Nakkene, med ei strandline på om lag 3km. Eksponeringa er beint mot aust.

Heile området er berglendt, med store bergveggar, hamrar og skoltar, innslag av små rasmarker og blokkmark. Skogen er i hovudsak gammal, særleg fureskogen, og her er døme på gamle furetre som er om lag ein meter i tverrmål. Her er sjølvsga spor etter tidlegare hogst, men etter skogstrukturen å døme må det vere mange tiår sidan sist det har vore teke ut særleg med tømmer. Hist og her er det innslag av lauvtre, t.d. alm, ask, bjørk, morell, osp, platanlønn og flekkvis bra med hasselkratt. Den varierte topografien gjer at vegetasjonen veksler mellom lågurt- og høgstaudeskog (t.d. mykje kranskonge, krathumleblom og mjödurt, spreidd også storklokke), gjerne også med røsslyng- og bærlyngskog på framstikkande rabbar. Gadd og læger finst, men berre spreidd.

Den oseaniske påverknaden er tydeleg, og dette er eitt av dei få områda i Stranda kor ein finn eit godt utvikla lungenever-samfunn, særleg på skuggefulle berg. Her finst m.a. den sjeldsynte rund porelav (to funn i Stranda, det andre er under Preikestolen i Geirangerfjorden) i lag med grynfiltlav, kystvrenge, lungenever, skrubbenever, sylvnever (generelt sjeldsynt på midtre og indre Sunnmøre) og vanleg blåfiltlav m.fl. Av karplantane vil bjønnkam, heiblåfjør og storfrytle o.a. vere gode indikatorartar for eit kystnært miljø.

Området er overmåte artsrikt. Sjølv om skogen skulle vore betre undersøkt, vart det likevel funne om lag 160 karplantar. Av sjeldsynte eller sparsame artar, somme av dei gode signalartar for baserik grunn, kan nemnast slike som bergmynte, breiflangre, brudespore, furuvintergrøn (typisk for tørre, rike fureskogar og sjeldsynt i ytre og midtre strok på Sunnmøre), gjeldkarve, grov nattfiol, kvitkurle (DC), myske, nattfiol, ramslauk, raudsildre, sanikel, skoggrønaks, skogmarihand, storklokke, stortviblad (svært sjeldsynt i midtre og indre fjordstrokk), vårerteknapp og vårmarihand m.fl. Når ein legg flekkmarihand og småtviblad attåt orkidéane, vart det funne i alt ni ulike slag av desse (i Stranda vart det funne totalt 12 orkidéartar), mellom dei også den sjeldsynte, raudlista kvitkurla (største, kjende førekomensten i fylket er på garden Espehjelle).

I 1988 vart den sjeldsynte furufåresoppen (DC) funnen to stader i Hasselvika. Av andre raudlisteartar ser det ut til at gråspetten (DC) held seg jamt i fureskogane her, og ein skal ikkje sjå bort frå at han er fast hekkefugl.

### Andre ting

Dette er utan tvil den viktigaste fureskogen av denne typen i Stranda og fjordstroka (det må likevel seiast at områda mellom Skjorteneset og Skotet i Stordal er ikkje undersøkte, her er det også innslag av kalkrik grunn). Dei andre undersøkte områda er i hovudsak soleksponerte og svært tørre, medan her er det ein råmerik variant. Same kva ein legg til grunn, er det klart at ein står andsynes eit svært viktig område (A<sub>1</sub>).

Potensielle trugsmål mot naturtypen vil vere flatehogst, treslagsskifte eller tekniske inngrep. Området har allereie ei kraftline. Folkestad og Bugge (1988:6) vurderte Naustvika til lokal verdi. Hogst i stor skala eller treslagsskifte bør vere uaktuelt.

## 15 Nedre Ljøen

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Nedre Ljøen	1219 II Geiranger, LP 915 887	0-200m o.h.	God	A <sub>1</sub>

Dato: 1987: 20. august (Folkestad og Bugge), 2000: 13. august (Holtan og Grimstad)

### *Naturtype*

Rik edellauvskog.

### *Skildring*

Området mellom Nedre Ljøen og Bjørkeneset er, med søraustleg eksponering og rikeleg med sigevatn frå Ljødalen og Instedalen, ei noko skuggefull og råmerik utgåve av gråor-almeskog. Det som framfor alt kjenneteiknar lokaliteten er grov skog heilt dominert av høgstaudar. Gråor og alm er viktige treslag, med hengjebjørk og hassel som viktige ko-dominantar. Elles er dette eitt av dei områda der platanløn diverre har fått godt fotfeste. Etter kva ein veit, er dette også einaste staden i Stranda der ein finn det sjeldsynte, varmekjære treslaget lind (nemnt allereie av Strøm, 1756). Dei to styvde trea som står her (tverrmål godt over ein meter) ser ut til å vere einbølte, utan spreiing, slik som vi t.d. fann i Norddal (Holtan & Grimstad 2000).

Vanlege og dominante høgstaudar, og gras eller urter, er slike som brennesle, då-artane, hundegras, klengjemaure, kranskonvall, krattmjølke, kvitbladtistel, mjødurt, skoggrønakks og storklokke m.fl. På tørrbakkane attmed strandberga er det også innslag av vill-lauk, sparsamt også her begerhagtorn. Av spesiell interesse er vivendel -her står ei kjempe av ein plante på om lag 400 rutemeter- som her truleg er på si absolutte innergrense (arten er kystbunden, og kan for så vidt vere utplanta).

### *Andre ting*

Området, som må reknast som svært viktig (A<sub>1</sub>), vart av Folkestad og Bugge (1988: 7) vurdert til regional verneverdi. Det er også med i framlegget til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

## 16 Stavseng (aust)

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Stavsengsetra-Gamlesetra	1219 I Stranda, LQ 994 127	400-600m o.h.	God	A <sub>1</sub>
Dato: 2000: 26. juli (Holtan og Grimstad)				

### Naturtype

Andre viktige forekomster, bjørkeskog, innslag av rikmyr.

### Skildring

Området er avgrensa frå hyttefeltet ovafor verpefarmen på Stavseng via Gamlesetra, Stavsengsetra og opp til om lag 600m o.h., på begge sider av Storgrova. Dei to granplantasjane unнатekne, er dette fin fjellbjørkeskog i blanding med medelsrik bakkemyr (ein variant av rikmyrar).

Den oseaniske påverknaden er klar, nedste delen av skogen har t.d. mykje bjønnkam, heiblåfjør, rome og smørtelg i feltsjiktet. Skogen her kan karakteriserast som småbregneskog. Lengre opp vert skogen meir glissen, med ein glidande overgang mot bakkemyr, og her dominerer artar som bjønnskjegg, blåtopp og finnskjegg.

Av særskilt interesse er førekomstane av solblom (DC). Dette er ein art som har gått sterkt attende mange stader i nyare tid (Lid & Lid 1994), og som skal vere mest vanleg på basefattig grunn (Lid & Lid 1994). I områda frå Gamlesetra og austover, røynleg også på opne stader i den austlegaste av granplantasjane, vidare nedover til det øvste hyttetunet, står om lag 2000 plantar spreidd. På opne stader i skogen og i sjølvे myrane står også spreidd ein del kvitkurle (DC). I alt 41 eksemplar av denne sjeldsynte orkidéen, som også har gått sterkt attende dei seinare åra, vart talt opp i tre delområde (sjå Jordal & Gaarder 1998a:62). Det har tidlegare ikkje vore kjent at kvitkurla går inn i myrar (i motsetnad til underarten fjellkvitkurle, sjå Lid & Lid 1994: 734), ved Heinakken veks ho røynleg i bjønnskjeggtuer.

Myrane kan elles by på rikmyrsartar som bjønnbrodd, breiull, brudespore, dvergjamne, gulstorr, myrsaulauk, småsivaks og svarttopp.

### Andre ting

Granplantasjane i området kan stå som eit døme på planting i rike område, noko som truleg ikkje ville ha hendt med den kvalitetssikringa skogbruket har i dag. Her er det diverse gjort skade på ein sjeldsynt naturtype. Ein bør såleis freiste å restaurere desse områda etter at grana er teke ut.

Området er elles beita av sauer. I gammal tid var det vanleg med utslått, noko som t.d. er bra for ein art som solblom (sjå DN-handboka, s. 5-35). Ein skal ikkje sjå bort frå at det har vore utslått i kombinasjon med beite i områda ved Stavseng og Ringset, og at dei store førekomstane av solblom har samanheng med dette. Slik stoda er i dag, er fjellbjørkeskogen ved å få preg av kontinuitet, med god innstråling. Dette er viktig for framtida til solblomen (han er ikkje skuggetolande), og det er viktig at ein unngår ytterlegare treslagsskifte, grøfting eller anna (som meir hyttebyggjing) som kan påverke sigevassstraumen eller solingstrålinga i lia i nemnande grad. Begge setrane i området er elles så attgrodde at nærmare kartlegging ikkje vert aktuelt.

Det er liten tvil om at ein her står andsynes eit svært viktig område (**A<sub>1</sub>**).

## 17 Stavseng (vest)

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Stavseng-Ringsetelva	1219 I Stranda, LQ 987 123	300-480m o.h.	God	A <sub>1</sub>
Dato: 2000: 26. juli (Holtan og Grimstad)				

### Naturtype

Andre viktige forekomster, bjørkeskog, innslag av rikmyr.

### Skildring

Området er avgrensa mellom Ringsetelva og vegen som går inn til hyttefeltet. Slik som i det andre området, ovafor Stavseng, er her til dels gammal fjellbjørkeskog blanda med medelsrike bakkemyrar. Også her er det rimelegvis ein markant oseansk påverknad, med store mengder bjønnkam, rome og smørtelg. I dei opne delane av skogen (ikkje på dei fuktigaste eller tørraste stadene) står spreidd store mengder solblom (DC). Med opp mot 10.000 plantar estimert, er dette ein av dei viktigaste førekomstane i Møre og Romsdal. Flekkvis er solblomen dominant. Spreidd, både på opne stader i skogen og på myrane veks også her kvitkurle (DC). I alt 18 plantar vart talt opp.

Myrane i området har også her gode førekomstar av rikmyrsartar som bjønnbrodd, breiull, brudespore, dvergjamne, gulstorr, myrsaulauk og svarttopp.

### Andre ting

Trugsmål mot denne lokaliteten vil vere treslagsskifte, grøfting, vegbyggjing eller andre inngrep som kan forstyrre sigevassstraumen eller innstrålinga i lia. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for dei tre områda i Stranda som framleis har gode førekomstar av solblom (dei to Stavsengområda og Fausalia).

På Sunnmøre er det elles ein god førekomst av solblom i Skodje, nokre intakte lokalitetar i Vaksvikområdet i Ørskog, to-tre fine førekomstar ved Overøye i Stordal og einskildområde i Sykkylven med mange plantar (eigne undersøkingar, Geir Gaarder og John B. Jordal pers. medd.). Dei to siste åra har ein såleis fått eit godt oversyn over stoda for arten. I Stranda har ein to av dei viktigaste attverande, levedyktige bestandane i Møre og Romsdal.

Ein liknande situasjon har ein for kvitkurla. Ho har som nemnt gått sterkt attende dei seinare åra (Lid & Lid 1994). Dei to siste åra er det funne mange nye førekomstar i dei sentrale fjordstroka på Sunnmøre, helst i fjellbjørkeskog, rasmark eller bakkemyrar, men også i einskilde naturbeitemarker (eigne undersøkingar, Geir Gaarder pers. medd.). Etter det ein veit ne, ser det ut til at Sunnmøre, saman med nokre seterdalar i Trøndelagsfylka har dei største og viktigaste kjende førekomstane (Geir Gaarder pers. medd.) i Noreg. Slik ser ein at det er sunnmørkingane som har hovudansvaret for å take vare på desse sjeldsynte plantane.

Det skulle vere godt gjort at lia som er skildra ovafor må reknast som svært viktig (A<sub>1</sub>).

## 18 Tindbjørgane-Åkerneset

Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
Tindbjørgane - Åkerneset	1219 II Geiranger, LP 950 945	0-300m o.h.	God	A1
Dato: 1987: 20 august (Folkestad og Bugge), 2000: 23. juni (Holtan og Grimstad)				

### Naturtype

Rik edellauvskog. Innslag av sør vendt berg, rasmark, kantkratt og strandberg.

### Skildring

Det avgrensa området strekk seg frå midtre Åkernes (nedafor Littlesætra) drygt 3km søraustover til Tindbjørgane. Landskapet er gjennomskåre av furer frå ras, og ei rad grøver kjem ned frå fjella mot nordvest (Herdalsnibba, Tårnet og Flosteinnibba). Slik er det danna ein svært vekslande topografi, med oppslag av rik edellauvskog og oreskog på konvekse ryggar og vifter, med mange mindre rasmarker mellom. Ved dei nedlagde plassane er det flatare, med mykje svaberg som har strandengsamfunn, og tørrbakkar litt frå sjøen. Mosaikken skaper mest kontinuerlig overgang mellom dei ulike naturtypane.

Skogen kan karakteriserast som gråor-almeskog og gråor-heggeskog med meir eller mindre konstant innslag av andre treslag som hassel og hengjebjørk, spreidd også rogn og selje. Sparsame innslag i kantsonene er andre treslag som ask, begerhagtorn, bergsal og morell. Alder og storleik på skogen ser ut til å regulerast av ras, men her er fleire døme på teigar som har grove tre, der dei kan stå attmed hamrar el.l. i skjul. I feltsjiktet er det i hovudsak høge staudar som dominerer.

Her er t.d. mykje av brennesle, bringebær, firkantperikum, geitrams, klengjemaure, krattmjølke, myske, myskegras, skogrøyrvtein, skogstjerneblom, storfrytle, storklokke og turt. Døme på meir kravfulle artar kan vere breibladgrasa skogfaks, skoggrønak og bergfaks (DC). Bergfaks er ein svært sjeldsynt art som vart funnen einkvan staden ved Ljøen i 1918 (Jordal & Gaarder 1998a). I vårt distrikt finst han også i Naustdal (SF) og Stordal (Lid & Lid, 1994, nemner også Ørskog, med det skriv seg frå den tida då Ørskog var storkommune). John B. Jordal (pers. medd.) har nett funne bergfaks også i Aukra. Kystplanten ramslauk er her nær innergrensa si. I Stranda er denne elles berre funnen ved Lauvvikane og ved Naustvika (og kan hende ved Hysket, sjå Skogen 1973). Arten er sjeldsynt innafor Viset i Ørskog (eigne undersøkingar), og plar vere ein god signalart for artsrike miljø.

På berg og tørrbakkar er det svært artsrikt. Her er t.d. bakkemynte (nær vestgrensa) og den sjeldsynte bakkeveronika. Engtjørreblom står i store tuver saman med andre som blankstorkenebb, brudespore, grov nattfiol, jordnøtt, piggstor, småstorkenebb, svartereknapp, vill-auk og vill-lin. Jordnøtt er også ein kystplante som er svært sjeldsynt sør for Amdam i Ørskog (også denne plar vere ein grei signalart for rike miljø), medan småstorkenebb er ein lite kjent art i Møre og Romsdal (kan vere innført, sjå Lid & Lid 1994). Folkestad og Bugge (1988:7) gjekk i land her, og frå artslista deira kan nemnast smånesle (har gått sterkt attende iflg. Lid & Lid, 1994). På opne stader i rasmarkene fann dei også basekrevjande artar som jáblom og svarttopp m.v. Eit artig moment er elles at her myldrar av hoggorm!

### Andre ting

Folkestad og Bugge (1988:7) meiner at "Denne lokaliteten er den ytterste av dei fine edellauvskog-lokalitetane i Sunnylvsfjorden", og sette verneverdien til regional eller nasjonal. Her må ein berre seie seg hjartens samd. I tillegg til reint landskapsestetiske verdiar er her svært artsrikt, med døme på fleire uvanlege eller sjeldsynte artar for distriktet. Her er såleis tunge naturfaglege verdiar, og skogen og engsamfunna på skritt jorddekte berg bør få skjøtte seg sjølv. Det vil likevel ikkje skade om ein fekk restaurert dei gamle attgrodde naturengene på øydegardane i området, slik det er lause planar om i dag. Området er også med i det føreslegne Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

## 5.2 Sørberg, kantkratt og rasmark

Om lag 10 større rasmarker vart undersøkte, og av dei vart åtte avgrensa og verdsette. Viktige utformingar etter DN-handboka er kalkrike eller sørvendte bergveggar, rasmark med større eller mindre innslag av tre, overrisla bergflater, ustabil rasmark med kalkrikt finmateriale eller meir stabile utformingar på moserik, grov blokkmark. *Artsrike utformingar* eller område med *raudlisteartar* reknast som svært viktige, A<sub>1</sub>. I hovudsak førast dei til F, ikkje tresett vegetasjon på fastmark (etter Fremstad 1997). Vi har ikkje plassert typane vi kartla til undergrupper, sjølv om dei fleste låglandsutformingane truleg høyrer til F1, F3 og F4. I fjellet høyrer dei truleg til S6 og S7.

Sørberg og rasmark er mellom dei tyngste og farlegaste områda å kartleggje, og fleire av dei har også vanskeleg tilgjenge. Meir enn ein gong har vi fått snøblokker eller steinsprang rett i fleisen. Sjølv om ein stort sett får eit greitt grunnlag i høve til verdiklassifiseringa, seier det seg sjølv at det arbeidet ein gjer i slike område berre er stikkprøvar. Det vil såleis ikkje overraske dersom det vert gjort mange funn på artsnvå. Vi vurderer elles å ha fått med dei fleste aktuelle områda.

**Tabell 07: Oversyn over kartlagde rasmarker**

Nr	Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd m o.h.	Verdi
19	Djupdalen	Kart 1319 III Tafjord, MP 105 827	900-1200	C
20	Fivelstad	Kart 1219 II Geiranger, LP 828 885	300-600	C
21	Holedalen	Kart 1219 II Geiranger, LP 913 818	600-900	A <sub>1</sub>
22	Holedalsvatnet	Kart 1219 II Geiranger, MP 023 806	800-1000	A <sub>1</sub>
23	Horvadraget – Megardsplassen	Kart 1219 II, LP 990 869 og LP 983 867	500-800	A <sub>1</sub>
24	Løsta og Vesteråsfonna	Kart 1219 II, MP 063 877 og MP 070 873	400-800	A <sub>1</sub>
25	Sunnylvsomskreddalen	Kart 1219 II Geiranger, LP 87, 88-90	300-700	C
26	Vinsåsskredene	Kart 1319 III Tafjord, MP 087 840	500-800	A <sub>1</sub>

### 19 Djupdalen

Kart 1319 III Tafjord, MP 105 827, 900-1200m o.h. Dato: 2000: 17. august (Holtan)

*Naturtype:* Sørvend berg og rasmark

*Områdeskildring:* Denne rasmarka ligg ved Kvanndalsvatnet ytst i Djupdalen. Den delen av området som har vegetasjon (alt som ikkje er bergskoltar eller blokkmark), er heilt prega av høgstaudar. Dominerande artar er slike som engsoleie, fjelltistel, hundekjeks, kvitsoleie, myskegras, skogstorkenebb og tyrihjelm. Rikelig med sigevatn gjer at området er svært frodig. Eksponeringa er beint mot sør.

*Kommentarar til funn:* Bleikvier, setermjelt og snøsøte er her nær si vestgrense (sjå t.d. Skogen, 1979). Elles er her ei rad karplantar som er signalartar for baserik grunn, m.a. bergveronika, flekkmure, gulssildre, jåblom, rynkevier, svarttopp og taggbregne. Kjertelvier veks elles på elveøyra.

*Konklusjon:* Området er middels godt undersøkt (dei brattaste hamrane bør undersøkjast betre ved eit seinare høve). Fleire artar som er sparsame i kommunen og nær den kjende vestgrensa gjer at området i alle fall kan reknast som lokalt viktig. Artsrikdomen trekk også opp.

### 20 Fivelstad

Kart 1219 II Geiranger, LP 828 885, 300-600m o.h. Dato: 2000: 30. juni (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Sørvend berg og rasmark

*Områdeskildring:* Området ligg øvst i Norangsdalen under Fivelstadnibba (1209m o.h.) og er eksponert om lag mot vest-sørvest. Høgstaudeenger er viktigaste vegetasjonstypen, med mykje av artar som

engsoleie, firkantperikum, nyresoleie, ormetelg og skogstorkenebb, litt nede i lia også myskegras, skogstjerneblom og stornesle. Elles er her berg, skoltar og grov blokkmark med eit varierande inventar. Av meir kravfulle eller sparsame karplantar kan peikast på slike som bergfrue, brudespore, fjellsmelle, fjelltistel, grønkurle, gulsildre, lerkespore, myske, raudsildre, svarttopp og vårmarihand m.fl.

*Kommentarar til funn:* Marinøkkelen var vel den mest interessante av artane i lia, sjølv om det vart nokre funn i Stranda i 2000, er dette ein art som for tida går attende (Lid & Lid 1994). Elles er ein del av artane som er ramsa opp ovafor, greie signalartar for ein baserik grunn.

*Konklusjon:* Ein stor artsrikdom og nokre sjeldsynte eller sparsame artar gjer at vi her sette lokal verdi. Området kan godt undersøkjast tidleg i august for å få med nokre av dei "seine" artane.

## 21 Holedalen

Kart 1219 II Geiranger, LP 913 818, 600-900m o.h. Dato: 2000: 25. juli (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Sørvest berg og rasmark

*Områdeskildring:* Denne rasmarka ligg vest i Holedalen (mellan Lianibba og Stigen), og er eksponert om lag beint mot sør. Eit ras gjorde at det var uråd å kome til før seint i juli (her låg mykje snø). Det kartlagde området har ei breidd på 1600m, og er såleis berre ein liten del av rasmarkene i Holedalen (dei må vere om lag 9km lange). Vi gjekk opp langs fonnstrekken (rett vest for bruhaugen), og det var eit syn å sjå over kanten eit stykke oppe i lia. Her står mange tusen brudesporar i eit av dei frodigaste engsamfunna vi kom over i denne naturtypen. Saman med raud jonsokblom er engsoleie og skogstorkenebb, flekkvis også setermjelt, er dei fullstendig dominante i store parti. På oppstikkande ryggar er det lyngrabbar med blåbær, røsslyng, småsmelle, tepperot og tiriltunge m.v. Det har vist seg at kvitcurla (DC) trivst i slike kantsoner, og i denne lokaliteten fann vi ho i tre delområde (i alt 22 plantar). I fjellbjørkeskogen ned mot Holedalselva finn ein bjønnkam og smørtelg, begge artar som syner den oseaniske påverknaden.

*Kommentarar til funn:* Setermjelt er her på den kjende vestgrensa si (sjå t.d. Skogen 1979). Andre interessante funn er marinøkkel (få plantar), kvit jonsokblom (generelt sjeldsynt, finst helst i nærlieiken av folk, då det går for å vere ein innført art), kvitcurlle, elles ein del vanlegare, men kravfulle artar som bakkestjerne, bergveronika, grønkurle, lerkespore, nattfiol, svarttopp og taggbregne.

*Konklusjon:* Ut frå artsrikdomen, funn av einskilde sjeldsynte artar, og raudlistearten kvitcurlle, må området reknast som **A<sub>1</sub>**, svært viktig. Ny vestgrense for setermjelt i distriktet er interessant.

## 22 Holedalsvatnet

Kart 1219 II Geiranger, MP 023 806, 800-1000m o.h. Dato: 2000: 24. og 25. juli (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Sørvest berg og rasmark

*Områdeskildring:* Avgrensinga her følgjer heile lengda til Holedalsvatnet (om lag 2km). Området er såleis plassert sentralt under Holedalsegga (1553m o.h.). Sjølv om det er eksponert om lag mot sørvest, er her døme på snøleie som ikkje smeltar før seint i juli. Det er vekselfuktig, med fleire grøver som kjem ned frå fjella. Plantelivet ser ut til å vere nokolunde jamt fordelt i aust-vest-gradienten. Øvst dominerer engsoleie og skogstorkenebb, nedover mot vatnet (delvis i krattskogen) vert det mykje av t.d. geitrams og myskegras. Over heile lia er det dessutan tusenvis av setermjelt. Kravfulle eller sjeldsynte artar er slike som bergveronika, brudespore, fjellmarinøkkel (berre ein plante, her truleg på vestgrensa), fjelltistel, grønkurle, jáblom, marinøkkel, raudsildre og svarttopp osb.

*Kommentarar til funn:* Fjellmarinøkkel er her om lag på si kjende vestgrense (sjå t.d. Skogen 1979), det same gjeld for setermjelt (sjå område 21).

*Konklusjon:* Alt i alt er dette ein etter måten artsrik lokalitet, med døme på fleire artar som er sparsame eller sjeldsynte i distriktet. Ut frå dette sette vi verdien til **A<sub>1</sub>**, svært viktig. Området bør kartleggjast betre i dei øvste og inste delane av lia. Også dei nordvendte områda ved Hammaren bør kartleggjast. Ut frå dei røynslene som vart gjort i andre delar av kommunen (sjå under fjellområde, kap. 5.4) skal ein ikkje sjå bort frå at ein kan finne fleire artar som er sjeldsynte eller nær vestgrensa for arten.

## 23 Horvadraget - Megardsplassen

Kart 1219 II, LP 990 869 og LP 983 867, 500-800m o.h. Dato: 2000: 22. juni (Holtan og Grimstad)

Naturtype: Sør vend berg og rasmark

*Områdeskildring:* Ovafor den fråflytte Megardsplassen (fråflytt i mai 1900, sjå Ansok 1973/1976: 103) ligg nokre beint sør vendte rasmarker. Vegetasjonen er dominert av høgstaumar som firkantperikum, kvitbladtistel, kvitsoleie, mjødurt, skogstorkenebb, skogsvinerot og stornesle m.fl. I den vestre av rasmarkene er det også store felt med geitrams. Områda er tørre, men sigevatn og ein bekk (i den austre) gjer likevel at einskilde parti er fuktige i vekstsesongen.

*Kommentarar til funn:* Bregnен marinøkkel finst sporadisk i aust, her fann vi også overraskande ein varmekjær plante som tannrot (600m o.h.). Elles kan nemnast kravfulle plantar som bergmynte, bergveronika (nær vestgrensa), brudespore, dvergmispel, flekkmure (nær vestgrensa), gjeldkarve, grønkurle, kransmynte, lerkespore (vertsplanten til larvane av mnemosynesommarfugl), svartstorr og vill-lauk. Noko overraskande song gulsongaren ved dei gamle ruinane etter setrane (500m o.h.). Også hoggormen trivst her i høgda. Mest interessant var likevel funn av mnemosynesommarfugl (V) i begge rasmarkene, nokre individ flaug også ved øydegarden Horvadraget (246m o.h.).

*Konklusjon:* Utan funn av mnemosynesommarfugl, ville desse rasmarkene hatt lokal eller liten verdi. Med sommarfuglen til stades er begge områda med eitt svært viktige (A<sub>1</sub>).

## 24 Løsta og Vesteråsfonna

Kart 1219 II Geiranger, MP 063 877 og MP 070 873, 400-800m o.h. Dato: 2000: 28. og 29. juni (Holtan og Grimstad)

Naturtype: Sør vend berg og rasmark

*Områdeskildring:* Løsta ligg rett ovafor Fonnagjelet som kjem ned nær Geiranger sentrum, medan Vesteråsfonna ligg ovafor Vesteråsgardane. Ved Vesteråsfonna er det svært artsattig, med blåbær og hestespreng mellom dei vanlegaste plantane. Elles går det mykje i høgstaumar som skogstorkenebb og tyrihjelm, og oppslag av einer (ein typisk "attgroingsart"). Sparsamt finst noko meir kravfulle artar som bergfrue, bergmynte, bergveronika, gjeldkarve, marinøkkel, svartstorr og vill-lauk. Ein del sau går på beite i denne fonna, som har teke fleire menneskeliv fram gjennom åra (Lillebø m.fl. 1999: 64-65).

Ved Løsta er det noko rikare, her er det gulaksenger med mykje engsoleie, firkantperikum og rylik. I friskare parti dominerer enghumleblom, gulmaure, kvitmaure, skogstorkenebb og slåtttestorr m.fl. Av dei meir kravfulle artane er her t.d. bergmynte, karve, kranesmynte, kvitkurle (DC), myske, piggstorr, sølvmore, vill-lauk og vårmarihand. Begge områda ville hatt lokal verdi hadde det ikkje vore for at det også i desse vart funne mnemosynesommarfugl (V).

*Kommentarar til funn:* Begge områda ser ut til å ha brukande bestandar av den svært sjeldsynte mnemosynesommarfuglen. Kviturle trekk også verdien opp.

*Konklusjon:* Som det går fram av det som er nemnt over, gjer funna av mnemosynesommarfuglen aleine at begge områda må reknast som nasjonalt viktige (A<sub>1</sub>).

## 25 Sunnylvs molskreddalen

Kart 1219 II Geiranger, LP 87, 88-90, 300-700m o.h. 2000: 1. juli (Holtan og Grimstad)

Naturtype: Sør vend berg og rasmark

*Områdeskildring:* På begge sidene av Sunnylvs molskreddalen er det store rasmarker, med eksponering mot både vest og aust. Dominerande vegetasjonstypar er blåbærheiar og gulaksenger med mykje engsoleie, gulaks, ormetelg, rylik og skogstorkenebb. Nokre artar syner at her i alle fall er flekkvis baserik grunn, t.d. bergfrue (fjelldronning), brudespore og svarttopp.

*Kommentarar til funn:* Her er i grunnen ikkje så mykje å kommentere, anna enn at områda ser ut til å vere etter måten artsfattige.

*Konklusjon:* Ut frå det som er sagt over, har områda truleg berre lokal verdi. Ein skal likevel ikkje sjå bort frå at seinare undersøkingar vil avdekkje artar som vi ikkje fann, slik at verdien må justerast.

## 26 Vinsåsskredene

Kart 1319 III Tafjord, MP087 840, 500-800m. o.h. Dato: 2000: 27., 28. og 29. juni (Holtan og Grimstad)  
*Naturtype:* Sørvend berg og rasmark

*Områdeskildring:* Fonnene her ligg straks aust for Ørjasætra, med Vinsåshornet (1343m o.h.) i ryggen. Det er den største og artsrikaste av rasmarkene vi kartla, og strekk seg mei enn 2km frå nordvest mot sør aust. Fleire ras sist vinter har kasta opp mold og grus. Utanom ein liten skog (m.a. med alm) ved siste stigninga før Kvanndalen, har området stort sett engsamfunn i blanding med blokkmark og berg. Vegetasjonen vekslar mellom høgstaubar, t.d. med geitrams, myskegras, skogstorkenebb, strandrøy og tyrihjelm mellom dominantane, og gulaksenger med mykje engsoleie, flekkmure, gjeldkarve, gulmaure, jonsokkoll, og kvitmaure m.v. På konvekse ryggar (rabbar) er det blåbærhei med t.d. aksfrytle og rabbesiv. Av kravfulle karplantar kan peikast på slike som bergmynte, bergveronika, brudespore, kransmynte, lerkespore, myske, piggstorr, sølvture og vårmarihand. Det vart også funne ein raudskivesopp (*Entoloma sp.*). Nokre sauer hjelper til med å halde vegetasjonen nede.

*Kommentarar til funn:* Marinøkkel og fjellmarinøkkel veks også i lia (sistnemnde er svært sjeldsynt på Sunnmøre, med berre nokre få funn, sjå t.d. Skogen 1979). Mest interessant er likevel funn av den eksklusive mnemosynesommarfuglen (V), som her er på innergrensa si i Stranda. Arten skal vere sett i området i 1995-96 (Lars O. Hansen pers. medd.), men kom ikkje med i oversynet over sjeldsynte insekt i Noreg (Hansen & Aarvik 2000). Ein skal ikkje sjå bort frå at dette har samanheng med at arten er fredlyst.

*Konklusjon:* Sjølv utan mnemosynesommarfugl, er dette området så variert og artsrikt at det ville vore grunnlag for å setje verdien til **A<sub>1</sub>**, svært viktig. Det vart funne om lag 160 karplantar her. Det er likevel ynskjeleg å kartleggje i byrjinga av august, for å få med fleire av dei artane som kjem på seinsommaren.

## 5.3 Kulturlandskap

Tidlegare har altså Jordal & Gaarder (1999) samla opplysingar frå fem område i kommunen, medan Finn Oldervik sin innsats i 1999 auka talet på kartlagde område til 27 (inklusiv to område som forfattarane såg på). I 2000 konsentrerte vi oss om å take liste over karplantar i ”Oldervik sine” område (dette vart ikkje gjort i 1999) i tillegg til ein del nye registreringar. Gaarder og Jordal har også undersøkt nokre område i 2000 i samband med registreringane i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde (framlegget om verneområde kom elles 9. desember 1976 frå Stranda friluftsråd, ved dåverande leiar Magnar Furset), slik at ein no skulle ha oversyn over dei viktigaste områda og kvalitetane i denne naturtypen.

Dei store arbeida frå Møll og Grande (Asdøl m.fl. 1991, her vart det m.a. gjort framlegg om ein vidfemnande skjøtselsplan) og frå Oaldsbygda (Lystad 1978, heile området er trivielt og fattig på artar, men Lystad fann planten fjellflokk, som er svært sjeldsynt i distriktet) medverka til at vi ikkje såg at det var naudsynt å gjøre meir i desse områda.

Det har vist seg at verdiane i kulturlandskapet er knytte til *fråvere* av gjødsling og jordbearbeiding og til aktiv *tradisjonell* drift med beiting og slått (Jordal 1997:6.4).

Som naturbeiteenger og naturbeitemark reknast område som har få inngrep utanom beiting eller slått, medan kulturbeite og kultureng er område der ein gjødslar eller pløger. Ofte vil naturtypane ha ei rad spesialiserte artar, særleg sopp.

Beitemarksoppane er definert som grasmarksopp som toler lite attgroing og gjødsling. Drygt 100 artar er til no kjent frå Møre og Romsdal (Jordal & Gaarder 1998b). Artane får poeng alt etter kva indikatorverdi dei har og kor sjeldsynte dei er (frå 1 til 8 poeng, sjå tabell 08). Ved å summere poengtala får ein eit mål på kvaliteten eller verdien av lokaliteten. Ein må vere merksam på at DN-handboka (s. 5-42) har eit helt anna verdsetjingssystem, der område med raudlisteartar vil vere svært viktige, **A<sub>1</sub>**. Dette systemet nytta vi såleis ikkje ved verdsetjing av slike område i Stranda. Funn av t.d. raudlista beitemarksopp gjer ein ofte i område som kan ha kome langt i attgroinga, utan at verdien elles treng å vere særskilt høg. Vi nytta difor verdsetjingssystemet som er utarbeidd av Jordal og Gaarder (ein kombinasjon av artspoeng for sopp, tal på naturengplantar og måten lokaliteten vert hevda på i dag). Systemet deira er svært likt det som er gjengs elles i Europa.

Naturengplantar og seterplantar er eng- og fjellplantar som også toler lite gjødsling og attgroing, og som synest ha fordel av beiting og slått. I Møre og Romsdal er det kjent om lag 95 natureng- og seterplantar (Jordal & Gaarder 1997). På kalkfattige lokalitetar er 16-20 naturengplantar eit godt resultat, medan kalkrike område kan ha 30 artar eller meir. Område med 20-25 naturengplantar kan ha nasjonal verdi (sjå t.d. figur 5 hjå Jordal & Gaarder 1997, kor dette kjem svært godt fram), men det beste er om andre aspekt, t.d. korleis området vert skjøtta, talet på beitemarksoppar osb. peikar i same lei. Ein må også vere merksam på at talet på beitemarksopp, natureng- eller seterplantar, minskar med aukande høgd.

Ansok, Kleberget og Espehjelle er dei tre *viktigaste* områda i kulturlandskapet i Stranda, m.a. med svært mange naturengplantar. Ut frå funna av *kvitkurle* (DC) må også delar av engene på Andeberg og Kjellstad reknast som viktige (B<sub>1</sub>) for naturtypen. Stølane inst i Sunnylvsområdet, som framleis vert hevda med beiting (sau og geit) og mjølkefjøs, og Kvanndalssætra, Ringstadsætrane, Svefonna og Uksviksætra -som også har eit brukande beitetrykk- er andre viktige område.

Skjøtsel og omsyn for desse områda vil t.d. seie at ein må unngå alle typar tekniske inngrep eller jordbearbeiding. Tradisjonelt beite eller tradisjonell slått vil ha positiv innverknad på verdiane som er knytte til naturtypen. Av omsyn til einskilde orkidéar er det ein føremon med eit forsiktig vår- og sommarbeite, medan ein godt kan auke beitetrykket mot hausten. Ved slått bør ein søkje å unngå tunge maskinar.

I Stranda er det viktig at ein avklarar kven som skal ha ansvaret for skjøtselen av dei viktigaste einskildområda, kven som skal kontrollere skjøtselen og korleis områda skal skjøttast. Det er naturleg at ein ser områda i samband med Storfjorden i ein interkommunal samanheng, då her allereie er tiltak eller planar om tiltak i ymse område. Her bør grunneigarar, kommunen og fylkesmannen si landbruksavdeling kome saman og spele på lag.

## Tabell 08: Grasmarkssoppar funne i beitemark i Stranda

Liste over grasmarkssopp funne i Stranda med latinsk og norsk namn, artspoeng og raudlistestatus som grunnlag for verdsetjing av lokalitetane. Alle artar med 1-8 poeng rekna som beitemarkssoppar (sjå t.d. Jordal & Gaarder 1998b) og er i hovudsak spesialiserte til beitemarker eller slåtteenger. Artar med 0 poeng rekna ikke som beitemarkssoppar. Raudlistestatus etter DN (1999-3).

Latinsk namn	Norsk namn	Artspoeng	Status
<i>Agaricus campestris</i>	beitesjampinjong	0	
<i>Arrhenia acerosa</i>	stilkmosekantarell	0	
<i>Bovista nigrescens</i>	stor eggrøyksopp	1	
<i>Clavaria argillacea</i>	torvkøllesopp <sup>12</sup>	0	
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp	1	
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp	1	
<i>Clitocybe clavipes</i>	klubbetraktsopp	0	
<i>Clitocybe fragrans</i>	kvit anistraktsopp	0	
<i>Clitocybe sp.</i>	traktsopp-art	0	
<i>Clitocybe vibecina</i>	grå mjøltraktsopp	0	
<i>Clitopilus prunulus</i>	mjølsopp	0	
<i>Conocybe sp.</i>	kjeglesopp-art	0	
<i>Cystoderma amianthinum</i>	okergul grynhatt	0	
<i>Cystoderma carcharias</i>	bleikraud grynhatt	0	
<i>Cystoderma granulosum</i>	raudbrun grynhatt	0	
<i>Cystoderma jasonis cf.</i>	rustoker grynhatt	0	
<i>Entoloma asprellum</i>	blåstilka raudskivesopp	1	
<i>Entoloma atrocoeruleum cf.</i>	-	2	DC
<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudskivesopp	1	DC
<i>Entoloma cetratum</i>	oker raudskivesopp	0	
<i>Entoloma conferendum</i>	stjernespora raudskivesopp	0	
<i>Entoloma corvinum</i>	ramneraudskivesopp	4	DC
<i>Entoloma exile</i>	-	2	DC
<i>Entoloma formosum</i>	bronseraudskivesopp	2	R
<i>Entoloma fuscotomentosum cf.</i>	-	1	
<i>Entoloma infula</i>	bleikskiva raudskivesopp	1	
<i>Entoloma inutile</i>	- <sup>13</sup>	0	
<i>Entoloma jubatum</i>	semska raudskivesopp	1	
<i>Entoloma juncinum</i>	striperaudskivesopp	0	
<i>Entoloma miniatum</i>	-	0	
<i>Entoloma poliopus cf.</i>	-	1	
<i>Entoloma porphyrophaeum</i>	lillabrun raudskivesopp	4	DC
<i>Entoloma pratulense cf.</i>	-	1	
<i>Entoloma prunuloides</i>	mjølraudskivesopp	4	DC
<i>Entoloma rhodopolium</i>	lumsk raudskivesopp	0	
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp	1	
<i>Entoloma sericeum</i>	beiteraudskivesopp	1	
<i>Entoloma turbidum</i>	sumpraudskivesopp	0	
<i>Galerina sp.</i>	Klokkehatt	0	
<i>Hemimycena delectabilis</i>	lutvranghette	0	

<sup>12</sup> Denne vart ny for Møre og Romsdal og Vestlandet, og er ikke beitemarksart.

<sup>13</sup> Denne vart ny for Noreg, og er ikke beitemarsart.

<i>Hygrocybe cantharellus</i>	kantarellovokssopp	1	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjørvokssopp	1	
<i>Hygrocybe chlorophhana</i>	gul vokssopp	1	
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp	1	
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp	1	
<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfotvokssopp	2	DC
<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	4	DC
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	limvokssopp	4	V
<i>Hygrocybe helobia</i>	bronfnokka vokssopp	1	
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	2	
<i>Hygrocybe lacmus</i>	skifervokssopp	2	DC
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp	1	
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp	1	
<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	2	
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	svartdogga vokssopp	4	DC
<i>Hygrocybe pratensis</i>	engvokssopp	1	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp	1	
<i>Hygrocybe punicea</i>	skarlagenvokssopp	2	
<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	2	DC
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp	1	
<i>Hygrocybe virginea</i>	krittvokssopp	1	
<i>Laccaria laccata</i>	vanleg lakssopp	0	
<i>Lycoperdon foetidum</i>	mørk vorterøyksopp	0	
<i>Lycoperdon perlatum</i>	pærerøyksopp	0	
<i>Lycoperdon sp.</i>	-	0	
<i>Melanoleuca cognata cf.</i>	vårmunkehatt	0	
<i>Mycena adonis</i>	fagerhette	0	
<i>Mycena aetites</i>	gråhette	0	
<i>Mycena epipterygia</i>	flåhette	0	
<i>Mycena filopes</i>	stripehette	0	
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette	1	
<i>Mycena leptcephala</i>	lita luthette	0	
<i>Mycena leucogala</i>	kolmjølkehette	0	
<i>Mycena pura</i>	reddikhette	0	
<i>Panaeolus acuminatus</i>	slank flekkskivesopp	0	
<i>Panaeolus fimiputris</i>	gjødselringsopp	0	
<i>Panaeolus foenisecii</i>	slåttesopp	0	
<i>Panaeolus sphinctrinus</i>	vanleg flekkskivesopp	0	
<i>Psathyrella sp.</i>	sprøsopp-art	0	
<i>Psilocybe inquilina</i>	grasfleinsopp	0	
<i>Psilocybe semilanceata</i>	spiss fleinsopp	0	
<i>Rickenella fibula</i>	gul nålehatt	0	
<i>Stropharia albocyanea</i>	bleikgrøn kragesopp	0	
<i>Stropharia cyanea</i>	blågrøn kragesopp	0	
<i>Stropharia semiglobata</i>	sitronkragesopp	0	

**Tabell 09: Natureng- og seterplantar funne i beitemark i Stranda**

Naturengplantar	Gjeldkarve	Knegas	Småengkall	Fjellaugnetrøst
Aurikkelsvæve	Grov nattfiol	Kornstorr	Storblåfjør	Dverggråurt

Beitestorr	Gulaks	Kvitkurle	Sumpmaure	Fjellarve
Blåklokke	Gulmaure	Kvitmaure	Sølvture	Fjellmarikåpe
Brudespore	Harerug	Kystmaure	Tepperot	Fjelltimoeti
Bråtestorr	Heiblåfjør	Loppestorr	Tiriltunge	Grønkurle
Dvergjamne	Hårvæve	Lækjeveronika	Vill-lauk	Seterarve
Engfiol	Jonsokkoll	Marinøkkel	Vill-lin	Setergråurt
Engfrytle	Jordnøtt	Nattfiol		Slirestorr
Finnskjegg	Jåblom	Prestekrage	<b>Seterplantar</b>	Svarttopp
Flekkmure	Kattefot	Rundskolm	Aksfrytle	Trefingerurt
Geitsvingel	Kjertelaugnetrost	Smalkjempe	Brearve	

Mange seterplantar finst naturleg nok også i rasmark, m.a. bergveronika, fjellbakkestjerne, fjellkattefot, fjellmarinøkkel, fjellsmelle, fjelltistel, setermjelt og snøsøte.

**Tabell 10: Lokalitetar i kulturlandskapet med plante- og soppdata**

<input type="checkbox"/> Gms Totaltalet av soppartar i grasmark <input type="checkbox"/> Bms Totaltalet av artar beitemarkssopp (sjå t.d. Jordal & Gaarder 1998b) <input type="checkbox"/> Pbms Artspoeng for beitemarkssopp (sjå t.d. Jordal & Gaarder 1998b) <input type="checkbox"/> Vs Totaltalet av vokssoppar <input type="checkbox"/> Pl Totaltalet av karplantar <input type="checkbox"/> Npl Tal på natureng- eller seterplantar	E Artar som er direkte truga V Artar som er sårbare R Artar som er sjeldsynte DC Artar som er omsynskrevjande  Raudlistestatus etter DN (1999-3)
--	---

Lokalitetsnamn	Poeng/tal soppartar				Tal plantar		Tal raudlisteartar			
	gms	bms	pems	vs	pl	npl	E	V	R	DC
Ansok	12	10	18	8	97	25		1		2
Bergesætra	14	8	8	5	48	11			1	
Bjørodalssætra og Holedalssætra	-	-	-	-	30	7				
Bygdastølen	18	6	6	4	50	11				
Dregesætra	4	3	3	3	-	-				
Espehelle (Skotungane)	21	17	32	14	75	23		1	1	4 <sup>14</sup>
Framfjørstadsætra	15	6	9	3	53	10				1
Fursetsætra	22	13	14	9	53	12				1
Geiranger: Gjørva 1 (aust)	15	10	14	8	-	-				2
Geiranger: Gjørva 2 (vest)	11	6	6	5	-	-				
Geiranger: Humlungsætra	15	9	9	7	32	7				
Geiranger: Sentrum	-	1	1	1	88	14				
Geiranger: Skageflåa	-	-	-	-	47	3				
Habostadsætra	24	10	11	8	33	6				1
Haugset	1	-	-	-	95	15				
Gjerde/Litlegjerdet	9	5	10	5	36	12		1		
Herdalen	-	-	-	-	48	3				
Humlemyra	6	6	11	2	34	12			1	2
Instesætra	-	-	-	-	37	8				
Kjellstad	-	-	-	-	42	16				1
Kleberget	18	13	21	8	79	22		1	1	2
Kvanndalssætra	-	-	-	-	97	16				

<sup>14</sup> Fire omsynskrevjande artar inkluderer kvitkurla, som her har sin viktigaste kjende førekomst i Møre og Romsdal.

Langlofonna	12	7	8	5	39	7			
Langloreiten	13	7	8	6	-	-			
Liasætra	9	6	7	5	23	3			
Littlesætra	8	6	6	5	23	5			
Ljøsætra	16	6	7	3	-	-			2
Mesætra	-	-	-	-	-	-			
Myklebustsætra	25	15	16	10	67	16			2
Norangsdalen: rasmark	3	1	1	0	-	-			
Rindalsstølen	4	1	1	1	58	12			
Ringstadsætra <sup>15</sup>	41	23	37	12	74	21			6
Storsætra	-	-	-	-	67	14			
Strandamolskreddalen	-	-	-	-	49	9			
Svefonna (Habostaddalen)	27	16	19	10	35	5			2
Uksagsætra (Opsvik)	23	16	20	9	39	12			2
Uksviksætra (Opsvik)	30	16	22	11	-	-	1		3
Vassetsætra	11	5	5	3	36	10			
Vinsåssætra	-	-	-	-	76	16			

**Tabell 11: Oversyn over kartlagde område i kulturlandskapet**

Nr	Områdenavn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
27	Ansok	Kart 1219 I Stranda LQ 975 106	220-320m	God	A <sub>1</sub>
28	Bergesætra	Kart 1219 I Stranda LQ 875 091	490m o.h.	God	C
29	Bjørdalssætra og Holedalssætra	Kart 1219 II Geiranger MP 004 804	700m o.h.	God	C
30	Bygdastølen	Kart 1219 II Geiranger LP 865 913	470m o.h.	God	C
31	Dregesætra	Kart 1219 I Stranda LQ 913 069	520m o.h.	God	C
32	Espehjelle (Skotungane)	Kart 1219 I Stranda LQ 918 128	180m o.h.	God	A <sub>1</sub>
33	Framfjørstadsætra	Kart 1219 II Geiranger LQ 903 001	520m o.h.	God	C
34	Fursetsætra	Kart 1219 I Stranda LQ 881 082	460m o.h.	God	C
35	Geiranger: Gjørva (aust)	Kart 1219 II Geiranger MP 059 863	40m o.h.	God	C
35	Geiranger: Gjørva (vest)	Kart 1219 II Geiranger MP 056 866	40m o.h.	God	C
36	Geiranger: Humlungsætra	Kart 1219 II Geiranger MP 025 881	540m o.h.	God	C
37	Geiranger: Sentrum	Kart 1219 II Geiranger MP 063 873	20m o.h.	God	C
38	Geiranger: Skageflåa	Kart 1219 II Geiranger MP 019 879	250m o.h.	God	C
39	Habostadsætra	Kart 1219 II Geiranger LQ 859 034	410m o.h.	God	C
40	Haugset	Kart 1219 II Geiranger MP 048 899	680m o.h.	Medels	B <sub>1</sub>
41	Herdalen	Kart 1219 II Geiranger LP 907 943	430m o.h.	God	C
42	Humlemyra	Kart 1219 II Geiranger LP 878 863	160m o.h.	Medels	C
43	Instesætra	Kart 1219 II Geiranger LP 866 987	574m o.h.	God	C
44	Kjellstad	Kart 1219 II Geiranger LP 841 813	354m o.h.	Medels	B <sub>1</sub>
45	Kleberget	Kart 1219 I Stranda LQ 968 107	400-460m	God	A <sub>1</sub>
46	Kvanndalssætra	Kart 1319 III Tafjord MP 095 822	640m o.h.	Medels	C
47	Langlofonna	Kart 1219 I Stranda LQ 867 092	510m o.h.	God	C
48	Langloreiten	Kart 1219 I Stranda LQ 915 107	210m o.h.	God	C
49	Liasætra	Kart 1219 II Geiranger LQ 859 036	410m o.h.	God	C
50	Litlegerdet	Kart 1219 II Geiranger LP 878 861	100m o.h.	Medels	C
51	Littlesætra	Kart 1219 I Stranda LQ 870 052	370m o.h.	God	C

<sup>15</sup> Her vart det teke felles planteliste for Lånestølen og Øygardsstølen (same tal på plantar).

52	Ljøsætra	Kart 1219 II Geiranger LP 912 903	540m o.h.	God	C
53	Mesætra	Kart 1219 II Geiranger LQ 877 013	450m o.h.	God	C
54	Myklebustsætra	Kart 1219 II Geiranger LQ 885 021	420m o.h.	God	B <sub>1</sub>
55	Norangsdalen: rasmark	Kart 1219 II Geiranger LP 822 898	310m o.h.	God	C
56	Rindalsstølen	Kart 1219 II Geiranger LP 867 913	441m o.h.	God	C
57	Ringstadsætra <sup>16</sup>	Kart 1219 I Stranda LQ 897 089	480m o.h.	God	A <sub>1</sub>
58	Storsætra	Kart 1319 III Tafjord MP 078 873	580m o.h.	God	C
59	Strandamolskreddalen	Kart 1219 II Geiranger LP 869 909	420m o.h.	God	C
60	Svefonna	Kart 1219 I Stranda LQ 877 050	400m o.h.	God	B <sub>1</sub>
61	Uksagsætra	Kart 1219 I Stranda LQ 950 043	450m o.h.	God	C
62	Uksviksætra	Kart 1219 I Stranda LQ 944 055	420m o.h.	God	B <sub>1</sub>
63	Vassetsætra	Kart 1219 I Stranda LQ 946 040	460m o.h.	God	C
64	Vinsåssætra	Kart 1319 III Tafjord MP 080 847	520m o.h.	God	C

I tillegg til desse vart Grande- og Møllsætra undersøkte. Her er berre små biologiske verdiar. Sjølv om her beitast (m.a. med hest), er dei noko prega av attgroing. Asdøl m.fl. (1991) tok plantelister her. I tillegg undersøkte Gaarder og Jordal Vesteråssætra (berre planteliste her).

Ved *Andeberg*, i det nordaustlege hjørnet av eigedommen, veks ein del *kvitkurle* (DC). Delområdet her er i sterkt attgroing, og er den siste resten som ikkje vert skjøtta. Det hastar med at eigaren tek opp att slåtten før attgroinga tek knekken på kviturlene (det vart ikkje leita etter sopp her pga. attgroinga). Alle engar i kulturlandskapet der det finst kvitkurle vil isolert sett ha regional verdi (B<sub>1</sub>).

## 27 Ansok

Kart 1219 I Stranda LQ 975 106 220-320m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder  
Undersøkt: 1999: 26 september (Holtan, Gaarder og Grimstad), 2000: 05 juli (Holtan og Grimstad) og 5. september (Gaarder og Jordal)

Naturtype: Slåtteeng

*Områdeskildring:* Området ligg sørvest for Liabygda, og er dei gamle beite- og slåtteengene på den vestlegaste av dei to Ansok-gardane (eigar: Perry Jarle Ansok). Vi konsentrerte oss om områda vest for våningshuset ved den gamle frukthagen, på nordsida av vegstubbben mot Kleberget og nokre kantsoner. Enga ved frukthagen er i attgroing, elles vert det framleis slått på heile garden. Vegetasjonen er noko tørrengprega, men øvst er det også innslag av fuktsig, m.a. med kystplantar som heiblåfjør og heistorr.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne i alt 97 karplantar, av desse 25 naturengplantar. Dette er eit svært høgt tal. Det må peikast på marinøkkel (meir enn 50 plantar talt, truleg finst langt fleire), som har gått sterkt attende i låglandet i seinare tid (Lid & Lid 1994), noko brudespore, grov nattfiol og vill-lin. Dominerande mellom naturengplantane er slike som augnetrost, kvitmaure, smalkjempe, småengkall og storblåfjør i tillegg til kulturengengplantane engsyre, firkantperikum, kvitkløver og raudkløver m.fl.

Av soppane får ein merke seg funn av dei sjeldsynte mjølraudskivesopp (DC), gulfotvokssopp (DC, norsk ansvarsart) og limvokssopp (V, fell truleg ut av raudlista eller justerast til DC ved neste høve).

*Konklusjon:* Dei største verdiane er i delområde som er prega av attgroing, m.a. i den gamle frukthagen. Her må slåtten snarast takast opp att dersom verdiane ikkje skal reduserast eller gå tapt. Artsrikdomen, strukturen i landskapet og måten området vert hevda på i dag, gjer at det må reknast som svært viktig (A<sub>1</sub>), sjølv om to tørkehaustar på rad gjorde sitt til at det berre vart funne måteleg med sopp. Isolert sett er her ikkje nok artspoeng etter systemet til Jordal og Gaarder (1997) til å seie at her er nasjonal verdi. Verdsetjinga tek såleis omsyn til heilskapen i området. Det bør vurderast om eigedommen kan vere med i ein regional skjøtselsplan for viktige område i kulturlandskapet i Storfjorden.

<sup>16</sup> Her vart det teke felles soppliste for Lånestølen og Øygardsstølen, då områda heng i hop.

Nokre sau er framleis på beite, i alle fall om hausten.

## 28 Bergesætra

Kart 1219 I Stranda LQ 875 091 490m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 1. oktober (Finn Oldervik), 2000: 5. juli (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Bergesætra ligg i Hevsdalen, ein knapp km aust for Langlofonna. Området er noko prega av anleggsverksamhet ved hyttene (grøfting m.v.). Plantelivet er fattig, med gulaksenger og ein del tuver av sølvbunke (attgroinga er godt i gang). På fuktige stader er det finnspjeggeng.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne i alt 11 natureng- eller seterplantar, alle vanlege og vidt utbreidde artar. Av sopp vart det funne fem vanlege vokssoppar og nokre andre vanlege artar. Den i Møre og Romsdal sjeldsynte bronseraudskivesopp (R) vart også funnen. Det vart ikkje leita etter sopp i 2000 på grunn av inntrykket vi fekk av lokaliteten.

*Konklusjon:* Området er artsfattig, noko prega av attgroing og sår etter anleggsarbeid. Sjølv om sau er beitar i området, har området berre liten eller lokal verdi.

## 29 Bjørdalssætra (og Holedalssætra)

*Naturtype:* Naturbeitemark

Kart 1219 II Geiranger MP 004 804 700m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 24. juli (Holtan og Grimstad)

*Områdeskildring:* Bjørdalssætra (og Holedalssætra) ligg ved vestenden av Holedalsvatnet. Området kan som naturtype minne like mykje om bakkemyr som naturbeitemark, med slåttetestorr som ein dominerande art. Det ser ut til at det er slutt på beitinga (vegen over Holedalselva var stengt), medan det på hi sida går så mange kyr at dei har laga ”gjørmebad” av denne stølen.

*Kommentarar til funn:* Det vart ikkje teke full planteliste på Holedalsstølen, medan sju av 30 karplantar på Bjørdalssætra er natureng- eller seterplantar. Alle er svært vanlege og vidt utbreidde artar. Ut frå drifta på staden vart det ikkje leita etter beitemarkssoppar seinare.

*Konklusjon:* Områda har berre liten eller lokal verdi. Ein skal likevel ikkje sjå bort frå at det ved Bjørdalssætra kan vere potensiale for beitemarkssopp, då her er mindre parti som ser ut som dei kan ha einskilde slike.

## **30 Bygdastølen**

Kart 1219 II Geiranger LP 865 913 470m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder  
Undersøkt: 1999: 6. okt. (Oldervik), 2000: 1. juli (Holtan og Grimstad) og 6. sept.(Gaarder og Jordal)  
*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Bygdastølen ligg inst i Sunnylvsmolskreddalen saman med Rindalsstølen og "Moldskredstølen". Området karakteriserast ved bakkemyrar i mosaikk med blåbær-røsslyngheiar og ein del finnskjeggeng. Mosar (m.a. kjeldemose-artar) er viktige i feltsjiktet. Elles er her aktiv stølsdrift i dalen med eit høgt beitetrykk (geitefjøs og sauер).

*Kommentarar til funn:* Det vart funne i alt 11 natureng- eller seterplantar, alle vanlege og vidt utbreidde artar. Av sopp vart det berre funne seks beitemarksartar, mellom dei fire vokssoppar, også dette vanlege artar.

*Konklusjon:* Bygdastølen bør sjåast i samanheng med dei to andre stølane på staden. Samla vil dei truleg ha lokal til regional verdi, sjølv om Bygdastølen isolert sett berre har lokal interesse.

## **31 Dregesætra**

Kart 1219 I Stranda LQ 913 069 520m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder  
Undersøkt: 1999: 9. oktober (Finn Oldervik)  
*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Setra ligg i utkanten av Dalebotnheiane ovafor Gjerde i Strandadalen. Finn Oldervik vitja området 9. oktober 1999, og kan fortelje at attgroinga her kome langt. Som vanleg er det tale om store tuver med sølvbunke som etterkvart gjer seg gjeldande.

*Kommentarar til funn:* I nysnøen vart det berre funne tre vanlege vokssoppar. Ein skal likevel ikkje sjå bort frå at det er mange fleire artar i området. Planteliste vart ikkje teke.

*Konklusjon:* Området har truleg liten biologisk verdi, kan hende lokal.

## **32 Espehjelle (Skotungane)**

Kart 1219 I Stranda LQ 918 128 180m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder  
Undersøkt: 1999: 12. september (Holtan og Oldervik), 24. (Oldervik) og 26. september (Gaarder, Grimstad og Holtan), 2000: 2. juli (Holtan og Grimstad)  
*Naturtype:* Slåtteeng

*Områdeskildring:* Espehjelle ligg under Skurdahornet (849m o.h.) ein dryg halvtimes gange frå Øygarden. Her er det gamle, velhaldne slåtteenger som dominerer. Det er vanskeleg å føre engene til ein særskilt type, men med dominans av gulaks er det ei utforming i den retninga.. Dei er uvanleg artsrike, og heilt tilvoksne med naturengplantar som augnetrøst, brudespore, gulaks, nattfiol, prestekrage, skogmarihand, smalkjempe, småengkall, storblåfjør og tiriltunge m.fl.

*Kommentarar til funn:* Nattfiol finst i hundrevis, kan hende firesifra. Arten er generelt uvanleg, og er vesentleg meir sparsam enn grov nattfiol (som ser ut til å vante på Espehjelle) i Møre og Romsdal. Opp mot firesifra tal, slik som her, har vi ikkje hørt om før. Her er også spreidd litt marinøkkel, som etter kvart har vorten sjeldsynt i kulturlandskapet. Størst interesse mellom karplantane har likevel kvitkurla (DC), som på Espehjelle (om lag 90 plantar talt) truleg har sitt viktigaste einskildområde i fylket vårt, kan hende også i landet. Også denne har gått sterkt attende i kulturlandskapet i nyare tid. I alt vart det elles funne 23 natureng- eller seterplantar, og det er svært mykje på ein triviell berggrunn.

Mellan soppane er det verd å nemne den svært sjeldsynte arten lillabrun raudskivesopp (DC). Av andre raudlista soppartar vart det funne bronseraudskivesopp (R), gulfotvokssopp (DC, norsk ansvarsart), limvokssopp (V) og musserongvokssopp (DC). Ein får tru at det ved eit seinare høve, i år utan sterk tørke som i 1999 og 2000, vil vere råd å utvide sopplista.

*Konklusjon:* Espehjelle er (saman med Ansok og Kleberget) den viktigaste einskildlokaliteten i kultur-landskapet i Stranda (**A<sub>1</sub>**). Det er svært viktig at ein i kommunen og hjå Fylkesmannen kjem i dialog med grunneigaren med tanke på å utarbeide ein skjøtselsplan som tek vare på dei store verdiane som er her. Det viktigaste er at *heile* eigedomen vert slått kvart år, og at graset ikkje vert liggjande på bøane. Av omsyn til kvitcurla (veks på bøen på nordsida av låven), kan ein godt vente med å slå denne delen til sist i juli eller byrjinga av august. Eit uheldig innslag er ein gammal hekk med sitkagran. Om det ikkje er råd å skjøtte ho ut, må ein følgje med på evt. frøspreiing. Ein bør vurdere om eigedomen kan vere med i ein regional plan for skjøtsel av viktige område i kulturlandskapet i Storfjorden.

### 33 Framfjørstadsætra

Kart 1219 II Geiranger LQ 903 001 520m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 8. oktober (Oldervik), 2000: 5. september (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Setra ligg søraust for Emdalen. Landskapet er trefattig, og skoggrensa går om lag ved stølen (på grunn av ras). Av fjøsen står berre murane att. Vegetasjonen er noko prega av attgroing, med sølvbunkeeng, gulaks-engkveineng og litt finnskjegg. Elles er det typisk lesidevegetasjon med dominans av blåbær og smyle.

*Kommentarar til funn:* Av 53 karplantar er 10 natureng- eller seterplantar, alle vanlege og vidt utbreidde artar. Det vart vidare funne seks beitemarksoppar, mellom desse tre vanlege vokssoppar i tillegg til den svært sjeldsynte lillabrun raudskivesopp (DC).

*Konklusjon:* Området har truleg berre lokal verdi ut frå biologiske funn.

### 34 Fursetsætra

Kart 1219 I Stranda LQ 881 082 460m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 1. oktober (Oldervik), 2000: 5. juli, 22. september (Holtan og Grimstad) og 5. september (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Fursetsætra ligg attmed riksvegen og skianlegga i Hevdalen. Området synest vere brukande godt beita, sjølv om her er tendens til attgroing i kantsoner. Her er gulakseng, fuktsig med finnskjeggeng og litt blåbærhei, med oppslag av tuver av sølvbunke hist og her.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne 53 planteartar på stølen, av dei 12 natureng- eller seterplantar. Alle er vanlege og vidt utbreidde artar. Av beitemarksopp vart den raudlista glasblå raudskivesopp (DC) funnen. Den fell truleg ut av raudlista ved neste revisjon (John B. Jordal pers. medd.). Av i alt 13 beitemarksoppar var heile ni vokssoppar.

*Konklusjon:* Området er artsfattig og trivielt. Verdien er likevel minst lokal. Ein skal ikkje sjå bort frå at ein i ein god soppesong kan finne fleire artar. Beitinga held framleis bøen open.

### 35 Geiranger: Gjørva (aust) og Gjørva (vest)

Kart 1219 II Geiranger MP 056 866 40m o.h. og kart 1219 II Geiranger MP 059 863 40m o.h.

Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder, Undersøkt: 1994: 15. september (Gaarder)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Området ligg like vest for Geiranger sentrum, og er eit beiteområde på oversida av vegen ut til Humlung. Deler av beitemarkene har tidlegare grodd att med skog, og det er derfor skilt ut to delområde på dei opne partia. Den austre (lokalitet 1) er størst og er eit raspåverka beite inntil innmarka på Gjørva. Den vestre (lokalitet 2) er ei lita eng omgjeven av ung lauvskog noko nærmare Humlung. Beitetrykket er nokså godt, særleg på engene nærmast Gjørva. Ved besøket gjekk det eit par hestar her.

*Kommentarar til funn:* På lokalitet 1 vart det funne 10 artar beitemarkssopp (14 poeng). Utanom raudskivesoppen *Entoloma exile* og vokssoppen *Hygrocybe phaeococcinea* (begge omsynskrevjande) vart det funne mest vanlege og vidt utbreidde artar. På lokalitet 2 vart det funne 6 vanlege og vidt utbreidde artar av beitemarkssopp. Det vart ikkje laga fullstendig planteliste, men vegetasjonen var noko tørrengprega med arter som gulmaure og raudknapp. Elles vart det ikkje funne spesielle planteartar.

*Konklusjon:* Lokalitetane er noko prega av snøras, og dette forklarer truleg at det vart gjort relativt få funn av beitemarkssopp. Vi har ingen forslag til endringar i bruken av området.

### 36 Geiranger: Humlungsætra

Kart 1219 II Geiranger MP 025 881 540m o.h.

Landskapsregion: 23. Indre vestlandsbygder, Undersøkt: 1994: 15. september (Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Humlungsætra ligg 540 meter over havet på ei hylle i fjellsida ved Geirangerfjorden. Like ved setra ligg eit mykke nytta utsiktspunkt over fjorden der ein kan sjå mellom anna Knivsflå. Vegetasjonen er prega av noko attgroing og lågt beitetrykk, men det går framleis sau i området. Det er ein del einer og lyngmark ved setra, men det finst også noko grasdominert vegetasjon.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne 33 planteartar på vollen, av dei 6 naturengplantar; gulaks, kjertelaugnetrøst, blåklokke, engfiol, lækjeveronika og engfrytle. Vegetasjonen var triviell og utan kalkindikatorar. Av beitemarkssopp vart det berre funne 9 vanlege og vidt utbreidde artar.

*Konklusjon:* Lokaliteten har ut frå dette besøket berre lokal biologisk verdi. Beitetrykket er for lågt til å halde landskapet ope, og det vil nok gro gradvis att med tid og stunder om ein ikkje gjer noko for å hindre det.

### 37 Geiranger: Sentrum

Kart 1219 II Geiranger MP 063 871 10-100m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1973: 19. juli (Arnfinn Skogen), 1997: 23. juli (Holtan og Grimstad), 1999: 30. juli (Holtan og Grimstad), 2000: 2. august (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Dette er ei gammal, attgroande naturbeitemark i Geiranger sentrum. Området er omkransa av lauvskog og kantkratt. Sauer ser ut til å beite her om våren, men beitetrykket er i dag for lågt til å halde vegetasjonen nede. Her er såleis ei gradvis attgroing.

*Kommentarar til funn:* Det vart ikkje leita etter beitemarksopp ved besøka, men vi fann likevel gul vokssopp medan vi venta på ferja sommaren 2000. Ein skal ikkje sjå bort frå at her kan vere langt fleire. Plantelivet er etter måten rikt og variert med i alt 88 karplantar, av desse 14 natureng- eller seterplantar. Av særskilt interesse er skogkløver og åkermåne, som begge er sjeldsynte i Møre og Romsdal. Elles er her ein gammal steingard med humle.

*Konklusjon:* Det må seiast å vere verdifullt å ha eit slikt kulturlandskap sentralt i Geiranger. For å ta vare på enga og førebyggje attgroing, er det ønskjeleg å auke beitetrykket. Verdien er lokal/regional.

### 38 Geiranger: Skageflåa

Kart 1219 II Geiranger MP 019 879 250m o.h. Landskapsregion: 23. Indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1994: 15. september (Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Dette er ein av dei vidjetne hyllegardane i Geirangerfjorden. Staden er bratt og nordvestvendt, men vassig i jorda gjer at det overalt er svært frodig. Dette var ein av dei sikraste og mest

produktive av hyllegardane med store beitevidder på fjellet, men drifta vart oppgjeven i 1918 (Ansok 1973/76).

*Kommentarar til funn:* Kulturmarka er i sterkt attgroing med høgvaksne gras, urter, buskar og tre. Det vart laga ei artsliste på 49 planter frå innmarka ved dette besøket, og av desse var det berre tre naturengplantar. Dette var blåklokke, kvitmaure og gulaks, som overlever på tørre stader rundt husa der folk trakk ned graset. Vegetasjonen og utvalet av planteartar er interessant ut frå at ein kjenner historia og veit at området har vore overlate i stor grad til seg sjølv i 76 år. Det vart ikkje funne beitemarkssopp i området.

*Konklusjon:* Skageflåa kan vera interessant botanisk sett for å studera attgroing av kulturmark over ein lengre periode. Elles er det truleg landskapet og kulturminna som utgjer dei største verdiane i dette området.

## 39 Habostadsætra

Kart 1219 II Geiranger LQ 859 034 410m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: september (Oldervik), 2000: 22. september (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Området ligg inst i Habostaddalen. Det er sterkt prega av attgroing, og her er kraftig tuvedanning med sølvbunke, finnskjegg og (på fuktigare stader) mykje bjørnemose. Det synest vere inga eller berre tilfelleg beiting på stølen i dag.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne 33 planteartar, av dei seks natureng- eller seterplantar, alle vanlege og vidt utbreidde artar. Av beitemarkssopp merker ein seg glasblå raudskivesopp (DC), elles er det berre vanlege artar også for desse. Størst interesse har funn av torvkøllesopp (ny for Vestlandet, eitt funn på Finse i Hordaland unntake), som er ein lite kjent art hjå oss (berre 14 norske funn, jfr. nettdatabasen på Tøyen).

*Konklusjon:* Området er som peika på ved å gro att, og har i dag lokal eller liten biologisk verdi.

## 40 Haugset

Kart 1219 II Geiranger MP 048 899 680m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 2. august (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Haugset ligg på aksla av Ørnevegen med godt utsyn over fjorden. Den delen som er gjerda inn er prega av attgroing. På utsida av gjerdet er det greitt beitetrykk, med eit ope preg på nordsida av setra (hei og grasmark), men meir lauvkraft på vestsida. Som overalt elles i kommunen er det kalkfattige og magre tilhøve.

*Kommentarar til funn:* Med 95 karplantar, av dei 15 natureng- eller seterplantar, er dette eit etter måten artsrikt område. Her er m.a. mykje brudespore. Det vart ikkje leita etter beitemarkssopp i 2000.

*Konklusjon:* Området ser ut til å ha berre lokal verdi, men ein skal ikkje sjå bort frå at her finst moment som ein ikkje fekk med seg ved feltarbeidet i august som kan auke verdien.

## 41 Herdalen

Kart 1219 II Geiranger LP 907 943 430m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 5. juli (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Området ligg inst i Strandadalen attmed tunnellinnslaget mot Hellesylt. Også her har attgroinga kome svært langt. Det er heilt prega av sølvbunketuver og kulturartar som engsyre og firkantperikum m.fl.

*Kommentarar til funn:* Av 48 planteartar er berre tre av dei natureng- eller seterplantar. Alle artane er vanlege og vidt utbreidde artar. Ut frå strukturen i landskapet fann vi ikkje grunn til å leite etter beitemarkssopp om hausten.

*Konklusjon:* Området er som peika på ved å gro att, og har i dag lokal eller liten biologisk verdi.

## 42 Humlemyra

Kart 1219 II Geiranger LP 878 863 160m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 6. september (Gaarder og Jordal)

Naturtype: Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Humlemyra ligg attmed Rindal på Hellesylt. Det er ikkje skilda nærmere av Gaarder og Jordal, men skal vere noko prega av attgroing (Geir gaarder pers. medd.).

*Kommentarar til funn:* Av 34 karplantar er 12 natureng- eller seterplantar, alle vanlege og vidt utbreidde artar. Mellom dei seks beitemarkssoppene som var funne, er dei raudlista *Entoloma caesiocinctum* (DC), bronseraudskivesopp (R) og ramneraudskivesopp (DC, einaste funnet i Stranda).

*Konklusjon:* Vi vurderer at området har lokal til regional verdi.

## 43 Instesætra

Kart 1219 II Geiranger LP 866 987 574m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 6. juli (Holtan og Grimstad)

Naturtype: Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Instesætra ligg inst i Strandamolskreddalen. Området rundt stølane er prega av attgroing, t.d. med store enger med engsyre og firkantperikum (her må ha vore godt gjødsla). Her beiter både sauер og geiter, men det ser ikkje ut til at dyra går mykje på boane her.

*Kommentarar til funn:* Av 37 planteartar var åtte natureng- eller seterplantar, alle vanlege og vidt utbreidde artar. Vi tok ikkje bryet med å leite etter beitemarkssopp ut frå skjøtselen i dag.

*Konklusjon:* Området har få og små biologiske verdiar som kulturlandskap.

## 44 Kjellstad

Kart 1219 II Geiranger LP 841 813 354m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 4. august (Gaarder og Jordal)

Naturtype: Slåtteeng

*Områdeskildring:* På den øvste av Kjellstadgardane er det ein liten engrest med preg av fukteng (m.a. mykje myrfiol og trådsiv). Nedste delen er ved å gro att (sølvbunketuver), elles går det mykje i gulaksengkveineng med ein del finnskjegg og smyle.

*Kommentarar til funn:* Av 42 karplantar er 16 natureng- eller seterplantar, altså eit brukande høgt tal. Mellom desse er det eit par hundre brudespore og meir enn 30 kvitkurle (DC). Det vart ikkje leita etter sopp, m.a. på grunn av attgroinga.

*Konklusjon:* Kviturle aleine gjer at vi set verdien til regional (B1?), men området må slåast for å oppretthalde verdien. Det viktigaste er å få vekk graset kvart år. Området kan, når det gjeld kvitkurle, samanliknast med Andeberg, som også er i attgroing og treng slått (men Andeberg er generelt fattigare).

## 45 Kleberget

Kart 1219 I Stranda LQ 968 107 400-460m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 26. september (Holtan, Gaarder og Grimstad), 2000: 5. juli (Holtan og Grimstad) og 5.

september (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Slåtteeng

*Områdeskildring:* Kleberget er ein liten hyllegard vest for Liabygda og Ansok. Grunneigaren, som dreiv med sau i meir enn 30 år, kan fortelje at her aldri har vore gjødsla (så nær som ein småteig), og det synest på plantelivet. Her er store gulaks- og finnskjeggenger med dominante artar som aurikkelsvæve, finnskjegg, smalkjempe og småengkall med kvitbladtistel i fuktige parti.

*Kommentarar til funn:* Sjølv om vi kartla området i innspurten på slåtten, fann vi likevel 79 karplantar, av dei 22 natureng- eller seterplantar (dette er eit høgt tal). Det vart m.a. talt opp om lag 100 marinøklar på nedsida av våningshuset (her var ikkje slått enda). Elles er her ein god del brudespore, noko grov nattfiol og prestekrage, sporadisk også sølvmure, som her er på eller nær yttergrensa si på Sunnmøre. Av 19 beitemarkssoppar var åtte vokssoppar, mellom dei gulfotvokssopp (DC, norsk ansvarsart) og limvokssopp (V). Også den sjeldsynte mjølraudskivesopp (DC) og bronseraudskivesopp (R) var mellom raudlisteartane. Ein skal ikkje sjå bort frå at sopplista kan utvidast mykje i ein betre sesong enn i 2000.

*Konklusjon:* Ut frå heilskapen i området, der ein framleis slær, og ut frå artsrikdomen med fleire sjeldsynte artar og raudlisteartar, valte vi å setje verdien til A<sub>1</sub>, svært viktig. Isolert sett er her ikkje nok artspoeng etter systemet til Jordal og Gaarder (1997) til å seie at her er nasjonal verdi. Verdsetjinga tek såleis omsyn til heilskapen i området. Det er viktig at området i framtida vert hevdta slik som i dag. Det viktigaste er at ei får bort graset kvart år, og at ein unngår tekniske inngrep. Det bør drøftast om eigedomen kan gå inn i ein regional skjøtselsplan for å take vare på dei biologiske verdiane i dei viktigaste områda i denne naturtypen i Storfjordområdet.

## 46 Kvanndalssætra

Kart 1319 III Tafjord MP 095 823 640m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 1. august (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Kvanndalssætra ligg ovafor Ørjasæter, og er ei godt bevart seter i eit ope fjellandskap. Topografien gjer at setra ligg i ei nordvendt gryte, slik at miljøet vert råmerikt, med eit markant innslag av myrplantar eller råmekrevjande artar. Her er rimeleg nok mange fjellplantar, og sjølv om jordsmonnet er kalkfattig, er det døme på meir kravfulle artar i skrentane mot elva (dei er ikkje med på artslista) Beitetrykket er dugande (krøter beita her i 2000).

*Kommentarar til funn:* Av 97 karplantar på eller ved bøane, er 16 natureng- eller seterplantar (eit bra høgt tal). Typiske seterplantar er t.d. aksfrytle, brearve, dvergråurt, fjellarve, fjellaugnetrøst, fjelltimotei, grønkurle, setergråurt og trefingerurt.

*Konklusjon:* Det vart ikkje leita etter beitemarkssopp. Vi sette verdien til lokal, men det er klart at ein godt kan få høgre verdi ved betre undersøkingar (særleg sopp) ved eit seinare høve. Det er eit stort pluss at området i dag vert hevdta med beiting. Dei kulturhistoriske verdiane kjem ikkje til uttrykk ved verdsetjinga.

## 47 Langlofonna

Kart 1219 I Stranda LQ 867 092 510m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 1. oktober (Oldervik), 2000: 5. juli (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Langlofonna ligg heilt vest på nordsida av Hevsdalen. Området er fuktig, og er dels prega av bakkemyr. Det er i dag i attgroing (sølvbunketuver og bjørnemosar). Typisk er elles gulaksenger og mykje engsoleie. Her går nokre sauvar på beite (på heile denne sida av Hevsdalen), men det har tydeleg liten innverknad i høve til attgroinga.

*Kommentarar til funn:* Av 39 karplantar er sju natureng- eller seterplantar, alle vidt utbreidde og vanlege artar. Det vart vidare funne sju beitemarkssoppar, av desse er fem vokssoppar.

*Konklusjon:* Området har berre liten eller lokal biologisk verdi.

## **48 Langloreiten**

Kart 1219 I Stranda LQ 915 107 210m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 22. september (Oldervik)

Naturtype: Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Langloreiten ligg etter måten nær busetnaden i Stranda. Det vart ikkje teke planteliste, slik at den delen kan vi ikkje seie noko om. Oldervik kan fortelje at bøen er svært godt beita av sau (men no har brukaren seld sauene). Tidlegare har her vore dyrka både korn og potet. I seinare tid har her vore noko kunstgjødsela fram til 1990.

*Kommentarar til funn:* Av sju påviste beitemarkssoppar er seks vokssoppar. Alle er vanlege og vidt utbreidde artar.

*Konklusjon:* Området har lokal biologisk verdi. Det er naudsynt med nærmere undersøkingar for å sjå på plantelivet. Det er også ønskjeleg å leite etter fleire beitemarkssoppar i ein god soppesong.

Ein del av innmarka på Langlogardane er i dag regulert til bustadføremål. Det er ønskjeleg at ein tek vare på ein av dei grøna oasane i nærleiken av Stranda, t.d. denne bøen, men her må skjøttast dersom området skal nyttast til undervisning eller anna.

## **49 Liasætra**

Kart 1219 II Geiranger LQ 859 036 410m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 22. september (Oldervik), 2000: 22. september (Holtan og Grimstad)

Naturtype: Slätteeng

*Områdeskildring:* Liasætra ligg i Habostaddalen, på hi sida av elva i høve til Habostadsætra. Området er lite, og i grunnen svært prega av attgroing. Som vanleg er det kraftig tuvedanning, med sølvbunke-harestorr- og finnskjeggtuver i vekslande dominans. Beitetrykket synest vere lågt.

*Kommentarar til funn:* Det vart berre registrert 23 karplanter, av desse mikroskopiske tre natureng- eller seterplantar. Alle karplantane, og dei seks beitemarkssoppane (alle er vokssoppar) som vart funne, er svært vanlege og vidt utbreidde artar.

*Konklusjon:* Området har liten eller lokal biologisk verdi.

## **50 Litlegjerdet (Hellesylt) Bygdetun**

Kart 1219 II Geiranger LP 878 861 100m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: juli (Holtan og Grimstad) og 6. september (Gaarder og Jordal)

Naturtype: Slätteeng

*Områdeskildring:* Tunet ligg om lag der Langedalselva og elva frå Sunnylvsomskreddalen møtest. Egedomen med slätteenga er eigd av Stranda kommune. Området har ein del fukteng, m.a. med mykje kvitbladtistel og noko mjødurt. Av 36 plantar er 14 natureng- eller seterplantar, mellom dei noko brudespore og grov nattfiol. Plantelista er ikkje fullstendig. Elles er både karplantar og soppar (seks beitemarksartar, av dei fire vokssoppar) vanlege og vidt utbreidde artar.

*Kommentarar til funn:* Av soppane vart limvokssoppen (V) det beste funnet.

*Konklusjon:* Området har berre lokal verdi, men ein skal ikkje sjå bort frå at ein kan finne fleire artar, både av sopp og karplantar, som kan endre denne vurderinga. Det bør undersøkjast nærmere.

## **51 Litlesætra**

Kart 1219 I Stranda    LQ 870 052 370m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 22. september (Oldervik), 2000: 22. september (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Ytst i Habostaddalen ligg Litlesætra, og ho er diverse kraftig attgrodd. Her er kraftige tuver med t.d. finnskjegg og harestorr i tillegg til store felt med stornesle og kvitbladtistel. Beitetrykket synest å vere lågt eller tilfelleg slik det ser ut i dag.

*Kommentarar til funn:* Av berre 23 registrerte karplantar var smålåtne fem av dei natureng- eller seterplantar. Dei seks beitemarksoppene som vart funne er også alle vanlege og vidt utbreidde artar.

*Konklusjon:* Litlesætra har berre liten eller lokal biologisk verdi.

## **52 Ljøsætra**

Kart 1219 II Geiranger LP 912 903 540m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 5. oktober (Oldervik)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Ljøsætra ligg på ein soleksponert ”benk” ovafor Ljøen (tyskaren, under siste verdskrigen, er ansvarleg for den fine vegen til fjells). Setra er svært godt beita (kan hende for godt?), og ved Oldervik sitt besøk i oktober 1999 gjekk framleis ein hest i området.

*Kommentarar til funn:* Her er ikkje opplysningar om planteliv. Av sopp vart det funne seks beitemarksartar (tre vokssoppar), mellom dei raudlisteartane glasblå raudskivesopp (DC) og gulfovksopp (DC, norsk ansvarsart). Oldervik meiner at det er potensielle for fleire artar i ein nokolunde normal soppesong.

*Konklusjon:* Vi sette verdien til lokal, men ein skal ikkje sjå bort frå at den kan endrast ved nærmare undersøkingar ved seinare høve.

## **53 Mesætra**

Kart 1219 II Geiranger LQ 877 013 450m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 6. juli (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Mesætra ligg ytst i Strandamolskreddalen, og er i grunnen heilt attgrodd.

*Kommentarar til funn:* Slik det såg ut på staden, tok vi ikkje planteliste. Vi såg heller ingen grunn til å sjå etter beitemarksoppar seinare i sesongen, til det har attgroinga kome for langt.

*Konklusjon:* Området har berre små biologiske verdiar.

## **54 Myklebustsætra**

Kart 1219 II Geiranger LQ 885 021 420m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 27. og 28. september (Oldervik), 2000: 1. juli (Holtan og Grimstad) og 6. september

(Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Dette er den ytste av setrane i Strandamolskreddalen. Rundt sjølve stølen er det ein del sølvbunkeeng, elles er det ulike gulaksutformingar som dominerer i lag med fukteng og noko bakkemyr (mykje bekkeblom, gråstorr, skogsnelle og slåtttestorr her). På vestsida er de tuver med sølvbunke og mykje firkantperikum.

*Kommentarar til funn:* Av 67 karplantar er 16 natureng- eller seterplantar, altså eit brukande høgt tal. Mellom desse må nemnast marinøkkel, som er sjeldsynt i seterlandskapet i dag. Dei resterande er alle vanlege og vidt utbreidde artar. Av 15 beitemarkssoppar (av dei heile 10 vokssoppar) må trekkjast fram det einaste funnet i Stranda av den sjeldsynte skifervokssopp (DC) og den litt vanlegare glasblå raudskivesopp (DC).

*Konklusjon:* Området vurderast til å ha lokal verdi, men det må seiast at det skal lite til av nye funn (helst sopp) før ein kan få regional verd (B<sub>1</sub>). Nærare undersøkingar er ønskjelege.

## 55 Norangsdalen: rasmark

Kart 1219 II Geiranger LP 822 898 310m o.h. Landskapsregion: 22. Vestlandets midtre fjordbygder

Undersøkt: 1994: 14. september (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Dette er eit stort snøraspåverka område med meir høgt gras enn på Ørsta-sida. Beitetrykket er lite her, og snørasa er dermed den viktigaste faktoren som held engvegetasjonen ved lag.

*Kommentarar til funn:* Vegetasjonen var relativt artsfattig og triviell, og det fanst omtrent ikkje beitemarkssopp.

*Konklusjon:* Berre liten verdi.

## 56 Rindalsstølen

Kart 1219 II Geiranger LP 867 913 441m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 6. oktober (Oldervik), 2000: 1. juli (Holtan og Grimstad) og 6. september (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Dette er ein av dei tre stølane vi vitja inst i Sunnylvs molskreddalen. Delar av området kan minne mykje om bakkemyr, elles går det i gulakseng med mykje engsoleie og blåbærtuver. Hist og her er det oppslag med sølvbunke. Beitetrykket er overmåte godt, og det er mykje geiter og sauver på alle bøane i dalen. Geitefjøsen er framleis i drift.

*Kommentarar til funn:* 12 av 58 påviste karplantar er natureng- eller seterplantar. Det vart berre funne fire beitemarkssoppar. Både desse og plantane er alle vanlege og vidt utbreidde artar.

*Konklusjon:* Isolert sett har Rindalsstølen berre små eller lokale biologiske verdiar. Som peika på ovafor (sjå 30 Bygdastølen og 54 Strandamolskreddalen) kan dalbotnen, dersom ein ser områda i samanheng, ha regional verdi dersom ein legg den levande drifta til grunn.

## 57 Ringstadsætra: Lånastølen og Øygardsstølen

Kart 1219 I Stranda LQ 897 088 480m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 23., 28. og 29. september (Oldervik), 2000: 5. juli (Holtan og Grimstad) og 5. september (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Desse to er handsama under eitt, då dei heng mest i hop. Dei ligg heilt aust i Hevdalen attmed ei gammal skytebane. Området er stort, med innegjerda setrar og ein del hytter. Her er både sølvbunkeenger (med noko myrtistel), lyngmark, skogkantar og fuktenger. Elles går det i gulaksenger og finnskjeggtuver. Her er høg mosedekning. Beitetrykket er brukande, og i dag går her både storfe og sau.

*Kommentarar til funn:* Av 74 karplantar er 21 natureng- eller seterplantar. Dette er eit svært høgt tal. Alle er for så vidt vanlege artar. Av 23 beitemarkssoppar (av dei 12 vokssoppar) er heile seks oppførde på raudlista, alle som omsynskrevjande (DC). Her er både den nokså vanlege glasblå raudskivesopp, den svært sjeldsynte lillabrun raudskivesopp, den sjeldsynte mjølraudskivesopp og den uvanlege *Entoloma*

*atrocoeruleum* mellom raudskivesoppane. Av vokssoppar finn vi m.a. dei raudlista musserongvokssopp og raudskivevokssopp. Området er såleis saman med Espehjelle det beste området for beitemarkssopp i Stranda etter kva undersøkingane har avdekkja til no.

*Konklusjon:* Vi valte her å setje mogleg nasjonal verdi, A1?, ut frå artsrikdom og driftsform i kombinasjon med mange sjeldsynte artar. Soppfloraen bør undersøkjast betre.

## 58 Storsætra

Kart 1319 III Tafjord MP 078 873 380m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 29. juni (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Storsætra ligg ytst i Vesteråsdalen, nær Storsæterfossen. I hovudsak er vegetasjonen gulakseng, men med store attgrodde felt på oversida av stølen (lynghei, mykje hoggorm her!). Spreidd er her også attgroing med sølvbunke. Elles går det i myrtistel og nokre felt med tyrihjelm. Sist i juni beita om lag 35 sauer på seter- vollen, slik at beitetrykket tidleg i sesongen må seiast å vere godt.

*Kommentarar til funn:* 14 av 67 karplantar på setra er natureng- eller seterplantar, altså eit medels høgt tal. Mellom dei finn vi m.a. dvergjamne, gjeldkarve og grønkurle. Alle artane er vanlege. Det vart ikkje leita etter sopp i 2000. Ein skal ikkje sjå bort frå at her kan finnast ein del slike.

*Konklusjon:* Området har liten eller lokal biologisk verdi, men bør undersøkjast grundigare.

## 59 Sunnylvsmolskreddalen

Kart 1219 II Geiranger LP 869 909 420m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 27. september (Oldervik), 2000: 1. juli (Holtan og Grimstad) og 6. september

(Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Dette er ein av dei tre stølane i Sunnylvsmolskreddalen som framleis kan seiast å vere hevda nokolunde brukande. Området minner mest om ei sigevassli med store bakkemyrar (myrmaure, slåttestorr og tepperot er vanlege artar her). På tuver som stikk opp domineras vegetasjonen av røsslyng-, finnuskjegg- og blåbærtuver. Elles går det mykje i gulakseng, med berre få og små innslag av attgroingselement (som tuver av sølvbunke), men med ein del brennesle i samband med bygningane (mest all brennesle på stølane i Stranda står i samband med bygningar, truleg av di dyra har ein tendens til å samle seg her og syte for god gjødsling).

*Kommentarar til funn:* Det vart ikkje registrert soppar i 2000. Av 49 karplantar, er ni seter- eller naturengplantar, alle vanlege og vidt utbreidde artar.

*Konklusjon:* Isolert sett har stølen små eller lokale biologiske verdiar. Dersom ein ser lokalitetene i samanheng med dei to andre stølane øvst i Sunnylvsmolskreddalen, vil vi likevel hevde at området totalt sett har regional verdi, ikkje minst sett på bakgrunn av at her er eit dugande beitetrykk i tillegg til ein levande geitefjøs. Dette er kulturhistoriske verdiar som trekk opp, men det har også innverknad på dei biologiske verdiane.

## 60 Svefonna

Kart 1219 I Stranda LQ 877 050 400m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 2. oktober (Oldervik), 2000: 23. september (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Svefonna ligg på ei nordvendt aksel ytst i Habostaddalen. Det er ei gammal setergrend med mange bygningar (også hytter). Boane er mellom dei største og best beita av dei områda vi undersøkte i kulturlandskapet i 2000. Beitetrykket er røynleg så høgt at det var visse vanskar i høve til

plantelista. Området er i attgroing berre i ein skilde kantsoner (lynghei og finnskjegg), elles ser ein at her er svært mykje myrtstel (planten er grei å kvitte seg med, dersom ein går inn for det då han er toårig).

*Kommentarar til funn:* Den seine datoene forklarar vel at vi berre fann 35 planteartar (berre fem av desse var natureng- eller seterplantar). Av 16 beitemarkssoppar var heile 10 av dei vokssoppar. Det vart funne to raudlisteartar, glasblå raudskivesopp (DC) og den til vanleg sparsame musserongvokssoppen (DC). Dei andre er alle vanlege og vidt utbreidde artar.

*Konklusjon:* Sjølv om vi skulle ønskt oss fleire funn på artssida, valte vi likevel å setje verdien til regional, B<sub>1</sub>. Dette kan m.a. grunngjenvæst med at området framleis er godt hevda. Det har heller ikkje vore særleg mykje gjødsela, og det er alltid ein føremoen i høve til biologiske kvalitetar i kulturlandskapet. Eit unnatak er, etter kva ein av grunneigarane kan fortelje, ein småteig som i si tid var fulldyrka.

## 61 Uksagsætra

Kart 1219 I Stranda LQ 950 043 450m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 2. oktober (Oldervik), 2000: 27. juli (Holtan, Grimstad og Oldervik)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Uksagsætra (Opshaug- heiter ho vel eigentleg) ligg ved Vassetvatnet om lag 4km nord for Sandvika. Setervollen er i det store og heile attgrødd med finnskjeggtuver. Elles er her ein del søyleeiner og mykje strø. Berre små areal kan seiast å vere godt beita, og då vi var her såg vi fem sauar.

*Kommentarar til funn:* Av 39 karplantar er 12 natureng- eller seterplantar. Av beitemarkssoppar finst m.a. dei omsynskrevjande glasblå raudskivesopp (ganske vanleg vorten) og lillabrun raudskivesopp (dette er ei sjeldsynt art). Elles er alt anna vanlege artar. Ein får likevel merke seg at det vart funne ni ulike vokssoppar, som er eit medels høgt tal.

*Konklusjon:* Området har berre lokal verdi som naturbeitemark.

## 62 Uksviksætra

Kart 1219 I Stranda LQ 944 055 420m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 7. oktober (Oldervik)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Uksviksætra (heiter vel eigentleg Opsvik-) ligg om lag midt mellom Damfargrova og Fonngrova, og er eksponert mot aust. Det vart diverse ikkje teke planteliste, slik at det er vanskeleg å uttale seg om den biten. Etter kva Finn Oldervik kan fortelje, er her eit godt beitetrykk (i 1999) med kukrøter.

*Kommentarar til funn:* Av 16 beitemarkssoppar (same som for Uksagsætra) er heile 11 vokssoppar. Dette er eit bra høgt tal. Mellom dei finn vi raudlisteartane glasblå raudskivesopp (DC), limvokssopp (DC), musserongvokssopp (DC) og raudskivevokssopp.

*Konklusjon:* Sjølv om forfattarane ikkje vitja området, ser det likevel ut til at verdien kan vere regional (B<sub>1</sub>). Det er ønskjeleg med nærmare undersøkingar.

## 63 Vassetsætra

Kart 1219 I Stranda LQ 946 040 460m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 1999: 2. oktober (Oldervik), 2000: 27. juli (Holtan, Grimstad og Oldervik)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Vassetsætra ligg noko myrlendt ved Vassetvatnet. Her er t.d. store finnskjeggenger og noko betre beitetrykk enn på nabostolen (Uksagsætra), med ein god del sau.

*Kommentarar til funn:* Det vart funne berre 36 karplantar, av desse er ti natureng- eller seterplantar. Når det gjeld beitemarkssopp, var det berre funne fem slike, alle vanlege og vidt utbreidde artar.

*Konklusjon:* Vassetsætra har berre liten biologisk verdi, men bør undersøkjast betre, særleg med omsyn til soppfloraen.

## **64 Vinsåssætra**

Kart 1319 III Tafjord MP 080 847 520m o.h. Landskapsregion 23, indre vestlandsbygder

Undersøkt: 2000: 28. juni (Holtan og Grimstad), 3. august (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Naturbeitemark

*Områdeskildring:* Denne ligg ved Vinsåsskredene litt nord for Ørjasætra. Det kan sjå ut som om fonna frå tid til anna kjem heilt ned på bøen. Området er noko prega av attgroing, med artar som einer, stornesle, strutsveng og tyrihjelm som dominantar i den leia. Sjølv om det går nokre sauер i området, er beitettrykket alt for lågt til å hindre attgroing.

*Kommentarar til funn:* Setra er etter måten artsrik når det gjeld karplantar. Av 76 slike, er 16 natureng- eller seterplantar, alle vanlege og vidt utbreidde artar. Ein får likevel merke seg funn av lækjevintergrøn, som er uvanleg på Sunnmøre. Det vart ikkje leita etter beitemarkssopp i 2000.

*Konklusjon:* Området har minst lokal biologisk verdi. Ein skal ikkje sjå bort frå at verdien kan justerast oppover ved nærmare undersøkingar seinare (sopp).

## 5.4 Fjellområde

Skogen (1971) gjev ei oppsummering av kartlagde område i Tafjord-Grotli området (24 område). Av desse ligg tre i Stranda (Djupvatnet, Heldalseggen og Kolbeinsdalen), resten er anten i Norddal eller Skjåk. Undersøkingane hans er frå åra 1962-1970. Han har også undersøkt Stavbrekka og Rundegga (1979, 1981) lengst aust i kommunen. Områdeskildringane for desse lokalitetane skriv seg såleis frå Skogen sitt feltarbeid (altså litteraturstudiar for vår del).

Slik som i dei sørvende rasmarkene er her ei rad område som er vanskeleg tilgjengelege og rett og slett farlege å kartlegge. Dette gjeld særleg dei bratte nordhenga. Kalkrike fjellområde, slik som ein spør etter i DN-handboka, er det vel mest ikkje i Stranda. Dei undersøkte områda (også nokre av Skogen sine) har likevel innslag av baserik grunn, og det vart funne ei rad sjeldsynte artar (og ein raudlisteart). Grunnen til at vi her har gått litt utanfor føringane i DN-handboka for dei naturtypane det er tale om her, er eigne røynsler i høve til å finne artsrike utformingar ut frå kart- eller feltstudiar av topografien.

Det er t.d. ein samanheng mellom rike nordheng og funn av den svært sjeldsynte stivsildra, og likeeins ein samanheng mellom medelsrike bakkemyrar i fjellet og funn av den raudlista kvitcurla (DC). Dette er moment som er heilt oversett i DN-handboka, men det må seiast at det også har vore lite kjent i dei karplantefloraer som er i handelen.

Alle områda i Geirangerfjella er elles med i framlegget om landskapsvern.

**Tabell 12: Oversyn over kartlagde fjellområde**

Nr	Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd (m o.h.)	Kunnskap	Verdi
65	Djupdalen - Dalsnibba	Kart 1319 III Tafjord, MP 09-11, 81-82	1000-1400	God	B <sub>1</sub>
66	Djupvatnet	Kart 1319 III Tafjord, MP 115 793	1016-1500	God	C
67	Geitfjellet	Kart 1219 II Geiranger, LP 999 909	Frå 900	God	C
68	Grinddalen	Kart 1319 III Tafjord, MP 105 857	Frå 900	God	B <sub>1</sub>
69	Gråsteindalen	Kart 1319 III Tafjord, MP 074 908	900-1100	God	C
70	Helldalsegga, sørsida	Kart 1319 III Tafjord, MP 140 810	1126-1570	God	C
71	Kolbeinsdalen	Kart 1319 III Tafjord, MP 160 820	1050-1150	God	C
72	Liahornet - Nyken	Kart 1219 I Stranda, MQ 036 106	800-100	God	B <sub>1</sub>
73	Middagsnibba	Kart 1219 II Geiranger, LP 850 777	800-100	God	B <sub>1</sub>
74	Ringsetkloven	Kart 1219 I Stranda, LQ 977 153	800-1200	Medels	C
75	Rundegga	Kart 1319 III Tafjord, MP 12, 79-80	Ca. 1300	God	C
76	Stavbrekka	Kart 1319 III Tafjord, MP 13-15, 77	1000-1500	God	A <sub>1</sub>
77	Vesteråsdalen	Kart 1319 III Tafjord, MP 09-10, 87-88	Frå 800	God	C

### 65 Djupdalen - Dalsnibba

Kart 1319 III Tafjord, MP 09-11, 81-82, 986-1400m o.h. Dato: 2000: 1. august (Gaarder og Jordal) og 17. august (Grimstad, Holtan og Jordal)

*Naturtype:* Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Det vart valt å avgrense heile området frå vestsida av Dalsnibba (1476m o.h.) innover til den nordvendte lia ved Bjønnstigvatnet (986m o.h.). Området strekk seg såleis 3.5km frå vest mot aust, med ein høgdeskilnad på om lag 400m. Topografien varierar mykje, her er stup, overheng og berghyller, grov blokkmark, rasmark og vindslitne rabbar i blanding med snøleie og engsamfunn. Myrflekkar finst rett vest for vatnet. Ein god del sauer beitar i området. Vegetasjonen dekkjer fleire typar, både seine fattige snøleie med t.d. brearve, dvergmjølke, dvergsoleie og trefingerurt, rike heng med mange av sildreartane, fattige bregnesamfunn i søkk eller blokkmark og dvergbusksamfunn på rabbar.

*Kommentarar til funn:* I dei slakkaste delane, ved råsa inn til Kvannndalsvatnet, finst fleire av dei karplantane som er nær vestgrensa si, t.d. bergveronika, bleikvier, gullmyrklegg, setermjelt og snösøte.

Saman med artar som dvergjamne, jáblom og trillingsiv m.fl., utgjer dei eit element med baserik grunn. I dei henga der det var råd å kome til, vart dei fleste sildreartane funne, mellom dei den sjeldsynte stivsildra, gjerne saman med mykje fjellsmelle, jáblom, raudsildre og svarttopp, spreidd også gullmyrklegg, gul-sildre og tuvesildre m.fl., alle artar som borgar for ein baserik grunn. Funn av fjellkvitkurle er også interessant, då denne på Sunnmøre er vesentleg meir sjeldsynt enn den raudlista kvitkurla. Elles er jervrapp og vardefrytle er artar som også er sparsame hjå oss.

*Konklusjon:* Området er stort, variert og etter måten artsrikt (drygt 140 noterte karplantar, det vart elles teke tre artslistar -nær toppen av Dalsnibba, nordaustsida av Dalsnibba og området mot Kvann-dalsvatnet og nordhenga her- som er slegne saman i artsoversynet lenger bak), med fleire sjeldsynte artar, nokre av dei nær vestgrensa. Ut frå dette valte vi å setje verdien til B<sub>1</sub>, viktig.

## 66 Djupvatnet

Kart 1319 III Tafjord, MP 115 793, 1016-1500m o.h. Dato: 1962-1971 (Skogen 1971)

*Naturtype:* Sør vendte berg og rasmark

*Områdeskildring:* Avgrensinga er frå austenden av Djupvatnet opp til vestsida av Rundegga. Nedst er her fattige snøleie, medan den soleksponerte dalsida har ein del finmateriale og urterike grasbakkar.

*Kommentarar til funn:* Nokre vanlege artar som kan signalisere ein flekkvis baserik grunn vart funne, slike som bjønnbrodd, fjellsmelle, fjelltistel, flekkmure, raudsildre, taggbregne, trillingsiv og svarttopp. Elles finst også fjellfiol, som er sparsam lengre vest.

*Konklusjon:* Området har berre avgrensa botaniske verdiar.

## 67 Geitfjellet

Kart 1219 II Geiranger, LP 999 909, frå 900m o.h. Dato: 2000: 2. august (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Nordsida av (Geitfjellet 1615m o.h.) er svært bratt og mykje godt utilgjengeleg. Det har vist seg at det i bratte nordheng kan vere von om å finne sjeldsynte eller sparsame artar, og det var vel grunnen til at ein vågde seg opp under hengja. Stup, overheng, små hyller og renner kjenneteiknar området, med vegetasjon som bit seg fast der han ikkje vert sopt vekk.

*Kommentarar til funn:* Utanom den sjeldsynte stivsildra, er her artar som borgar for ein baserik grunn eller sparsame i Vestfjella, slike som bekkesildre og fjellfrøstjerne. Elles er dei fleste av dei 75 noterte karplantane vanlege artar.

*Konklusjon:* Området har lokal biologisk verdi.

## 68 Grinddalen

Kart 1319 III Tafjord, MP 105 857, frå 900m o.h. Dato: 2000: 1. august (Gaarder)

*Naturtype:* Sør vendte berg og rasmark

*Områdeskildring:* Her vart berga ytst i Grinddalen undersøkt. Området er noko prega av rasmark, elles er det bratte hamrar, overrisla berg og overheng som går att.

*Kommentarar til funn:* Området er artsrikt (145 karplantar notert). Fjellfiol er ein vanleg plante i fjellet, men er sjeldsynt vestover (skal i Stranda vere funnen også ved Nykkjevatnet, Magnar Furset pers. medd.). Elles er her ein del andre som er nær vestgrensa, m.a. bekkesildre, bergveronika, kastanjesiv, snösøte og sotstorr. Baseindikatorar er også slike som härstorr og småsivaks.

*Konklusjon:* Området har minst lokal biologisk verdi. Ut frå artsrikdomen kan ein likevel drøfte om verdien bør setjast til regional (B<sub>1</sub>).

## **69 Gråsteindalen**

Kart 1319 III Tafjord, MP 074 908, 900-1100m o.h. Dato: 2000: 16. august (Grimstad, Holtan og Jordal)

*Naturtype:* Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Dette er eit nordheng ved Møllsvatnet i Gråsteindalen. I underkant av hengen er det grov blokkmark og fattig vegetasjon. På hyller og under overheng er det flust med sildrer, mellom dei den sjeldsynte stivsildra, elles ein del vanlegare artar som gullmyrklegg, fjellsmelle, raudsildre, rynkevier og svartstorr osb.

*Kommentarar til funn:* Her er det stivsildre som er av interesse. Dersom ein gjer grundigare undersøkingar i fleire nordheng av denne typen i Stranda, skal ein ikkje sjå bort frå at ein kan finne mange andre lokalitetar med stivsildre. Felles for alle områda ho vart funnen i, er at det berre er tale om få plantar, oftast mindre enn 10.

*Konklusjon:* Området må berre kunne seiast å ha lokal biologisk verdi.

## **70 Helldalseggja**

Kart 1319 III Tafjord, MP 140 810, 1126-1570m o.h. Dato: 1962-1971 (Skogen 1971)

*Naturtype:* Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Avgrensinga gjeld den vestre delen av Helldalseggja (sørekspontert), vestenden av Kolbeinsvatnet og Tertekupa. Øvst er her blokkmark og store snøleie, nedover bratte sva og små hyller med rikt lausmateriale. Her er også rasmark.

*Kommentarar til funn:* Bjønnkam har her sine høgste førekomstar i Skandinavia. Elles vart det funne berre vanlege artar, nokre av dei signaliserar god grunn, t.d. flekkmure, fjellsmelle, fjelltistel, svarttopp og trillingsiv. Elles er her artar som fjellfiol, fjelltjøreblom og vardefrytle (denne er nær vestgrensa).

*Konklusjon:* Området har berre avgrensa botaniske verdiar.

## **71 Kolbeinsdalen**

Kart 1319 III Tafjord, MP 160 820, 1050-1150m o.h. Dato: 1962-1971 (Skogen 1971)

*Naturtype:* Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Dalbotnen kring nordaustenden av Kolbeinsvatnet og Kolbeinsåna er avgrensa her (altså delvis i Skjåk). Her er tynt morenedekkje og fluivialavsettingar (avleiringar frå rennande vatn) med etter måten langvarig snødekkje. Nokre sauher skall beite i området (Skogen 1971).

*Kommentarar til funn:* Berre vanlege og vidt utbreidde artar vart funne av Skogen, t.d. fjellsmelle, fjelltistel, gulsildre, svarttopp og trillingsiv m.fl. og den sparsame vardefrytle.

*Konklusjon:* Området har berre avgrensa botaniske verdiar.

## **72 Liahornet-Nyken**

Kart 1219 I Stranda, MQ 036 106, 800-1000m o.h. Dato: 16. august (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Under Blåtinden, mellom Nyken og Trollkyrkja, er det parti med rabbar, blokkmark og bakkemyr (finnskjeggenger). Her er også innslag av fjellenger, og nokre sauher beitar i området. Alt i alt er her artsfattig, men på myrflekkane er det innslag av rikmyrsartar som bjønnbrodd, dvergjamne, gullmyrklegg, gulsildre, gulstorr og svarttopp. Spreidd står også ein del kvitkurle (DC).

*Kommentarar til funn:* Til liks med fleire av dei andre myrområda vi undersøkt over skoggrensa, er også her altså kvitkurle. Elles er det lite å kommentere.

*Konklusjon:* Området kan kanskje, ut frå funn av kvitkurle, reknast som viktig (B<sub>1</sub>).

## **73 Middagsnibba**

Kart 1219 II Geiranger, LP 850 777, 800-100m o.h. Dato: 2000: 13. august (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Her vart det avgrensa ei lita bakkemyr under Middagsnibba i Røyrhusdalen. Grunnen til at vi granska området, er førekostane av anortositt (Lutro m.fl. 1998). Vegetasjonen er i hovudsak fuktige enger med finnskjegg og bjønnskjegg som dominerande artar, elles innslag av "rikmyrsartar" som bjønnbrodd, dvergjamne og svarttopp. Spreidd står her også noko kvitkurle (DC).

*Kommentarar til funn:* Vi hadde vona å finne kvitkurle her, og utan ho hadde det ikkje vore på tale å avgrense denne vesle flekken. Det har vore dårleg kjent at arten veks i slike miljø, og ein skal ikkje sjå bort frå at ein kan kome over fleire førekoststar ved nærmare undersøkingar i fattige til medelsrike bakkemyrar over skoggrensa.

*Konklusjon:* Området kan kanskje reknast som viktig (B<sub>1</sub>).

## **74 Ringsetkloven**

Kart 1219 I Stranda, LQ 977 153, 800-1200m o.h. Dato: 2000: 26. juli (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Folkestad (1976) peikar på at det skal vere kalkinnslag ved Ringsetkloven. Vi undersøkte overflatisk det austvende området under Jolgrøhornet. Her er bratte berg og sva, med fattig bregnevegetasjon og dvergbuskar på oppstikkande rabbar. Sjølv om vi ikkje fekk tid til å gå over alt slik vi ønskte, fann vi ein del artar som kan tyde på rikare berggrunn eller gode grortilhøve, t.d. bergveronika, dvergjamne, gullmyrklegg, gulsildre, raudsildre, rynkevier, svartstorr og svarttopp.

*Kommentarar til funn:* Bergveronika, gullmyrklegg, rynkevier og svarttopp er her svært nær vestgrensa (sjå t.d. Nordhagen 1968).

*Konklusjon:* Området har truleg lokal verdi, men ein skal ikkje sjå bort frå at grundigare undersøkingar seinare vil avdekkje nye, interessante funn. Ut frå dei røynslene vi gjorde andre stader i kommunen, er det t.d. aktuelt å undersøke nordhengja (men dei ligg i Stordal).

## **75 Rundegga**

Kart 1319 III Tafjord, MP 12, 79-80, om lag 1300m o.h. Dato: sommaren 1978 (Skogen 1981)

*Naturtype:* Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Området vart undersøkt av prof. Arnfinn Skogen (Skogen 1981) sommaren 1978, og alle funn og skildringar skriv seg såleis frå undersøkingane hans. Her gjeld det den nordaustlege skråninga på Rundegga, ned mot Kolbeinsvatnet (1126m o.h.). Vegetasjonstypene på fjellet skal vere overrisslingsenger, fuktheiar og fragment av myr. Dominerande artar i dvergbusksjiktet er slike som blåbær, kreling og musøyre, men også bjønnkam, bleikmyrklegg og blåtopp er vanlege artar. Vegetasjonen og jordsmonnet har elles eit vestleg (suboseanisk) preg, med ein del bjønnkam, geitsvingel, skrubbær, smørtelg og gråmose.

*Kommentarar til funn:* Området er avgrensa på grunn av Skogen sine funn av hengjefrytle, som her er nær si absolute vestgrense etter det ein kjenner til. Dette er ein bisentrisk (bisentriske artar finst i sørnorske fjellområde, med ei stor luke til dei nordnorske førekostane, nokre av artane finst likevel vidare austover til Sibir, evt. også på Svalbard. Dei er viktige i drøftinga om vandringa til plantane etter siste istida) fjellplante, som i Sør-Noreg har sine vestlegaste førekoststar i indre Sogn (Skogen 1981) utanom funna ved Rundegga.

*Konklusjon:* Området ved Rundegga er eit artsfattig og trivielt område. Det har såleis truleg berre lokal verdi. Hengjefrytle trekk verdien opp.

## 76 Stavbrekka

Kart 1319 III Tafjord, MP 13-15, 77, 1000-1500m o.h. Dato: ? (Skogen 1979)

Naturtype: Sør vendte berg og rasmark

*Områdeskildring:* Området er grundig undersøkt og skildra av prof. Arnfinn Skogen (1979). Skogen peikar på at Stavbrekka ”er en av distriktets rikere fjellplanteforekomster.....Stavbrekkene føyer seg inn som den tredje rike fjellplantelokaliteten på Sunnmøre.....” (dei to andre er Daurmålshaugane og Storefjellet i Norddal). Området er delvis også botanisert av Ove Dahl, som m.a. fann den isolerte førekomensten av rabbestorr, men ”ellers kun sædvanlig høifjellsflora” (Dahl 1893: 32).

Generelt er denne delen av Geirangerfjella påverka av både oseaniske luftstrømmar frå vest, og kalde austlege vindar om vinteren. Her er dvergbuskrabbar på framstikkande berg og morenar, artsfattige bregnesamfunn i søkk og rasmark, engsamfunn og myrfragment. Topografisk er her grov blokkmark, svaberg og stup, øvst også slakkare parti.

*Kommentarar til funn:* I Stavbrekka er det i alt funne 88 ”fjellartar”, noko som er eit høgt tal her i ”Vestfjella”. Etter det ein veit, har fleire av desse nokså isolerte førekomstar her, m.a. fjellnøkleblom, gullrublom og rabbetust. Mange av dei andre er sjeldsynte lengre vest eller er om lag på vestgrensa, m.a. bekkesildre, bergrublom, bergveronika, fjellbakkestjerne, grannsildre, rabbestorr, setermjelt, snösildre, snösøte, tuvearve og tuvesildre m.fl.

*Konklusjon:* Ut frå dei funna som Skogen (1979) skildrar inngående, må verdien her setjast til svært viktig (A<sub>1</sub>). Området ligg delvis i Skjåk.

## 77 Vesteråsdalen

Kart 1319 III Tafjord, MP 09-10, 87-88, frå 800m o.h. Dato: 2000: 3. august (Gaarder og Jordal)

Naturtype: Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* To område, dei stupbratte fjellsidene under høvesvis Blåfjellet (nordheng) og under Storskredfjellet (sørberg og rasmark) vart undersøkte. Begge områda er svært bratte, og karakteriserast ved til dels overhengjande berg, hamrar og hyller, med mest sigevatn på avsolsida.

*Kommentarar til funn:* På solsida, under Storskredfjellet (i alt drygt 100 karplantar), veks dvergmispelen røynleg i 1000m høgd. Grønburknen her er vel det einaste funnet utanom dei som veks på olivin ved Liane. Elles kan nemnast sparsame artar (nokre av dei nær vestgrensa) som bergveronika, flekkmure, kastanjesiv, marinøkkel, snösøte, sotstorr og stivsildre.

På avsolsida, under Blåfjellet (i alt knapt 100 karplantar), er det også ein del sparsame eller sjeldsynte artar, t.d. bleikvier, fjellfrøstjerne (sparsam på Sunnmøre), hårstorr, snösøte, stivsildre, tuvesildre og ullvier. Alt i alt er områda etter måten artsrike dersom ein legg høgda til grunn.

*Konklusjon:* Områda har lokal botanisk verdi, ut frå artsutvalet kan hende regional (B<sub>1</sub>).

## 5.5 Våtmark og myr

Tidlegare er Gråsteinmyra undersøkt (Fylkesmannen 1986). Folkestad (1978) har også nokre ornitologiske registreringar frå Korsbrekkosen, Kjellstadlimyrane og Nibbedalen. Nibbedalen er også med i det gamle naturvernombordet hjå Fylkesmannen (utskrift frå 1989). Naturtypen er uvanleg i låglandet i kommunen, men frå Hellesylt mot Ørsta og Hornindal er det framleis nokre store, delvis intakte område. Det same gjeld inst i Strandadalens (ved Embla).

Vesteråsvassdraget og øvre delen av Bygdaelva (med nedbørssfelt) er mellom dei varig verna vassdraga i Noreg (verneplan IV, vedteken av Stortinget 1. april 1993). Strandengene ved utlaupet av desse vassdraga er også undersøkte tidlegare. Begge desse er såpass påverka av menneskeleg verksemd at dei i dag berre har små til medels biologiske verdiar. I tillegg er dei etter måten artsfattige, med vanlege artar som fjøresivaks, rustsivaks, saltsiv, skjørbuksurt, nokre kveke- og strandmeldevollar og elles eit trivielt artsutval. Korsbrekkosen er foreslått som naturreservat. Her kartla elles heile sju personar det same ålegraset sommaren 2000.

Når det gjeld fossesprøytsone (Q4 etter Fremstad 1997) såg vi berre på dei på avstand. Mest utan unnatak er dei håplause å kartlegge dersom ein ikkje legg opp til å nytte sikringsutstyr, men det må seiast at det er mange område i kommunen ein bør prøve å sjå på ved eit anna høve (Bergejuvet, Brautajuvet, Bringelva, Flydalsjuvet, Friaren, Jufossen, Ljosurdfossen og Syltevikgjølet kan vere aktuelle å kartlegge i ein sesong med noko mindre smeltevatn enn i 2000). Også gjela i Stranda bør vere aktuelle å sjå nærmare på ved eit seinare høve, t.d. Djøvlegjelet, Imbregjelet og ved Syltevik m.v. Dei er bratte, vanskeleg tilgjengelege og farlege utan kliverøynsle og sikringsutstyr.

**Tabell 13: Oversyn over kartlagde våtmarks- og myrområde**

Nr	Områdenamn	Kartblad (M-711) og koordinat	Høgd	Kunnskap	Verdi
78	Fausalia	Kart 1219 I Stranda, LQ 885 162	320-600m o.h.	Medels	A1
79	Fivelstadmyrane	Kart 1219 II Geiranger, LP 820 890	320m o.h.	Medels	C
80	Gråsteinmyra	Kart 1219 II Geiranger, LP 815 792	385m o.h.	God	C
81	Korsbrekkosen	Kart 1219 II Geiranger, LP 892 851	-	God	B1
82	Nibbedalen	Kart 1219 II Geiranger, LP 843 860	290m o.h.	Medels	C
83	Røyrhusdalen <sup>17</sup>	Kart 1219 II Geiranger, LP 834 770	450m o.h.	Medels	C
84	Strandadalens	Kart 1219 II Geiranger, LP 920 950	410m o.h.	Medels	C
85	Tronstadmyrane	Kart 1219 II Geiranger, LP 854 825	300m o.h.	Meldels	C

## 78 Fausalia

Kart 1219 I Stranda, LQ 885 162, 320-600m o.h. Dato: 2000: 12. august (Holtan og Grimstad)

*Naturtype:* Rikmyr / Andre viktige forekomster

*Områdeskildring:* Vi var litt i tvik om vi skulle rekne dette som myr eller skog. Myr er likevel viktigaste naturtypen. Her er i tillegg oppslag av fjellbjørkeskog, spreidd også glissen fureskog (tresett myr). Den vanlegaste myrtypen er medelsrik bakkemyr. Ingen av dei andre kartlagde myrane (eller fjellbjørkeskogene ved Stavseng) i Stranda kan vise til eit så breitt utval av rikmyrsartar. Her finn ei dei alle; bjønnbrodd, breiull, brudespore, dvergjamne, engmarihand, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, jåblom, korallrot, kornstorr, kvitkurle (DC), loppestorr, sennegras, småsivaks, stortviblad (kjent innengrense) og svarttopp. I alt vart det funne om lag 120 ulike karplantar her (skogen medrekna). På Sunnmøre er det eit svært høgt tal for naturtypen.

<sup>17</sup> Også Trondstadmyrane er skildra under Røyrhusdalen.

*Kommentarar til funn:* Funn av solblom (DC) er interessant. Dette vart den tredje store lokaliteten i Stranda for denne truga arten. Her veks truleg 5.000 plantar eller meir. Funna av engmarihand og kvitkurle (DC) er også viktige i høve til avgrensinga.

*Konklusjon:* Same kva ein legg til grunn er dette det viktigaste myrområdet som er funne til no i Storfjord-området. Det er t.d. 25 år sidan siste nyfunn av den på Sunnmøre svært sjeldsynte engmarihanda (Jordal & Gaarder 1998a), og fleire av dei gamle lokalitetane er i dag øydelagde grunna grøfting eller andre inngrep (eigne undersøkingar). Her er også det ein kan vente å finne av rikmyrsartar på Sunnmøre, og det er klart at med kvitkurle og tusenvis av solblom i tillegg til desse må området reknast som svært viktig (A<sub>1</sub>). Det er viktig at ein unngår inngrep av noko slag i heile det avgrensa området (unnateke skjøtsel av kraftlinja som ”deler” området, den skjøtselen bør av omsyn til eit sårbart miljø helst finne stad medan det er frost, heilt typisk veks t.d. engmarihanda under linene). Det er helst fleire hytter eller granplantasjar som kan vere potensielle trugsmål. Lokaliteten var vel det mest overraskande funnet i samband med kartlegginga i Stranda.

## 79 Fivelstadmyrane

Kart 1219 II Geiranger, LP 820 890, 320m o.h. Dato: 2000: 4. august (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Intakt lavlandsmyr

*Områdeskildring:* Øvst i Norangsdalen, attmed Fivelstadhaugen, er det framleis att nokre delvis intakte myrområde. Myra er gjennomskore av riksvegen. Det vart ikkje notert kva utformingar og typar det dreier seg om. Ein kan i alle fall slå fast at plantelivet er trivielt.

*Kommentarar til funn:* Det vart registrert berre om lag 20 karplantar, alle vidt utbreidde og vanlege artar.

*Konklusjon:* Området har lokal verdi. Ein får likevel merke seg at dei meir eller mindre intakte, nokolunde store myrområda som er att i Stranda er viktige m.a. som hekkeplass for vadefuglar (Folkestad 1976).

## 80 Gråsteinmyra

Kart 1219 II Geiranger, LP 815 792, 385m o.h. Dato: 1980: 22. august (Asbjørn Moen)

*Naturtype:* Uspesifisert

*Områdeskildring:* Myra grensar til Hornindal i vest. Her er mange ulike myrtypar, med fattig bakkemyr og flatmyr som dei dominerande.

*Kommentarar til funn:* Ikkje nokon av artane vart nærmare kommentert av Moen, det er tvert om understreka at plantelivet er trivielt.

*Konklusjon:* Myr med store mjukmattesamfunn er ikkje vanleg i denne delen av Noreg. Moen meiner at verdien er knytt til myrtypen, variasjonen på myra og fråverne av tekniske inngrep (vegen unntake). Lokaliteten var i si tid vurdert som aktuell som naturreservat, og kommunen vart oppmoda om å take vare på området etter plan- og bygningslova (Fylkesmannen 1986).

## 81 Korsbrekkosen

Kart 1219 II Geiranger, LP 892 851

*Naturtype:* Strandeng

*Områdeskildring:* Korsbrekkosen er eit av dei få attverande deltaområde på Sunnmøre som er delvis intakt. Elva er eit godt døme på eit medels stort Vestlandsvassdrag som dannar eit fjorddelta med lågliggjande strandenger. Her er strand med skjørbuksurt, enger med fjøresivaks, raudsvingel og saltsiv i tillegg til kvekevollar og gåsemure, eller dei samfunna ein kan vente i denne naturtypen.

Vassdraget er verna oppstraums frå Frøysa (Verneplan IV for vassdrag).

*Kommentarar til funn:* Av 42 karplantar (Holten m.fl. 1986) er saltarve den minst vanlege arten. Den er svert sjeldsynt i indre strok. Elles er det berre vanlege artar. Større funn av ålegras i deltaområdet som i 2001 vart grundig undersøkt.

*Konklusjon:* Området er verna som naturreservat i 2003 (Elveos og havstrand). Verneverdien er knytt til at naturtypen etterkvart har gått sterkt attende og er truga av tekniske inngrep. Ut frå dette skal verdien vere regional, B<sub>1</sub>.

## 82 Nibbedalen

Kart 1219 II Geiranger, LP 843 860, 290m o.h. Dato: 2000: 4. august (Gaarder og Jordal)

*Naturtype:* Intakt lavlandsmyr

*Områdeskildring:* Heile området er avgrensa på austsida av riksvegen, og er ein mosaikk av ulike myrtypar, meandrerande elv med kantsamfunn, også sump. Delar av området er oppdyrka eller grøfta, og her er også nokre plantasjar med gran og sitka. Plantelivet er trivielt, og det vart berre gjort overflatiske registreringar i 2000.

*Kommentarar til funn:* Av drygt 20 registrerte karplantar er ingen uvanlege.

*Konklusjon:* Området har lokal verdi. Ein får likevel merke seg at dei meir eller mindre intakte, nokolunde store myrområda som er att i Stranda er viktige m.a. som hekkeplass for vadalar (Folkestad 1976). Det er også viktig å vere merksam på at myr i låglandet generelt er truga som naturtype grunna ymse inngrep. Det vil ikkje skade å spare området for fleire inngrep.

## 83 Røyrvusdalen

Kart 1219 II Geiranger, LP 834 770, 450m o.h. og kart 1219 II Geiranger, LP 847 814, 310m o.h.

*Naturtype:* Uspesifisert

*Områdeskildring:* Området vart ikkje undersøkt i 2000, men omtalt av Folkestad (1976) i rapporten om friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal (spesiell del, Stranda). Røyrvusdalen er også kort nemnt i naturvernombudet hjå fylkesmannen. Folkestad peikar på Røyrvusdalen og Tronstadmyrene har store, myrlendte område og er omkransa av skog og kratt. Størst verdi har det for vadefuglar, og framleis ser det ut til at her hekkar enkeltbekkasin, raudstilk, storospove og vipe.

*Kommentarar til funn:* Sjølv om plantelivet ikkje er undersøkt, vart det gjort eit par stikkprøvar. Inntrykket er at området er fattig.

*Konklusjon:* Området er viktige helst for vadefuglar, og at naturtypen generelt er truga. Det vil såleis ikkje skade om dei attverande myrområda ein har i Stranda får ligge i fred.

## 84 Strandadalen

Kart 1219 II Geiranger, LP 920 950, 410m o.h. Dato: 2000: 4. august (Gaarder og Jordal)

*Områdeskildring:* Mest interessant her øvst i Embla er at ein har eit stort meandersystem, og det er ein svært sjeldsynt naturtype på Sunnmøre. Her flaummarksskog i kantane, elles sumpar, tjørn og høgstaudeengar i tillegg til nedbørsmyr.

*Kommentarar til funn:* Av drygt 20 registrerte karplantar er ingen uvanlege.

*Konklusjon:* Sjølv om undersøkingane var overflatiske, og området biologisk sett berre har lokal verdi, er det interessant at ein har eit om lag intakt meandersystem i kommunen. Dette bør ein prøve å take vare på slik som det er i dag. Området er viktig for einskilde våtmarksfuglar, både ender og vadalar.

## **85 Tronstadmyrane**

*Områdeskildring:* Området vart ikkje undersøkt i 2000, men omtalt av Folkestad (1976) i rapporten om friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal (spesiell del, Stranda). Folkestad peikar på at både Rørhudsonalen og Tronstadmyrane har store, myrlendte område og er omkransa av skog og kratt. Størst verdi har det for vadefuglar, og framleis ser det ut til at her hekkar enkeltbekkasin, raudstilk, storspove og vite.

*Kommentarar til funn:* Sjølv om plantelivet ikkje er undersøkt, vart det gjort eit par stikkprøvar. Inntrykket er at områda er fattige, men eit par stader er det oppslag av m.a. breiull (t.d. ved skytebana), noko som syner at her kan vere tilfellege innslag av medelsrik bakkemyr.

*Konklusjon:* Det vil gjelde det same her som for dei andre omtalte områda med liten verdi, at dei er viktige helst for vadefuglar, og at naturtypen generelt er truga. Det vil såleis ikkje skade om dei attverande myrområda ein har i Stranda får liggje i fred.

## 6 Skjøtsel eller omsyn?

Skjøtsel og omsyn i forvaltinga av nøkkelbiotopane er i røynda to omgrep med motsett tyding. Medan skjøtsel vil seie inngrep for bevaring av dei biologiske verdiane, meiner ein med omsyn å sjå på kva typar inngrep desse verdiane er sårbare for eller truga av.

I nokre tilfelle vil det vere naudsynt med skjøtsel av nøkkelbiotopar i skog eller i andre naturtypar, og slik er det også i Stranda. I andre tilfelle, i regelen i mange skogsområde, er det betre om lokalitetane får skjøtte seg sjølve, av di kvalitetane er knytt til element som viser *fråvere* av menneskelege inngrep.

Beiting, slått eller skogrydding i utmarksenger og i samband med ugjødsla innmark kan vere svært viktig i høve til å take vare på dei sjeldsynte beitemarksoppane. Utan skjøtsel vil slike område fort gro att, og artane som kjenneteiknar staden går ut, med eit redusert biologisk mangfald som resultat.

Eit anna moment, og eit problem som er aukande, er innslaget av *framande artar*, også i skogsmiljø. I nokre land er dette allereie eit av dei største miljøproblema. I skogbruket og hagebruket gjeld dette særleg artar som bergfuru, buskfuru, bok, edelgran, gran, hemlokk, lerk, nobelgran, platanløn og sitkagran m.fl. I Stranda er det helst spreiing frå gamle plantefelt (gran og sitkagran) utanom platanløna si uforskamma raske spreiing som *kan* utvikle seg til store problem. Det same gjeld også for spreiinga av lupinar i vektantane i kommunen.

Både Miljøverndepartementet (1996-97), Landbruksdepartementet (1998-99), Fremstad & Elven (1996), Holten & Brevik (1998) og Jordal & Gaarder (1998a) gjev denne problemstillinga brei omtale. I samband med undersøkingane frå Skodje og Ålesund (sjå Holtan 1999a, 1999b) kom det også fram at spreiing av bartre (gran og edelgran) og platanløn allereie er i ferd med å verte eit tungt problem i fleire av nøkkelbiotopane. Det same kjem fram i utkastet til verneplan for edellauvskog i fylket (Bugge 1993), særleg i høve til ein lokalitet i Ørskog (platanløn). Det er altså mange og gode grunnar til å take desse problema alvorleg også i Stranda. Rett nok er stoda i augeblinken kan hende ikkje så gale som tilfellet er mange andre stader, men det er klart at ein allereie no bør starte planlegginga i høve til korleis ein kan skjøtte ut desse uønskte artane frå nøkkelbiotopane (og andre stader), og avgrense spreiinga i det heile.

Konkret for gran er det i Møre og Romsdal observert at spreiing i nokre av dei føreslegne naturreservata (edellauvskog) synest vere eit stort og aukande problem (Holten & Brevik 1998: 130). Holten og Brevik føreslår at all gran i edellauvskog gradvis må skjøttast ut, samstundes som ein peikar på at også hogstavfall bør fjernast på grunn av grana si evne til jordforsuring.

Når det gjeld platanløn, er biletet noko verre. Spreiinga hennar er ved å verte eit av dei tyngste trugsmåla mot mangfaldet i dei midtnorske edellauvskogane (Holten & Brevik 1998: 130). Holten og Brevik føreslår at alle fylke med kystline nord til Nord-Trøndelag snarast råd samarbeidar om ein strategi for å utrydde platanløna. Dette vil i så fall krevje store ressursar over lang tid. ”Mortrea”, som syter for spreiinga, finn ein ofte i samband med kyrkjegardar, gamle hagar eller parkanlegg.

Rolf Haxthow (1998), Sykkylven, gjorde elles ferdig hovudfagsoppgåva si på spreiing av platanløn i den kommunen i 1998. Her går det m.a. fram at den klart viktigaste årsaka til spreiing i naturskog er etablering av skogsbilvegar (s. 97-98).

### 6.1 Omsyn

Trangen for omsyn vil i ulik grad vere naudsynt alt etter kva verdiar som finst i den einskilde lokaliteten. Ein må òg tenke seg kva type skogsdrift eller andre inngrep som er aktuelle og realistiske i kvart tilfelle.

I regelen vil det beste omsynet generelt vere å late nøkkelbiotopane ligge urørde, særleg skogsområda (kallast gjerne urskogsmetoden), eller berre skjøtte dei slik som er skissert ovafor.

Dei naturtypane i skog som vil vere mest sårbar for inngrep i Stranda, er truleg dei tørre fureskogane og edellauvskogane. I høve til mange andre treslag veks fura seint, og kvalitetane er i desse områda ofte knytte til eldre tre, både daude og levande. Oftast er det også gamle lauvtre i lokalitetane, og

uttak av gamle tre anten det er bar eller lauv vil såleis vere ein sikker måte å redusere kvalitetane på. Skrint jordsmonn og erosjon er også stikkord her.

Det er også viktig at bekkekloftene, kantvegetasjonen etter bekkar og vassdrag, gammal ospeskog og den fuktige boreale lauvskogen (fjellnær bjørkeskog med høgstaudar som t.d. solblom) ikkje vert utsett for inngrep i nemnande grad. Gammal skog vil vere utsett for endringar i sigevasstraumen, og mange av kvalitetane er knytt nett til råmen, gamle tre eller skogstrukturen i einskildområda.

Dei varmaste liene i kommunen har mange artsrike og særmerkte miljø. Uttak av edellauvtre vil såleis vere klart negativt. Styvde tre står i ei særstilling her. Dei generelle retningslinene for verneskog i fleire kommunar på Sunnmøre seier at ein får sjå til at dei økologiske tilhøva ikkje vert forverra på staden, ein må sikre stormsterke hogstkantar, ein må unngå flathogst på åsryggar og etter bekkar, og ein må *alltid* spare store og særmerkte tre som beitefuruer og gadd osb.

Generelle fleirbruksomsyn kjem sjølv sagt i tillegg til alt dette, likeins særskilde omsyn på landskapsnivå (jfr. Aanderaa m.fl. 1996, side 85) i høve til rovfuglbiotopar og storfugl. Den tredelte forvaltingsmodellen *skogeigarforbundet* sentralt har peika på (Aanderaa m.fl. 1996) skulle vere av interesse også i Stranda. Ein kjem sjølv sagt heller ikkje utanom føresegnene i skogbrukslova, særleg §§ 1, 16, 17a, 17b, og kap. V og VI. Viktigaste føresetnaden i høve til å take dei naudsynte omsyna er likevel at ein mellom grunneigarane og på skog- og landbrukskontoret har gode kunnskapar om det biologiske mangfaldet i naturtypane. Utan denne kunnskapen vil det vere vanskeleg å ha noka formeining om korleis ein skal te seg i så måte.

## 6.2 Framlegg til fleirbruksomsyn i ulike miljø Stranda

- Auke* delen av gammalskog (også fure) og daude tre i alle typar skog.
- Bevaring av *edellauvskog*, også store hasselkratt. Jfr. DN-handboka. Særskild merksemd er det trond for når det gjeld store område med styvde tre eller dokumenterte artsrike utformingar.
- Bevaring av hasselrik fureskog (særleg unngå snauhogst og treslagskifte). Særskild merksemd er det trond for når det gjeld (kalk)fureskog eller dokumenterte artsrike utformingar.
- Bevaring av myr og våtmark, særleg i lægreliggende område, inklusiv flaummarksskog. Unngå snauhogst, grøfting eller treslagskifte i slike område.
- Bevaring av *ospeskog* og grov, gammal osp, særleg i område med dokumenterte høge naturverdiar.
